

MASTEROPPGÅVE

Terror tilpassa barn?

Ei nærlesing av fagbøker for barn om terrorisme

Terrorism adapted for children?

A close reading of children's non-fiction books about terrorism

Oda Johnsen Longvanes

Master i barne- og ungdomslitteratur

Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking

Rettleiar: Anne-Stefi Teigland

15. mai 2018

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, *jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10*

Forord

Eg var ein skikkelig bokorm som lita - ein sånn unge som slukte alle slags bøker, nesten same kva dei handla om, og som stort sett likte alt eg leste. Eg reiste over land og strand med Phileas Fogg, oppdaga filosofien med Sofie, lo av Markus og kjærligheten, lærte å trylle på Galtvort høgare skule for magi og trolldom, gret då Rune døydde, blei fascinert og forundra av "historien om" mellom anna Helen Keller og Elvis, og lærte om kroppen av Trond-Viggo. Eg har lært utruleg mykje om meg sjølv og verda vi lever i gjennom litteraturen, og på grunn av alle desse gode leseopplevelingane vart eg etterkvart til ein bokelskande vaksen.

Det var likevel ikkje gitt at eg skulle ende opp på master i barne-og ungdomslitteratur då eg byrja på lærarutdanninga. Sjølv om eg elskar barne-og ungdomsbøker då eg sjølv var i målgruppa, hadde eg aldri hamna på dette sporet om det ikkje var for dei engasjerte lærarane på norskavdelinga. Gjennom engasjerande undervisning og høgtlesing oppdaga eg denne mangfaldige delen av litteraturen på ny; biletbøkene, romanane, novellene og ikkje minst, fagbøkene. Denne interessa har berre blitt større av undervisninga på masterstudiet, og eg sit att med eit inntrykk av fem utfordrande og givande år på høgskulen.

Eg vil takke veileiar Anne-Stefi Teigland som alltid har vore positiv og gira på prosjektet mitt, sjølv når det gjekk skikkelig treigt. Takk til alle på dei månadlege skriveseminara for gode og konstruktive stunder ilag. Det er ei sann glede å få tilbakemeldingar frå dei dyktige og engasjerte folka frå masterprogrammet i barne-og ungdomslitteratur!

Eg hadde ikkje klart å levere masteren utan hjelp frå min fine familie og gode vener. Takk til mamma, pappa og Ingrid som på ulik måte har bidræge, ikkje minst for hjelpa med den vakre nynorsken. Takk til mine kjære medstudentar og lesesalvener, særleg Lisbeth for støtte i både skjønne og sublime stunder, og Charlotte som aldri tillåt meg å tvile på at prosjektet mitt var viktig. Sist, men viktigast, vil eg takke Ørjan – uansett korleis dette måtte gå, så er eg 100 % lukkeleg for at eg valde nettopp denne masterutdanninga og møtte deg!

Bergen, 15. mai 2018

Oda Johnsen Longvanes

Samandrag

Denne masteroppgåva tek sikte på å undersøke korleis terrorisme vert framstilt i fagbøker for barn. Gjennom ei nærlesing av fire fagbøker med barn som målgruppe, vil oppgåva undersøke korleis forfattarane tilpassar teksten for å gjere denne tematikken forståeleg for ein ung lesar. Ved å bruke teori om terrorisme og knyte dette opp mot ein tekstanalyse, vil oppgåva undersøke både kunnskapsformidlinga og estetikken i fagbøkene.

Undersøkinga tek utgangspunkt i fire fagbøker: *Terrorisme* (2003) av Adam Hibbert, *Terrorisme* (2008) av David Smith, *Det var en gang en sommer* (2013) av Vidar Kvalshaug og *Terror* (2015) av Harald Skjønsberg. Terrorisme er tematisert i alle dei fire bøkene. Tre av bøkene skal gi ei generell forståing av terrorisme og omhandlar fleire forskjellige terrorangrep, medan *Det var en gang en sommer* handlar spesifikt om terrorangrepet i Noreg 22. juli 2011.

Oppgåva diskuterer korleis dei fire bøkene framstiller temaet terrorisme gjennom å sjå på utvalet av kunnskap, organiseringa av kunnskap, lesarkontakta, forteljarstemma, språk og språklege verkemiddel og den visuelle fagformidlinga. Er det mogleg å formidle kunnskap om terrorisme utan å skape frykt? Funna i nærlesingane viser at alle fagbøkene bruker samspelet mellom tekst og bilet på ein avløysande måte, der kunnskapen om terrorisme er formidla på ulik måte i tekst og bilet. Bøkene i materialet nyttar på ulikt vis dette samspelet mellom modalitetane, og analysen viser at tekstane formidlar kunnskap om terrorisme som eit potensielt farleg tema *anten* gjennom tekst eller gjennom bilet. Framstillinga av terrorisme viser terrorisme som eit potensielt farleg tema, men ikkje så «skummelt» at ikkje barn kan lære om det.

Abstract

This master's thesis aims to investigate the depiction of terrorism non-fiction books for children. Through a close reading of four non-fiction books with children as a target audience, I want to examine in which ways the texts are adapted to make this theme understandable for young readers. By linking theory about terrorism to a textual analysis, I will investigate both didactic and aesthetic aspects of the books.

The investigation is based on four non-fiction books: *Terrorisme* (2003) by Adam Hibbert, *Terrorisme* (2008) by David Smith, *Det var en gang en sommer* (2013) by Vidar Kvalshaug and *Terror* (2015) by Harald Skjønsberg. All four books thematize terrorism. Three of the books seek to give a general understanding of terrorism by presenting several different terrorist attacks, while *Det var en gang en sommer* is specifically about the terrorist attacks in Norway on July 22, 2011.

The texts are analyzed based on the selection of knowledge, the organization of knowledge, the reader's contact, the narrative voice, the language and the visual communication. The thesis will discuss how to convey knowledge about terrorism to children without creating fear. The findings in the close readings show that all the textbooks use the interplay of text and image in a dissolving way, where the knowledge about terrorism is disseminated in different ways in text and image. The books in the material differ in the ways the modalities interact, and the analysis shows that the texts convey knowledge about terrorism as a potentially dangerous theme through text or through pictures. The presentation of terrorism shows that terrorism is potentially dangerous, but not so "scary" that children can't learn about it.

Innhold

1 INNLEIING	1
1.1 Bakgrunn for oppgåva og problemstilling	1
1.2 Fagbøker for barn og unge	4
1.3 Tidlegare forsking om terrorisme i bøker for barn	10
2 TEORETISK BAKGRUNN	11
2.1 Terrorisme	12
2.1.1 Kva er terrorisme?	12
2.1.2 Terrorismens aktualitet	13
2.1.3 Terrorismen gjennom historia	15
2.1.4 Fire terrorbølgjer	15
2.1.5 Andre typologiar for å forstå terrorisme	17
2.1.6 Kven er terroristane?	19
2.1.7 Terrorismen sine pedagogiske utfordringar	20
2.1.8 Korleis snakke med barn om terrorisme?	22
2.3 Analyse av fagbøker for barn	24
2.3.1 Utval av kunnskap	26
2.3.2 Organisering av kunnskap	26
2.3.3 Lesarkontakt	28
2.3.4 Forteljarstemma	30
2.3.5 Språk og språklege verkemiddel	30
2.3.6 Visuell fagformidling	30
3 MATERIALE	34
3.1 Kriterier for utval	34
3.2 <i>Terrorisme</i> av Adam Hibbert	35
3.3 <i>Terrorisme</i> av David J. Smith	37
3.4 <i>Det var en gang en sommer</i> av Vidar Kvalshaug	38
3.5 <i>TERROR</i> av Harald Skjønsberg	39
4. ANALYSE OG DRØFTING	40
4.1 <i>Terrorisme</i> av Adam Hibbert	40
4.2 <i>Terrorisme</i> av David J. Smith	51
4.3 <i>Det var en gang en sommer</i> av Vidar Kvalshaug	60
4.4 <i>Terror</i> av Harald Skjønsberg	69
5. AVSLUTNING	82

5.1 Oppsummering av funn	82
5.1.1 Framstillinga av terrorisme	82
5.1.2 Framstillinga av terroristar	83
5.1.3 Bilete og tekst avløysar kvarandre	85
5.1.4 Korleis er tekstane tilpassa for born?	86
5.2 Avslutning	86
5.3 Vegen vidare	88
6. LITTERATUR	89
Primær litteratur	89
Sekundær litteratur	89
 Figur 1: <i>Terrorisme</i> (2003, Hibbert)	35
Figur 2: <i>Terrorisme</i> (2008, Smith)	37
Figur 3: <i>Det var en gang en sommer</i> (2013, Kvalshaug).....	38
Figur 4: <i>Terror</i> (2015, Skjønsberg)	39
Figur 5: «Hva er terrorisme?» <i>Terrorisme</i> (2003, Hibbert)	41
Figur 6: «Hva mener du?» <i>Terrorisme</i> (2003, Hibbert)	46
Figur 7: «Eksempel fra virkeligheten» <i>Terrorisme</i> (2008, Smith)	51
Figur 8: «Irakisk bygning står i brann» <i>Terrorisme</i> (2008, Smith)	59
Figur 9: «Du husker hvor du var 22. juli» <i>Det var en gang en sommer</i> (2013, Kvalshaug) ...	61
Figur 10: «Anders Behring Breivik» <i>Det var en gang en sommer</i> (2013, Kvalshaug)	68
Figur 11: «Juli 2014» <i>Terror</i> (2015, Skjønsberg)	82

1 INNLEIING

1.1 Bakgrunn for oppgåva og problemstilling

Journalists wallow incoherently through terror, war and destruction, sex scandals, raw violence and bestial murder. There is not much gentle grace there – at most, quickly pronounced judgements and titillating warnings about clips with bloody scenes. But a book can be something else. A nuanced, artistic presentation of characters and worlds – without condemnation – can provide a completely different and complex experience from that of the disjointed assaults of the news. It is not about what you say but how and why you say it.
(Oskar K, referert i Evans, 2015, s. 4)

Sitatet over er skrive av den danske forfattaren Oskar K som har skrive mange kontroversielle bildebøker. Sjølv om dette sitatet handlar om skjønnlitterære bildebøker, meiner eg det likevel er relevant for denne oppgåva, då sitatet handlar om å utfordre kva bøker for barn kan handle om. Som Oskar K skriv er dagens nyhende fulle av dramatiske skildringar av terror, krig, vald og mord, primært reta mot vaksne lesarar og sjåarar. Dette er nyhende barn har tilgang til i større og mindre grad, og med eller utan vaksne som kan forklare. Ei bok kan nyansere og diskutere på ein annan måte enn det media gjer når dei skal rapportere om terrorhandlingar. Der nyhende er raske er boka sakte. Sitatet til Oskar K handlar om fiksjonstekstar og ikkje fagbøker, som prosjektet mitt tek føre seg, men også fagbøker er språkleg omarbeida tekstar som er tilrettelagt for målgruppa. Fagbøker for barn kan vere ei motvekt til dei uredigerte og ofte skremmande skildringane dei les i avisar, ser på nyheitene og har tilgang til gjennom internett. Fagbøker for barn kan fungere som opplysande tekstar tilpassa barnelesaren. Denne oppgåva tar føre seg fagbøker for barn som handlar om terrorisme, og ser på korleis desse bøkene framstiller temaet.

Å forstå terrorisme kan vere vanskeleg nok for vaksne. Fenomenet er samansett og kompleks, og dersom ein skal setje seg inn i årsakene til terrorismen ein opplever i dagens samfunn, kjem mange historiske, politiske og samfunnsaktuelle spørsmål opp. Terrorismen er gjerne ikkje det typiske temaet ein forbind med "fagbøker for barn", og kanskje heller ikkje eit område som ein ser føre seg at barn skal lære særleg mykje om. Det er kanskje difor den vanlegaste reaksjonen eg får når eg fortel om tema for oppgåva mi er: «Finst det verkeleg fagbøker som handlar om terrorisme for barn?»

Terrorisme er eit i utgangspunktet skummelt tema som kan føre til frykt, men

terorisme er også noko barn kan lære om dersom det vert gjort på ein måte som tek omsyn til målgruppa. Eller som Oskar K formulerer det: «it is not about what you say but how and why you say it». Det er likevel mange fallgruver ein kan hamne i når ein skal formidle kunnskap om terrorisme til barn, og nettopp dette skapte debatt i England då det i fjor vart utgjeve ei bok som handla om korleis ein kan prate med barn om terrorisme. Boka *Talking About Terrorism* (2017) av Alison Jamieson og Jane Flint skal hjelpe lærarar å forklare terrorisme for elevar frå sju til tolv år. Det var særleg ein aktivitet i boka som førte til at boka fekk mediemerkeemd. Aktiviteten gjekk ut på at elevane skulle skrive brev til ein terrorist og stille terroristen spørsmål dei lurte på. Nokre meinte denne boka oppmoda barn til å sympatisere med terroristar (Coates, 2017), medan andre hevda at det er viktig å forstå terroristane sin motivasjon, og at det å prøve å forstå terroristane ikkje er det same som å sympatisere med dei (The Economic Times, 2017). Dette er ikkje det einaste dømet på at terrorisme kan skape debatt i media, og det har også vore fleire tilfelle av dette i Noreg det siste året.

Terrorisme er eit tema som kan føre til vanskelege debattar, som til dømes debatten som enda med at Sylvi Listhaug gjekk av som justisminister i mars 2018. Stortinget hadde diskutert om ein skulle ta frå potensielle terroristar statsborgarskapet utan domstolshandsaming, og Arbeiderpartiet (Ap) med fleire røysta mot. Justisminister Sylvi Listhaug la ut eit Facebook-innlegg der teksten “Ap mener terroristers rettigheter er viktigere enn nasjonens sikkerhet” sto skrive over eit bilet av maskerte menn i uniform (Svaar, 2018). Innlegget starta ein betent debatt som ikkje berre handla om terrorisme, men om korleis saka vart handtert, og den enda til slutt enda med at justisministeren valde å trekke seg. Ei av årsakene til at Facebook-innlegget provoserte mange, kan ha vore at den fyrste filmen som omhandlar terroråtaka 22. juli 2011, *Utøya* (2018) av Finn Gjerdrum, Stein B. Kvae og Erik Poppe, hadde premiere same dag som Facebook-innlegget vart lagt ut. Heller ikkje denne filmen var det semje om; mange meinte det var altfor tidleg å lage ein film om terrorhendingane (Dagbladet, 2018) og somme meinte ein aldri burde lage ein slik film (Pedersen, 2017).

Ein annan debatt som dukkar opp med jamne mellomrom handlar om koplinga mellom terrorisme og religiøs og/eller etnisk tilhørsle. Dette dreier seg mellom anna om at media tek for gjeve at ei valdshandling er terrorisme fram til ein finn ut at den eller dei som utførte valden har vestleg bakgrunn. Debatten oppstod sist etter ei masseskyting i Las Vegas i oktober 2017, som vart utført av (den kvite) amerikanaren Stephen Paddock. Masseskytinga vart fyrst omtala som terrorisme, men «[m]ed én gang gjerningsmannens navn ble kjent,

virket det som om alle spekulasjoner om terror forsvant i dekningen av massakren i Las Vegas» (Iversen, 2017). Desse døma på debattar som oppstår rundt terrorisme, syner at terrorisme er eit kontroversielt tema som engasjerer og opprører mange. Dessutan er debattane eit teikn på at temaet er dagsaktuelt, også her i Noreg.

Trugselen om terrorisme er diverre reell i Europa i dag (PST, 2018), og dermed får terroraksjonar, terrorgrupper og terrorisme stor plass i media. For berre nokre tiår sidan kunne ein i større grad ha skjerma barn og unge for dette, men i dag er det nær umogleg å skjule aktuelle tema for barn. Det er gjerne slik at når det har skjedd eit stort terrorangrep er det ofte dette terrorangrepet som pregar nyheitene i dagane som følgjer. Nyhende er meir tilgjengeleg for barn og unge enn nokon gong gjennom den digitale revolusjonen, og det er difor vanskeleg å kontrollere og eventuelt avgrense kva dei får med seg. Barn og ungdom les aviser, bloggar, oppslagsverk, ser videoar og får på denne måten vite frå ulike kjelder kva som skjer ute i verda. At terrorisme er brennheitt nyhendestoff som er vanskeleg å skjerme barn for, medfører at vaksne i større grad enn før også må prate med barn om terrorisme. Då dukkar mange spørsmål opp, og det som verkar å bekymre mange vaksne er korleis ein skal prate med barn om terrorisme utan å skremme dei.

Etter ein terroraksjon er aviser ofte raskt ute med å tilrå vaksne å vere opne med barn om det som har hendt, og mange organisasjonar og ekspertpersonar kjem med tips og råd om korleis foreldre kan snakke med barn om terrorisme. Terrorismen er ikkje spesifikt nemnt i læreplanen før i samfunnsfag på vidaregåande skule (Kunnskapsdepartementet, 2013). Det er dermed opp til den enkelte læraren om han eller ho vel å ta opp temaet terrorisme gjennom grunnskulen. I jakta på informasjon og kunnskap om tematikken, kan faglitteratur tilpassa barn vere ein god plass å byrje for eit barn som vil lære meir om terrorisme.

Det er ei utfordrande oppgåve å skulle formidle kunnskap om eit leda emne som terrorisme, og særleg for ei målgruppe med avgrensa forkunnskapar der det er naudsynt å forenkle og forklare meir grunnleggjande enn for vaksne lesarar. Slike utfordringar kan vere ei av årsakene til at samfunnsvitskapleg tematikk er mindre vanleg i fagbøker for barn enn andre, meir nøytrale emne, som til dømes ein stor del av naturvitenskapen. Fagbøker for barn som tek føre seg komplekse, samfunnsaktuelle tema er interessante å utforske for å finne ut *kva* slags kunnskap desse bøkene formidlar til barnelesaren, og *korleis* denne kunnskapen vert formidla. Temaet terrorisme i faglitteratur for barn er eit lite utforska emne, og eg håper mi masteroppgåve kan tilføre kunnskap om korleis dette samfunnsaktuelle temaet er formidla i fagbøker for barn. På bakgrunn av dette er mi problemstilling:

Korleis er terrorisme framstilt i fire fagbøker for barn?

Materialet oppgåva tek utgangspunkt i for å svare på problemstillinga, består av fire fagbøker som alle er utgjevne på norsk og som tematiserer terrorisme: *Terrorisme* (2003) av Adam Hibbert, *Terrorisme* (2008) av David Smith, *Det var en gang en sommer* (2013) av Vidar Kvalshaug og *Terror* (2015) av Harald Skjønsberg. Bøkene har barn eller barn og ungdom som målgruppe, og felles målgruppe for alle bøkene er barn frå 10 til 12 år. At bøkene passar for barn mellom 10 og 12 er anten oppgjeve av forlaga eller basert på kvar dei er plassert i bokhandlarar og bibliotek. Bøkene er utgjevne mellom 2003 og 2015.

Boka *Terrorisme* av Adam Hibbert (2003) er ein del av fagbokserien «I nyhetene». Boka består av tretten kapittel der ulike tema knytt til terrorisme er forsøkt forklart gjennom mellom anna tekst, bilete og tabellar. *Terrorisme* av David Smith (2008) er ein del av ein anna fagbokserie som heiter «Store spørsmål». Dette er ei meir teksttett bok som tek sikte på å forklare ulike synspunkt knytt til kompliserte spørsmål kring terrorisme. Begge desse bøkene var opphavleg utgjevne av britiske forlag, og er seinare omsett til norsk.

Det var en gang en sommer (2013) av Vidar Kvalshaug har eit anna føremål enn dei andre bøkene, då denne boka hovudsakleg skal gi lesaren kunnskap om omstenda rundt terrorangrepa 22. juli på Regeringskvartalet og Utøya. *Terror* (2015) av Harald Skjønsberg med illustrasjonar av Geir Moen tek føre seg nokre utvalde hendingar i terrorismen si historie, og går nærmare inn på bakgrunnen for desse.

Gjennom ei nærlæsing av desse fire fagbøkene vil oppgåva sjå korleis terrorisme er framstilt for barn. Utgangspunktet for analysen er Anna Karlskov Skyggebjerg sine spørsmål til analyse av fagbøker for barn (2011) som er nytta til å danne følgande kategoriar: utval av kunnskap; organisering av kunnskap; lesarkontakt; forteljarstemma; språk og språklege verkemiddel og visuell fagformidling. Analysen av materialet nyttar relevant teori for å drøfte korleis terrorisme er framstilt i bøkene. I avslutningskapittelet trekker eg ut dei viktigaste funna, og samlikner framstillinga av terrorisme i kvar bok.

1.2 Fagbøker for barn og unge

Sidan denne oppgåva tek føre seg framstillinga av terrorisme i fagbøker for barn, seier dette kapittelet noko om kva fagbøker for barn eigentleg er, korleis ein kan definere denne gruppa av bøker, kva dei vanlegvis handlar om og kva som kjenneteiknar desse bøkene. Fyrste del tek føre seg kva sakprosa er, at sakprosa er inndelt i *litterær* og *funksjonell* sakprosa og korleis sakprosa for barn skil seg frå vaksenlitteraturen. Til slutt går dette kapitlet inn på at

samfunnsvitskapleg tematikk er mindre vanleg i fagbøker for barn. Desse samfunnsspørsmåla skapar gjerne strid mellom vaksne, og det kan difor kan vere vanskeleg å formidle kunnskap om dei til barn på ein nøytral måte.

1.2.1 Sakprosa

Innanfor litteraturvitenskapen er det tradisjonelt eit skilje mellom sakprosa og skjønnlitteratur, sjølv om det finst tekstar som kan tilhøyra begge desse kategoriane. Sakprosaen er i følgje Ottar Grepstad (1997) ein måte å ordne verda på, og gjere deler av heilskapen meir forståeleg for menneska:

I all si søking etter heilskap deler sakprosaen opp verda og gjer desse delane meir begripeleg for kvar enkelt. Di større kunnskapsmengda er blitt i samfunnet, di meir nødvendig er dette. Og sakprosaen kombinerer kunnskap på nye måtar, som opnar for nye innsikter. Men først og fremst tilbyr sakprosalitteraturen ein måte å ordne verda på. (Grepstad, 1997, s. 528)

Å skape innsikt og gjere verda forståeleg kan vere føremålet for all litteratur, men det som skil sakprosaen frå skjønnlitteraturen er oppfatninga av det ein les som sant eller ikkje. Johan L. Tønnesson (2012, s. 34) skriv at det som skil sakprosa og skjønnlitteratur er i kva grad den som les oppfattar tekstane som direkte eller indirekte ytringar om røynda. Det er ikkje berre teksten som avgjer dette, men også samanhengen teksten oppstår i. Ifølgje Tønnesson (2012, s. 18) oppstår det ei uskriven kontrakt der lesaren skal kunne forvente å oppfatte teksten som ei direkte ytring om røynda. Dette medfører at ein roman basert på verkelege hendingar, vil bli oppfatta som indirekte ytringar om røynda, fordi det innanfor vår tekstkultur finst ei uskriven kontrakt som seier at romanar er fiksjon, og dermed skjønnlitteratur.

Innanfor samlenemninga sakprosa finn vi eit mangfold av tekstar, som til dømes bøker, tidsskrifter, brosjyrar, aviser, bloggar, e-postar og stortingsmeldingar (Tønnesson, 2012, s. 8). Dette tekstmangfaldet kan ein skilje i to kategoriar basert på verkeområdet til tekstane, og Tønnesson kallar desse to gruppene *littærer* og *funksjonell* sakprosa. Tønnesson (2012) definerer litterær sakprosa som:

forlagspubliserte tekster med navngitte forfattere. Forfatterne forstas her som individer. Forfatteren henvender seg som uavhengig skribent til en allment tilgjengelig offentlighet. I den litterære sakprosaen står alle litterære virkemidler til rådighet, så lenge kontrakten om den grunnleggende, direkte tilknytningen til virkeligheten er opprettholdt. Den litterære sakprosaens medier er for tiden elektroniske og trykte bøker, hefter og tidsskrifter. (s. 34)

Sidan materialet i denne oppgåva består av tekstar med namngjevne forfattarar som brukar litterære verkemiddel og er utgitt i bokform av bestemte forlag, og er det difor litterær sakprosa. Denne oppgpva tek vidare føre seg kva som kjenneteiknar sakprosa for barn, og kvifor materialet for denne boka er kalla ”fagbøker for barn”.

1.2.2 Sakprosa for barn

Det er både fellestrek og ulikskapar ved sakprosa for barn og vaksne. Sakprosa for barn er ifølgje Nina Goga (2009) ei like mangfaldig gruppe tekstar som sakprosa for vaksne. Ein stor skilnad mellom sakprosa for barn og vaksne, er at barnelesaren er yngre og oftast ein mindre erfaren lesar, skriv Anne Løvland (2012, s. 82). Løvland meiner dette medfører ei særleg utfordring for den som skriv sakprosa for barn, fordi forfattaren vil ha så ulik livserfaring frå lesaren. Barnelesaren har færre forkunnskapar og mindre ordforråd enn den vaksne forfattaren, men sjølv om barnelesaren er ung, vil også han ta i bruk tidlegare erfaringar i møte med teksten, og det er viktig at han blir ein aktiv medskapar i leseprosessen, skriv Løvland (2012, s. 82). Difor må sakprosaen for barn tilpassast målgruppa gjennom å legge til rette for det nivået det er sannsynleg at lesaren er på, slik at det blir mogleg for lesaren å knyte gammal kunnskap til den nye, og dermed skape ny innsikt hjå barnet. Målgruppemedvit er difor viktig; kva slags forkunnskapar treng den som skal lese boka?

Sakprosaen for barn består mellom anna av lærebøker som brukast i skulen, avisartiklar og fagbøker. Det som skil fagbøker frå læreboka, er at fagbøkene er laga for fritidslesing (Birkeland, Risa og Vold, 2018, s. 485). Fagbøkene er forlagspubliserte tekstar med namngjevne forfattarar, og dermed ein del av det Tønnesson (2012) kallar litterær sakprosa. Anna Karlakov Skyggebjerg (2011, s. 103) skriv at i litteraturforskinga har fagbøker for barn ofte blitt definert som ei motsetnad til skjønnlitteratur, karakterisert ved at språket er mindre detaljrikt, forma er enklare og at tekstane er basert på fakta, ikkje oppdikta. Dette meiner Skyggebjerg (s. 106) er utilfredsstillande karakteristikkar av fleire årsaker. Dei færraste fagbøker for barn er berre oppramsingar av fakta. Fagbøker er i likskap med skjønnlitterære bøker avhengig av språkleg formidling, og vil difor vere eit uttrykk for forfattaren si fortolking av kunnskap eller eit spesifikt tema. Forfattaren har bestemt kva stoff som skal vere med (og med dette kva som ikkje skal vere med) og tilrettelagt dette stoffet for lesaren.

Fagbøker for barn er ikkje ein eigen sjanger, men ei variert gruppe bøker som rommar fleire sjangrar, skriv Kristin Ørjasæter (2017, s. 4). Det er ei bokgruppe som består av ulike

bokmedium med det felles at dei «har en barnelittærer fortellerform, [...] kombinerer fiktive og saklige fremstillingsteknikker, er nesten alltid illustrert, og etablerer en 'saklig' lesekontrakt» (Ørjasæter, 2017, s. 4). Det at bøkene etablerer ei sakleg lesekontrakt, handlar om det same som Tønnesson (2012) skriv om, at lesaren skal kunne forvente å oppfatte teksten som ei direkte ytring om røynda. Ørjasæter definerer den faglitterære lesekontrakten som «et framlegg fra forfatter til leser om å betrakte fremstillingen som relevant og oppdatert kunnskap» (2017, s. 8).

For å oppsummere er altså fagboka for barn skrive av ein namngjeve forfattar og utgjeve på eit forlag med det føremål å opplyse lesaren om eit emne, dermed er fagboka ein del av den litterære sakprosaen. Fagboka for barn er tilrettelagt for barnelesaren og tilpassa målgruppa gjennom språkleg formidling av eit kunnskapsområde, og dette kunnskapsområdet er basert på forfattaren si fortolking. Forfattaren må også gjere eit utval av kunnskap innanfor området, som vil påverke det fagstoffet som fagboka vil innehalde. Til sist er det viktig at fagboka etablerer ei sakleg lesekontrakt, som inneberer at lesaren skal oppfatte det han les som *sann* kunnskap. Tone Birkeland, Gunvor Risa og Karin Beate Vold (2018, s. 485) definerer fagboka for barn slik:

Fagboka for barn skil seg frå den vitskaplege faglitteraturen og frå læreboka ved å popularisere emne og fagstoff og ved å stå friare i val av tilnærningsmåtar enn læreboka. Ho er ofte rikt illustrert, nyttar gjerne rammeforteljing og fiktive personar og går ikkje av vegen for å involvere lesaren i dei faglege spørsmåla stoffet reiser.

I denne definisjonen blir nokre av dei typiske verkemidla i fagboka lista opp, og oppgåva går no nærmare inn på fleire av desse verkemidla.

1.2.3 Verkemiddel i fagbøker for barn

Som nemnt i innleiinga er det visse utfordringar knytt til det å skrive fagbøker for barn, og utfordringane blir svart på ved å nytte ulike verkemiddel for å gjere fagstoffet forståeleg for ei ung målgruppe. Vidare er desse typiske verkemidla skildra.

Bruken av døme og generaliseringar er nokre av dei verkemidla som skil fagbøker for barn frå fagbøker for vaksne, skriv Tone Birkeland og Ingeborg Mjør (2012, s. 127-132). Desse verkemidla brukast for å forenkle og samanfatte kunnskap for å gjere den forståeleg for barn. Barn tenkjer ofte konkret og situasjonsavhengig, og eit døme kan vere med på å gjere det som skal forklarast meir konkret. Anten kan ein først vise til eit eller fleire døme, for så å

generalisere og konkludere, alternativt kan ein fyrst forklare større samanhengar og så vise eit døme.

Det er også vanleg å nytte narrative grep som kan knytte fagstoffet til ei forteljing med identifikasjonsfigurar. Birkeland og Mjør skriv at forteljinga hjelper barnet «til å ordne og gjere den kaotiske verda forståeleg» (2012, s. 129), i tillegg til at forteljinga kan vere med å skape engasjement for fagstoffet. Det er også vanleg å nytte samtalen som verkemiddel i formidlinga av fagstoffet, der forfattaren styrer lesinga ved å bruke utforskande spørsmål som han seinare svarar på. Dette kan gjerne vere som ein del av ei fiksionsforteljing med karakterar, ofte er det som ein samtale mellom eit nysgjerrig barn og ein kunnskapsrik voksen.

Ein stor skilnad frå fagbøkene for voksne, er at fagbøkene for barn nesten alltid er rikt illustrerte – og ofte med både teikning og fotografi, skriv Ørjasæter (2017, s. 7). Løvland framhevar at biletbruken i ei fagbok kan ha ulike funksjonar: «Visualisering av stoffet teksten behandler, er en av dem. Stadig oftere ser vi likevel bilder som fungerer som oppmerksomhetssignaler, noe man først og fremst skal legge merke til og bli fascinert og følelsesmessig engasjert av» (2012, s. 88). Ein måte å bruke biletene for å vende seg til barnelesaren, er å ha biletene av barn saman med den delen av røynda som fagboka handlar om. Visuelle element kan dermed fungere både som ein del av fagformidlinga og for å halde på lesaren si merksemd.

Dette er nokre av dei typiske verkemidla som nyttast for å gjere kunnskapen tilgjengeleg og interessant for målgruppa i fagbøker for barn, og det er ofte slik at mange av verkemidla finst i same tekst. Ørjasæter (2017, s. 4) skriv at eit kjenneteikn på faglitteratur for barn og unge er at dei ofte kombinerer ulike element frå dei saklege og skjønnlitterære sjangrane sine verkemiddel. Dømer på dette er faktabolkar og aktivitetsinstruksar, slik som spørsmål eller oppgåver til lesaren, frå den pedagogiske læreboka og forteljingar som ein kjenner frå eventyra og romanen.

1.2.4 Samfunnsvitskaplege tema i fagbøker for unge

Fagbøkene i materialet tek føre seg terrorisme som er eit samfunnsaktuelt tema, men det å skrive om aktuelle samfunnsspørsmål er ikkje typisk for fagbøker for barn. Samfunnsvitskap er ei samlenemning for vitskapar som studerer «forhold ved samfunnet og forbindelser mennesker imellom» (Berg, 2015). Vidare i dette kapittelet blir det gjort greie for omlag kor mange bøker som vert utgjevne som handlar om samfunnsvitskaplege emne, og kvifor det kan vere slik at det er eit mindre vanleg tema i fagbøker for barn

I den litterære sakprosaen for voksne er samfunnsvitskaplege emne ofte tematiserte og

dette er svært populære bøker. Frå ei oversikt over all seld litteratur i 2016 frå Den norske forleggerforening (2017, s. 19) kjem det fram at kategorien ”samfunn, historie” er på andre plass over mest selde sakprosa for vaksne¹. Dette er med andre ord mykje leste bøker av den vaksne lesar. Diverre har ikkje Den Norske forleggerforening tilsvarande oversikt i statistikken over sakprosa for barn, men Norsk barnebokinstitutt (NBI) lagar ein årleg statistikk over kva som blir utgitt av fagbøker for barn og kva desse bøkene omhandlar.

I følgje statistikken til NBI utgjorde sakprosatekstar 20 % av dei totale utgjevingane for barn og ungdom i 2015 (NBI, 2017). NBI fører også oversikt over kva emne bøkene har, og deler inn i aktivitetsbøker; naturvitenskap og matematikk; religion, medisin, teknologi og anvendt vitskap; geografi og historie; samfunnsvitenskap; filosofi, psykologi og etikk; språk; litteratur og generelle skrifter.² I 2015 hadde 5,4 % av sakprosatekstane samfunnsvitenskaplege emne. Dette utgjer 12 bøker om samfunnsvitenskaplege emne, og dette verkar å ha halde seg ganske stabilt dei siste ti åra. NBI skriv at fagbøkene frå 2015 handla om tema som økonomi, politikk, terror og miljø. Ørjasæter (2017, s. 3) kommenterer statistikken frå 2013, og skriv at somme kjenneteikn ved fagbøkene frå 2013 med samfunnsvitenskaplege tema er at dei er skrivne for eldre barn og ungdom, og at dei ofta er skrivne av norske forfattarar og fokuserer på norske tilhøve. Det er altså ei lita gruppe bøker som tek føre seg samfunnsvitenskaplege emne i faglitterær skjønnlitteratur for barn, særleg om ein samanliknar med tilsvarande for vaksne.

Kvifor er det slik at samfunnsvitenskap er mindre vanleg å skrive om i fagbøker for barn? Birkeland og Mjør (2012, s. 116) meiner det eksisterer ei førestilling om at barn ikkje interesserer seg for samfunnsspørsmål, og at det difor er langt mellom bøker om emne som til dømes politikk og internasjonale konfliktar. Dei problematiserer også det at meaningane vaksne har til desse emna kan vere så ulike, og at det difor blir vanskeleg å skrive om desse ”ikkje-nøytrale” emna for «unge lesarar på ein fagleg nyansert måte» (Birkeland og Mjør, 2012, s. 116). Når ein må forenkle tematikken for å tilpasse det til barn og unge sitt kunnskapsnivå, kan det medføre at viktige nyanseringar fell vekk.

¹ Dette er frå statistikken over norskskrivne bøker. «Samfunn, historie» er på 8. plass i oversikta over omsett litteratur.

² Merk at her er geografi og historie ein eigen kategori, medan i oversikta frå Den norske forleggerforening var samfunn og historie i same kategori. I oversikta til NBI handlar 5,9 % av utgjevne fagbøker for barn om historie og geografi.

Terrorisme er eit slikt samfunnsspørsmål som det gjerne er usemje om. Ikkje nødvendigvis fordi det er slik at ein har ulike meningar om ein er “for eller mot” terrorisme, men fordi det til dømes er ulike meningar knytt til korleis terrorisme oppstår, kva ein kan gjere for å motverka terrorisme og kven som skal kallast “terrorist”.

1.3 Tidlegare forsking om terrorisme i bøker for barn

Terrorisme i fagbøker for barn er eit emne det er forska lite på. Eit nyleg oppretta forskingsprosjekt på Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU), Children and Catastrophes in Fictional Narratives, er starta fordi det generelt er gjort lite forskning på barn og katastrofeforestellinga i litteraturen. Prosjektet handlar om å sjå på kva rolle barn speler i den kulturelle katastrofeforestillinga, både som «typer i fiksjonstekster, som mottakere av fiksjonstekster og som aktive fortolkere av katastrofer» (NTNU, u.å.). Med katastrofar meinast hendingar som krig, naturkatastrofar og terror. Om prosjektet står det at «[m]ed unntak av en rekke studier innenfor holocaust-studier, er barns rolle i den kulturelle katastrofeforestillingen i litteraturen imidlertid lite utforsket» (NTNU, u.å.).

Det finst noko forsking som handlar om terrorisme i skjønnlitteraturen, til dømes har Kjersti Lersbryggen Mørk skrive om korleis terrorangrepa 11. september 2001 har verka inn på norsk barnelitteratur. Ho kom fram til at terrorangrepa har utfordra både oppfatninga av kva som er barnevenleg tematikk å ta opp i litteraturen og det “det hjemlige fokuset”, altså det at barnelitteraturen stort sett har dreia seg rundt norske tilhøve (Mørk, 2011, s. 73).

11. september er også tema for forskinga til Kenneth Kidd. Kidd analyserte i 2005 amerikanske bildebøker i ulike sjangrar som til då var utgjeve om 9/11-angrepa, mellom desse ein fagbokserie kalla “The War on Terror” frå det amerikanske forlaget ABDO som gjev ut fagbøker for skulebiblioteka. Kidd meiner at dei 20 bøkene skrive for barn og unge etter terrorangrepet bar preg av å skape eit svart/kvitt bilet av situasjonen der amerikanarane anten er sårbare ofre eller patriotiske heltar. I tillegg fokuserer bøkene i stor grad på barn si oppleveling av den traumatiske hendinga heller enn å prøve å få barn til å forstå kva som kunne få noko slikt til å skje. Ifølgje Kidd diskuterer ingen av bøkene den politiske konteksten kring angrepa. Dei viser ikkje USA si rolle, og korleis landet kan ha vore med å skape situasjonen gjennom sin utanrikspolitikk. I staden for å oppmode til refleksjon rundt konteksten angrepet skjedde i, er fokuset i bøkene utelukkande på barnelesaren si oppfatning av 11. september som eit personleg traume – uavhengig av om det er barnet si faktiske oppfatning (Kidd, 2005, s. 138).

I artikkelen kjem det fram at Kidd meiner bøkene sviktar i å gje barn større innsikt i

bakgrunnen for kvifor nokon ville utføre eit slikt angrep mot USA, og at historia om 9/11 vert framstilt som ei enkel historie om eit uskyldig land utsett for eit forferdeleg angrep utført av ein vond fiende. Bøkene i Kidd si undersøking underbyggjer dermed måten den dåverande amerikanske presidenten møtte terrorangrepet på. Dåverande president George W. Bush starta krigen mot terror kort tid etter angrepa, og i ein tale hevda Bush (2002) at dei landa som ifølgje han støtta terror eller var motstandarar av fridom, var ein del av vondskapens akse.

Synet på barn og barndom som kjem fram i bøkene er ”utdatert”, hevdar Kidd, då dei fremjer eit syn på barnet som sårbart og skada. Bøkene insisterer på ein traumatisert lesar, men utan at språket verkar beroligande. Barn får korkje håp eller ei god forklaring av kompleksiteten kring angrepa av å lese desse bøkene, meiner Kidd.

Kidd si forsking er frå 2005 og ein kan tenkje seg at det er gjeve ut fleire amerikanske bøker i ettertid som i større grad problematiserer det Kidd etterlyser. Det er vanskeleg å skaffe seg full oversikt bøker på den amerikanske marknaden, men dersom ein ser til andre land er det laga bøker som i større grad tek føre seg dei problemstillingane Kidd etterlyser. Eit døma er ei av bøkene i materialet for denne oppgåva, *Terrorisme* (2008) av Adam Smith, som har stort fokus på krigen mot terror og kva følgjer den fekk.

Sjølv om denne oppgåva har ulik problemstilling og tematikk frå Kidd, kan funna frå undersøkingane av amerikanske fagbøker vere interessante fordi denne oppgåva, som Kidd, vil studere om, og eventuelt korleis, kompleksiteten kring terrorisme er forklart for ein barnelesar. Fagbøkene om 11. september skapar ifølgje Kidd ein traumatisert barnelesar, men kan ein eigentleg skrive om terrorisme for barn utan å skape frykt? Og korleis kan ein forklare kompleksiteten i terrorisme og samstundes skape håp for barnelesaren? Eg vonar mitt prosjekt kan bidra til å setje lys på desse spørsmåla.

2 TEORETISK BAKGRUNN

Teorikapittelet tek opp relevant teori for å kunne seie noko om framstillinga av terrorisme i fagbøker for barn og ungdom. Fyrst går kapitlet inn på kva terrorisme og terroristar er og kvifor det kan vere ei utfordrande oppgåve å formidle kunnskap om terrorisme for born. Kapittel 2.2 handlar om analyse av fagbøker, og forklrarar dei ulike kategoriane som er brukt til å analysere materialet. Dei teoretiske perspektiva i dette kapittelet er nytta i analysen og drøftinga for å kunne svare på problemstillinga.

2.1 Terrorisme

For å kunne seie noko om framstillinga av terrorisme, er det viktig å avklare kva terrorisme er. Teorien om terrorisme og terrorhistoria er henta frå forskinga til David Rapoport (2004), Bruce Hoffman (2006), Iselin Nordenhaug og Jan Oskar Engene (2008) og Nikolai Sitter (2017). Kunnskap om definisjonar og historia til terrorisme er nyttig å ta med i analysen av fagbøkene; korleis definerer forfattarane terrorisme, og kva slags terrorangrep er det dei fokuserer på? Kapitlet tek også føre seg nokre utfordringar knytta til å formidle kunnskap om terrorisme til barn. Til slutt viser kapittelet korleis ein kan prate med born om terrorisme utan å uroe dei.

2.1.1 Kva er terrorisme?

Terrorisme kjem av det latinske “terrere” som tyder å skremme, og i Store norske leksikon er terrorisme definert som «bruk av vold mot sivile for å oppnå en ønsket effekt gjennom å spre frykt» (Lia, Berg, Leerand & Stenersen, 2018). Denne definisjonen dekker det Iselin Nordenhaug og Jan Oskar Engene (2008) meiner er ein viktig skilnad mellom terrorisme og andre typar kamp, som krig mellom statar og geriljakrig; nemleg at terroristisk vald ikkje har som hensikt å ramme dei faktiske valdsofra, «men å påvirke andre personer eller grupper og måten disse handler på» (s. 15).

Definisjonen frå store norske leksikon er enkel, men lite tilfredsstillande. Det har vist seg å vere vanskeleg å kome fram til ein universell definisjon av terrorisme. Nikolai Sitter skriv i *Terrorismens historie* (2017, s. 11-12) at i USA opererer FBI, CIA, forsvarsdepartementet og justisdepartementet med ulike definisjonar. FN har heller ikkje kome fram til definisjon på terrorisme som alle medlemslanda kan einast om. Sitter (2017, s.11) meiner det einaste det er semje i når det kjem til omgrep, er at terrorisme er eit negativt lada omgrep. At terrorisme er eit vanskeleg omgrep å definere, kan skape forvirring kring kva terrorisme faktisk er, og ifølgje Sitter (2017, s. 12) er det fare for at omgrepet kan brukast selektivt. Dette går oppgåva inn på i kapittel 2.1.6.

I norsk lov er terrorisme definert slik:

Terrorhandlinger; ulovlig bruk av, eller trussel om bruk av, makt eller vold mot personer eller eiendom, i et forsøk på å legge press på landets myndigheter eller befolkning eller samfunnet for øvrig for å oppnå politiske, religiøse eller ideologiske mål. (Sikkerhetsloven, 1998, § 3).

Her ser vi at ”trussel om bruk av” makt eller vald, er lagt til, og dette medfører at personar som berre truar med å utføre terrorhandlingar, kan dømmast for terrorisme. I nyheiter blir gjerne valdshandlingar som flykapringar eller masseskytingar straks kalla terrorisme basert på at dette er vanlege metodar terroristar brukar, men for å finne ut om ei valdshandling er terrorisme eller ikkje, må ein sjå på motivet bak handlinga, står det i ein artikkel av Veum (2017). I same artikkel er terrorforskar Jo Jakobsen intervjuet:

For at en hendelse skal definieres som terror må det som har skjedd betegnes som en voldshandling. Videre må den eller de som utfører handlingen ha et ønske om å oppnå noe. Som oftest vil de ha en politisk eller religiøs endring i et samfunn. Det å skape frykt i seg selv er ikke nødvendigvis terror så lenge frykten ikke skal bidra til en holdnings- eller atferdsendring (Veum, 2017).

Det er altså ikkje *kva* type valdshandling som er utført eller *kor* mange menneske som vert påverka som avgjer om det er terrorisme, men *motivasjonen* bak handlinga. Sitter (2017, s. 12) tek føre seg fem fellesnemnarar som går att i fleire innverknadsrike definisjonar av terrorisme, og desse er:

1. bruk av vald (både utføringa av valdelege handlingar og trugsmål om vald)
2. politisk motivasjon
3. frykt for gjentaking
4. kommunikasjon (at handlinga først og fremst er eit middel for å skape frykt – ikkje å drepe nokon spesifikke)
5. det er avgrensa til å vere utført av ikkje-statlege aktørar

Desse fem punkta for definisjon av terrorisme nyttar oppgåva som identifikasjonsmarkørar. I analysen er materialet undersøkt ut frå korleis tekstane definerer terrorisme og om desse markørane er nytta i definisjonane.

2.1.2 Terrorismens aktualitet

Det er ei utbreidd oppfatning at terrortrusselen er aukande i verda, skriv Nordenhaug og Engene (2008, s. 20). Tre faktorar som kanskje har medverka til dette er terrorhandlingane 11. september 2001 i USA, 22. juli 2011 her i Noreg og ein auka trussel for islamistisk terrorisme. Då 19 terroristar frå Al-Qaida kapra fire fly 11. september 2001 og flaug dei inn i

World Trade Center og Pentagonbygningen, vart nesten 3000 menneske drepne, skriv Hoffman (2006, s. 18). Til samanlikning hadde det i løpet av heile 1900-talet berre vore 14 terroråtak der fleire enn hundre menneske var drepne og ingen terroristoperasjonar hadde drepe fleire enn 400 menneske før dette angrepet (Hoffman, s. 19). Terrorangrepet 11. september førte til det den dåverande amerikanske presidenten George W. Bush kalla "the war on terror", og den amerikanske invasjonen av først Afghanistan og seinare Irak. Hoffman (2006, s. 18) meiner hendinga redefinerte terrorismeomgrepet. Ifølgje Nordenhaug og Engene (2008, s. 33) er det dette angrepet som markerer starten på "den nye terrorismen" - ein terrorisme med anna motivasjon enn den som føregjekk tidlegare, og der religion speler ei større rolle.

22. juli 2011 vart Noreg råka av terrorisme, då Anders Behring Breivik utførte to store terrorangrep i Oslo og på Utøya. Fyrst plasserte han ei bombe i Regjeringskvartalet som drap åtte menneske, og seinare skaut han og drap 69 barn, ungdommar og vaksne på ungdomsleiren til AUF på Utøya. Sitter (2017, s. 10) kallar dette angrepet den fyrste store terroraksjonen i Noreg. Breivik ynskja å få i gong ein konservativ revolusjon som skulle føre til eit nytt autoritært regime. Ifølgje Sitter (2017, s. 167) har terrorangrepet mykje til felles med tidlegare høggreekstrem terrorisme i USA og Vest-Europa, men representerer noko nytt i og med at Breivik fokuserte på kampen mot muslimske sivilisasjonar. Sitter (2017, s. 168) kallar Breivik ein *islamofob*. Noreg reagerte annleis på angrepet enn det som har vore vanleg i mange statar, der terrorangrep har ført til ei avgrensing av demokratiet og menneskerettar (Sitter, 2017, s. 10). Dåverande statsminister i Noreg, Jens Stoltenberg, sa måten ein skulle kjempe mot denne terrorismen på, var med meir openheit og meir demokrati (Sitter, 2017, s. 10).

I dei siste åra er det særleg trugsmålet frå ekstreme muslimske terrorgrupper som har prega nyhendebiletet. Politiets sikkerhetstjeneste (PST) skriv i den årlege trusselvurderinga for 2018 at «[e]kstreme islamister utgjør fortsatt den største terrortrusselen mot Norge» (PST, 2018). Merk at det står ekstreme *islamister*, og ikkje ekstreme *muslimar*. Omgrepet "islamisme" bruker ein når «[...] det er viktig å framheve at islam her tolkes som en ekstrem politisk ideologi, i motsetning til islam som religion» (Sitter, 2017, s. 194). I denne oppgåva nyttast omgrepet islamisme når det handlar om ekstrem politisk ideologi og ikkje religionen. Den islamske staten i Irak og Levanten (ISIL/IS) vaks ut av terrorgruppa Al-Qaida (Sitter, 2017 s. 220). Sidan ISIL/IS vart oppretta i 2013 har dei teke på seg skulda for 30 større og mindre terroraksjonar, mellom anna i dei europeiske byane Paris, London og Manchester

(Lia, Berg, Leerand & Stenersen, 2017), i tillegg til å vere eit trugsmål for dei nærliggande statane Afghanistan, Pakistan, Irak og Syria (Sitter, 2017, s. 223). Sjølv om det som nemnt rådar ei oppfatning av at terrortrusselen er aukande (Nordenhaug og Engene, 2008, s. 20), betyr ikkje dette at terrorisme i seg sjølv er noko nytt. For å forklare den moderne terrorismen vil eg ta føre meg nokre sentrale trekk ved terrorismen si historie. Denne teorien vil eg bruke i analysen av materialet for å sjå korleis terrorhistoria er framstilt, og kva som vert fokusert på når barn er målgruppa.

2.1.3 Terrorismen gjennom historia

Sitter (2017) skriv at terrorisme alltid har eksistert (s. 15), men at den terrorismen som finst i dag, er eit moderne fenomen (s. 19). Gjennom historia har det alltid vore grupper som har brukte terrorhandlingar mot sivile for å påverke dei som sat med makta, men den moderne terrorismen oppstod etter oppfinninga av dynamitten i 1867. Det var ifølgje Sitter (s. 16) tre samanfallande årsaker til at moderne terrorisme oppstod akkurat då; ny teknologi, framvekst av radikale ideologiar og ein kommunikasjonsrevolusjon. Han skriv at «[d]en nye teknologien gjorde det mulig å drepe eller skade i et mye større omfang enn angrep med skytevåpen» (Sitter, 2017, s. 16). Dette skjedde samtidig med ei framvekst av radikale ideologiar, der målet var å endre samfunnet raskt og radikalt (s. 21). Den tredje årsaka var at nye oppfinningar som trykkpressa, telegrafen, jernbane og dampskip førte til ein kommunikasjonsrevolusjon (s. 21). På denne måten kunne små grupper av menneske med få midlar nå ut til eit stort publikum, mellom anna gjennom masseproduserte aviser. Av denne grunn er det vanleg å datere starten på den moderne terrorismen til rundt 1870-1880, og ifølgje Sitter (s. 19) blir attentatet mot tsar Aleksander II i 1881 kalla den første terroraksjonen i dei fleste bøker om terrorisme.

2.1.4 Fire terrorbølgjer

Sidan 1800-talet har terrorismen kome i fleire former. David C. Rapoport skreiv kort tid etter 11. september 2001 den innverknadsrike artikkelen «The four waves of modern terrorism» (2004) [2001] der han skildra fire terrorbølgjer; anarkistisk terrorisme (1880-1915), nasjonalistisk terrorisme (1920-1960), marxistisk terrorisme (1960-1990) og religiøs terrorisme med utgangspunkt i radikal islam (starta kring 1980). I desse periodane har ulike former for terrorisme oppstått, nådd eit høgdepunkt og sakte minka – som ei bølgje. Desse bølgjene består ikkje av éi terrorgruppe: «[s]narere dannes bølgen av at ulike aktører flere

steder i verden motiveres av de samme ideologiske grunner eller politiske forhold og antar terroristiske handlingsmønstre som ligner på hverandre.» (Nordenhaug & Engene, 2008, s. 21). Rapoport sin bølgjeteori er ei forenkling, men gir eit oversiktleg biletet som har dominert i dei ulike periodane. Sidan bølgjeteorien til Rapoport har vore brukt som utgangspunkt for å forstå terrorhistoria, vil eg i analysen av materialet sjå om Rapoport sin teori er brukt i framstillinga av terrorhistoria.

Den fyrste terrorbølgja varte frå omlag 1880-1915, og vert kalla anarkistisk terrorisme. *Anarkisme* er ifølgje Store norske leksikon ein sosial og politisk ideologi som tek sikte på å oppheve staten for å sikre individet sin rett til økonomisk, sosial og politisk sjølvstende (Schønhardt & Berg, 2018). Denne fyrste moderne terrorismen var ifølgje Rapoport (2004, s. 50) prega av angrep som skulle råke den borgarlege kapitalismen og autoritære imperium. Angrepa var utført i europeiske land og USA av mindre grupper av radikale studentar og/eller immigrantar motiverte av anarkistisk ideologi. Angrepa retta seg hovudsakleg mot statsoverhovud og borgarskapet. Det er som nemnt vanleg å rekne attentatet mot tsar Aleksander II i 1881 som det fyrste moderne terrorangrepet. Sjølv om Aleksander II var ein liberal tsar i motsetnad til sine forgengalar, vart han drepen, på grunn av at han var tsar og kva det representerte. Anarkistane som utførte angrep gjennom denne perioden skulle sende ein beskjed ved å utføre angrep mot borgarskapet og statsoverhovud, fordi dei ifølgje Sitter «forstod det som mer eller mindre alle terrorister siden har oppdaget, nemlig at det er sjokkverdien av bomber og attentat som teller mest...» (2017, s. 45).

Den andre terrorbølga varte frå rundt 1920 til 1960 og dreia seg om nasjonalistisk terrorisme mot imperium, motivert av eit ønske om sjølvstende. Terrorbølgja starta ifølgje Rapoport (2004, s. 52-53) etter fyrste verdskrig. Dette var ei antikolonialistisk bølgje, og terroristane kjempa mot koloniherredømme og for nasjonal sjølvråderett. Terroristane byrja no å kalla seg fridomskjemparar, fordi ordet terrorist hadde negative konnotasjonar. Terroristgrupper som ynskja sjølvstende etablerte seg i alle imperium, og dei var heilt avgjerande i etableringa av dei nye statane Irland, Israel, Kypros og Algeria (med fleire). Bølgja vart forsterka etter at 2. verdskrig tok slutt. Strategien i den andre terrorbølgja gjekk ut på å eliminere politiet og å utføre kjappe, avgrensa og målretta aksjonar mot militære troppar. Sjølv om nasjonalistisk terrorisme var særleg utbreidd i denne perioden, påpeikar Nordenhaug og Enger (2008, s. 24) at strid om land og okkupasjon har vore ein viktig årsak til terrorisme både før og etter denne perioden, og den nasjonalistiske terrorismen har dermed eksistert under kvar av dei fire bølgjene.

Den marxistiske terrorismen i den tredje terrorbølgja varte frå 1960 til 1990.

Terrorbølgja var ifølgje Rapoport (2004, s. 56) motivert av eit opprør mot Vietnamkrigen, og vart forsterka av Israel-Palestina-konflikten. Terroristane i denne perioden var av små radikale grupper som blanda anarkisme med marxisme og sosialisme. Dei venstreradikale terroristane kjempa ein global klassekamp mot imperialisme. Ifølgje Rapoport (s. 57) var strategien kidnappingar, gisselaksjonar og flykappingar. I denne perioden føregjekk over 700 flykappingar. Frå 1968 til 1982 vart det utført 409 internasjonale kidnappingar i 73 land, særleg i Spania, Italia og Latin-Amerika (s. 57).

Den fjerde terrorbølgja starta kring 1990, og er prega av religiøs terrorisme. Sjølv om religiøse element alltid har vore ein del av terrorismen, fekk religion ei anna betyding frå rundt 1990 enn han hadde hatt før, meiner Rapoport (2004, s. 61). Religiøs identitet var eit element i terrorismen også tidlegare, men då fordi religion ofte overlappa med etnisk bakgrunn, og dermed berre var ein av fleire faktorar når folkegrupper kjempa for sjølvstendige nasjonar. I den terrorismen som oppsto rundt 1990 vart terroristane sin religion derimot brukt som utgangspunkt for å kjempe for eigne statar, hevdar Rapoport (s. 61). Islam er i hjartet av denne forma for terrorisme, fordi muslimske grupper har utført dei viktigaste og mest dødelege terroråtaka. Det var også i muslimske land at dei politiske hendingane som utløyste den fjerde bølgja skjedde, slik som den iranske revolusjonen i 1979 og Sovjetunionen sin invasjon av Afghanistan. Kjende terroristgrupper med utgangspunkt i radikal islam er Hamas, Hizbollah, Al-Qaida og IS. Sitter (2017, s. 222) skriv at Al-Qaida og IS har starta ein «global form for jihad», og difor representerer eit nytt trugsmål. Det er derimot ikkje berre islamistiske terrorgrupper som har utført terrorangrep i denne fjerde bølgja, Rapoport (2004, s. 61) skriv om terrorisme med utgangspunkt i hinduistiske, jødiske og kristne grupper, og om den japanske gruppa Aum Shinrikyo som kombinerte buddhisme, hinduisme og kristendom. Ifølgje Rapoport sin teori varar kvar terrorbølgje i omkring ein generasjon, og dermed vil den fjerde bølgja ebbe ut rundt 2025.

2.1.5 Andre typologiar for å forstå terrorisme

Dei fire bølgjene er eit godt utgangspunkt som struktur for å forstå terrorisme, men dei gjev eit forenkla bilet av terrorismen si historie. Det finst også andre måtar å dele inn dei ulike formene for terrorisme for å skape eit oversiktleg bilet. Nordenhaug og Engene (2008, s. 16) skriv at gjennom historia har særleg tre distinksjonar for å skilje mellom ulike former for terrorisme vore viktige; skiljet mellom *statsterrorisme* og *opprørsterrorisme*, skiljet mellom *internasjonal terrorisme* og *intern terrorisme* og å skilje mellom underliggende motivasjon og

ideologi. Fordi skilnaden på terrorismen i dei fyrste tre terrorbølgjene og terrorismen i den fjerde terrorbølgja er så markant forskjellig, er det også mogleg å skilje mellom gammal og ny terrorisme.

2.1.5.1 Aktørbasert typologi

I den aktørbaserte typologien skil ein mellom terrorisme ut frå om det er utført av styresmakter eller ikkje-statlege aktørar, skriv Nordenhaug og Engene (2008, s. 16). Statsterrorisme er valdsbruk frå myndighetene mot eigne borgarar for å skremme dei til politisk lydighet. Eit døme på dette er at spanske myndigheter støtta terrorgruppa Grupos Antiterroristas de Liberación (GAL) i kampen mot baskiske separatistar på 1980-talet. Opprørsterrorisme er tilfeldig bruk av vald utført av ikkje-statlege aktørar. Det kan vere vanskeleg å skilje mellom desse to formene for terrorisme fordi styresmakter gjerne støttar terroristgrupper indirekte og/eller i løyndom. Opprørsterrorisme får størst merksemd i dag, og det er ofte i praksis opprørsterrorisme ein meiner når ein pratar om terrorisme i daglegtale.

2.1.5.2 Rekkevidde av aksjonane

I denne typologien skil ein ifølgje Nordenhaug og Engene (2008, s. 17) basert på det geografiske området terroristane opererer innanfor og kva nasjonalitet dei involverte har. Intern terrorisme involverer borgarar frå eitt land, og rekkevidda er dermed nasjonal. Internasjonal terrorisme involverer derimot borgarar frå meir enn eitt land. Anten reiser terroristar frå eit land til eit anna for å utføre terrorisme, eller så angrip terroristar utanlandske mål i eige land. Sidan nasjonalstatar er mindre viktige i dag på grunn av globaliseringa, er ikkje skiljet mellom nasjonal og internasjonal terrorisme like aktuelt i dag, hevdar Nordenhaug og Engene. Den internasjonale terrorismen blir sett på som ein særleg alvorleg utfordring.

2.1.5.3 Motivasjon eller ideologi

I denne typologien skil ein mellom terrorisme ut frå motivasjonen bak terrorhandlinga. Nordenhaug og Engene (2008, s. 18) deler inn i nasjonalistiske eller separatistiske terroristar, ideologiske terroristar (høgre- eller venstreradikale), religionspolitiske terroristar, saksorienterte terroristar og statsfinansierte eller statsstøtta terroristar. Sitter (2017) har ei anna inndeling som er basert på bølgjeteorien til Rapoport, men ikkje organisert ut frå perioden kvar form for terrorisme dominerte. Sitter (2017, s. 20) meiner det kan vere nyttig

heller å dele inn i fire former terrorisme, der kvar type har eller har hatt sin eigen glansperiode. Dei fire formene er anarkistisk og venstreradikal terrorisme, nasjonalistisk terrorisme; høggreekstrem terrorisme og religiøs terrorisme.

2.1.5.4 Gammal og ny terrorisme

Den terrorismen som oppsto rundt 1990, det Rapoport kallar “den fjerde terrorbølgja”, er ifølgje Nordenhaug og Engene (2008, 33) så markant forskjellig frå den tidlegare terrorismen, at ein kan setje eit skilje mellom gammal og ny terrorisme. Den nye terrorismen inneberer fleire aksjonar med dødeleg utfall, og dette forklarar Nordenhaug og Engene med at motivasjonen til dagens terroristar er religion. Terrorgruppene i den gamle terrorismen var motivert av sekulær ideologi og ynskja å endre samfunnet. Fordi dei visste at handlingane deira kunne få politiske konsekvensar, måtte dei avgrense bruken av vald. Dette er ikkje tilfellet med dagens terrorisme:

Den nye terrorismen er derimot motivert av religion og kan førespeile terroristen belønning for sine handlinger i den neste verden. Oppfatningen er at de politiske konsekvensene den terroristiske volden har i denne verden, da blir av mindre betydning, noe som fjerner barrierene mot voldsbruk og leder til voldsommere aksjoner fra religiøst motiverte terrorister. (Nordenhaug & Engene, 2008, s. 34-35)

Den gamle terrorismen var prega av at terroristane ofte ringte til politiet og varsla om tid og stad for bombeaksjonane, slik at politiet hadde moglegheit til å evakuere folk før bomba gjekk av. Aksjonane var også avgrensa i omfang og hadde få drepne. Den nye terrorismen er prega av at terroråtaka skal ramme så tilfeldig og så mange som mogleg, og det er inga førehandsvarsling. Våpna som blir brukt har også større moglegheit til å skade fleire og skade dei meir alvorleg. Tidlegare vart det brukt enkle, konvensjonelle våpen som mindre bomber og handvåpen, medan det i dag blir brukt kraftige bomber, sjølvordombomber og trugsmål om bruk av ukonvensjonelle våpen som atomvåpen, biologiske og kjemiske våpen. Det som tidlegare var symbolsk vald mot utvalde ofre, er i dag massedrap (s. 34).

2.1.6 Kven er terroristane?

Som vist i førre del er terrorisme eit omgrep som vanskeleg kan forklarast i éin enkel definisjon. Like vanskeleg er det å definere kven som er terroristar. Det einaste ein kan vere einige om når det kjem til kva ein terrorist er, er det at det er eit negativt omgrep. Hoffman (2006, s. 23) skriv at terrorisme er eit nedsettande omgrep, og difor blir avgjerda om å kalle

nokon terrorist subjektivt, avhengig av om ein sympatiserer med vedkommande person, gruppe eller sak eller ikkje. Hoffman (s. 22) skriv at terroristane sjølv meiner dei er nøydde til å utføre terrorhandlingar fordi dei ikkje har noko anna val. Dei er desperate og ser inga anna løysing enn å ty til terrorisme for å kjempe for saka si. Ifølgje Hoffman (s. 23) vil terroristane hevde at det er samfunnet, styresmaktene eller systemet som er dei ekte terroristane. Terroristen vil aldri sjølv kalle seg terrorist, og denne sjølvfornektinga skil han frå andre politiske ekstremistar og kriminelle:

A communist or a revolutionary, for example, would likely readily accept and admit that he is in fact a communist or a revolutionary. (...) The terrorist, by contrast, will *never* acknowledge that he is a terrorist and moreover will go to great lengths to evade and obscure any such inference or connection. (Hoffman, 2006, s. 22).

Hoffman skriv vidare at terroristorganisasjonar vel namn som heller skal assosierast med fridom og frigjering, militære organisasjonsstrukturar, rettferdig hemn, sjølvforsvar eller heilt nøytrale namn. Dette er al Qaida er eit døme på, då al Qaida tyder "base of operation" eller "foundation" (s. 22). Hoffman viser med dette at terroristar i dag ikkje ser på seg sjølv som terroristar.

2.1.7 Terrorismen sine pedagogiske utfordringar

Dette kapitlet tek opp nokre utfordringar knytt til terrorisme som kan gjere det vanskeleg å formidle kunnskap om denne tematikken til ei ung målgruppe. Utfordringer handlar om at ordet terrorisme i mange samanhengar blir brukt feil og at det er mange myter kring terrorisme og stereotypar om kven som er terroristar, særleg når det gjeld islamistisk terrorisme. Analysen av materialet ser på korleis fagbøkene for barn føreheld seg til desse utfordringane.

2.1.7.1 Omgrep terrorist og terrorisme

Ordet terrorisme har blitt ein del av daglegtala, men ofte blir det brukt i feil samanheng, skriv Hoffman (2006, s. 1). Fordi omgrepet har endra tyding gjennom dei siste 200 åra, og dei konnotasjonane som ligg til ordet har forandra seg, kan det vere eit forvirrande omgrep å forstå. Media er også med på å skape denne forvirringa kring kva som eigentleg er terrorisme, ved å bruke omgrepet om massedrap og andre valdshandlingar der motivet er noko anna enn terrorisme, meiner Hoffman (s. 1). Ein grunn til at media bruker omgrepet der det ikkje er relevant, kan vere at å leggje til ordet terror i ei nyhendesak fører til auka merksemd kring

saka, seier terrorforskar Jo Jakobsen i eit intervju (Veum, 2017). Sitter (2017) skriv at terrorisme er eit omgrep det er strid om blant både journalistar, politikarar og forskarar (s. 11), og at det er vanskeleg å finne ein definisjon på terrorisme som dekker alle former for terrorisme som har vore gjennom historia (s. 15). Dette gjeld ikkje berre *kva* terrorisme er, men også *kven* som utfører det.

Sitter (2017) skriv at det finst mange myter kring terrorisme og kven som utfører det: at terroristar er vonde menneske som hatar demokrat og fridom, at terroristar er gale eller utilreknelege og at terrorisme er ein direkte konsekvens av fattigdom, undertrykking, lågt utdanningsnivå eller visse religionar (s. 251-252). Dersom ein ser på terroristar som vonde, gale og undertrykte, er ein ikkje med på premissset om at dei fleste terroristar sjølve meiner dei har heilt rasjonelle grunnar til å utføre terrorhandlingar. Det er også problematisk å sjå terrorisme som ein konsekvens av politisk, økonomisk eller sosial undertrykking (s. 254). Det kan hende at fleire av desse mytane i nokre tilfelle stemmer, men Sitter meiner det ofte finst andre forklaringar som i større grad kan medverke til å finne løysningar som kan fungere for å arbeide mot terrorisme, og då bør ein heller forhalde seg til desse forklaringane i framstillinga av terroristane.

2.1.7.2 Islam og terrorisme

Som nemnt i innleiingskapittelet, finst det visse fordommar knytte til koplinga mellom terrorisme og religiøs eller etnisk bakgrunn. I kapittel 2.1.4 viser oppgåva til Rapoport (2014) sin teori om fire terrorbølgjer. Den fjerde terrorbølgja handlar om religiøs terrorisme, særleg prega av ekstreme tolkingar av islam. Rapoport meiner det er muslimske grupper som har utført dei viktigaste og mest dødelege terroråtaka, men viser også til døme på terrorgrupper som er inspirert av andre religionar. Det at ekstreme muslimar, eller islamistar, utfører terroråtak, påverkar haldningane andre har til *alle* muslimar - særleg gjennom negativ framstilling av islam i media, meiner Edward Said. Said har skrive innverknadsrike tekstar om korleis *Orienten* (det vil seie Asia og asiatar) blir framstilt i vestlege land. I boka *Covering Islam* (1997) viser Said at muslimar ofte er negativt framstilt i vestleg media, og at islam blir einsbetydande med fundamentalisme og terrorisme.

Said (1997, s. xv) skriv at han ser grunn til kritikk av muslimske land som er prega av sensur, diktatorar, tortur og statsdriven terrorisme, og legg ikkje skjul på at det har vore mange tilfelle av terrorisme der muslimar har vore involvert, både mot vestlege og israelske mål. Likevel meiner Said at det biletet av islam som blir skapt i vestleg media, i røynda er ein svært liten del av at det som eigentleg er islam: «most of this is unacceptable generalization of

the most irresponsible sort, and could never be used for any other religious, cultural, or demographic group on earth» (Said, 1997, s. xvi).

Said meiner omgrepet fundamentalisme i dag har enda opp med å bli einstydande med islamistisk fundamentalisme, trass sterke “røter” for kristen, jødisk og hinduistisk fundamentalisme (s. xvi). Han meiner det har blir skapt eit vedvarande negativt bilet av islam gjennom måten islam blir framstilt på:

Given the tendency to reduce Islam to a handful of rules, stereotypes, and generalizations about faith, its founder, and all of its people, then the reinforcement of every negative fact associated with Islam - its violence, primitiveness, atavism, threatening qualities - is perpetuate. (Said, 1997, xvi)

Denne generaliseringa av kva islam er, er aldri meir tydeleg enn når ein skal vise samanhengen mellom islam og terrorisme, hevdar Said: «Ask American college students, in the elite universities or elsewhere, what they think of when the world ‘Muslim’ is mentioned. The response is inevitably the same: gun-toting, bearded, fanatic terrorists hellbent on destroying the great enemy, the United States» (Zachary Karabell, sitert i Said, 1997, s. xxvi).

Stereotypiske haldningar knytt til muslimar er ikkje berre eit problem i USA, men er også aktuelt i Noreg. Ei undersøking frå Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter om haldningar til muslimar og jødar i Noreg, viser at 34,1 prosent av befolkninga i Noreg har utprega fordommar mot muslimar. Det negativet synet på muslimar vert forklart med islamistisk terror og ekstremisme, kulturkonfliktar og framandfrykt (HL-senteret, 2017).

For forfattarar som skal skrive fagbøker for barn om terrorisme, medfører stereotypiar og fordommar til muslimar ei utfordring; det er nær umogleg å skrive om terrorismen i dag utan å nemne islamistisk terrorisme. Ifølgje Rapoport (2004) er den terrorbølgja vi lever i no prega av religiøs terrorisme, særleg motivert av det ekstreme islam, og det er vanskeleg å kome utanom islam når ein skriv om nokre av dei verste terrorangrepa dei siste åra, slik som terrorangrepet 11. september 2001. Utfordringa blir då å skrive om islamistisk terrorisme utan å byggje opp under dei fordommane som Said (1997) meiner eksisterer til muslimar, og som undersøkingar frå HL-senteret (2017) viser at eksisterer i Noreg i dag.

2.1.8 Korleis snakke med barn om terrorisme?

Terrorisme er ein av mange ulike katastrofar som barn kan få med seg i mediekvarden. I ein rettleiar for lærarar utvikla av organisasjonen Redd Barna skriv Magne Raundalen og Jon-

Håkon Schultz (2010) om kvifor ein bør prate med barn om katastrofar, og korleis ein kan gjere dette. Sjølv om teksten i utgangspunktet handlar om munnleg kommunikasjon, meiner eg nokre punkt er aktuelle også for skriftleg formidling, og eg vil difor ta føre meg nokre av deira argument for å prate med barn om katastrofar og korleis ein kan gjere dette på ein måte som tek omsyn til barnet.

Frykta for at barn vil bli utrygge, triste eller redde av informasjon om manglande rettferd eller katastrofar, medfører at lærar og andre vaksne pratar mindre og sjeldnare med barn om vanskelege situasjoner enn dei sjølv føler dei burde, skriv Raundalen og Schultz (2010, s. 1). Raundalen og Schultz meiner derimot at det å prate med elevane ikkje vil gjere dei meir engstelege, men tryggare: «[k]unnskap kan bidra til trygghet og handlekraft, framfor frykt og resignasjon» (2010, s. 1). Dersom barn opplever at dei er aleine om tankar om skumle tema, kan dei bli redde, og det er difor viktig at desse skremmande temaa vert snakka om.

Raundalen og Schultz (s. 3) presenterer nokre tips for å prate med barn om vanskelege tema, som også er relevant i skriftleg formidling. For at barna skal bli minst mogleg redde, er det viktig å fokusere på «det som gjøres for å hjelpe og på alle menneskene som faktisk bryr seg» (2010, s. 3). Det er også lurt å gi barna knaggar i form av ord og omgrep som kan hjelpe dei å forstå på sitt nivå; «[f]år barnet knagger kan de henge fra seg unødig frykt og bekymringer, og de kan snakke om det som henger der» (2010, s. 3). Ein knagg ein kan bruke er å fokusere på at det som har skjedd er langt unna og skjer veldig sjeldan, samt å fokusere på at du som voksen ikkje er redd. Dersom ein tilpassar det ein pratar om til tid, stad og barnet sin alder, meiner Raundalen og Schultz at ein kan prate med barn om alt – fordi openheit ikkje skadar barn, men det kan derimot hemmeleghald gjere.

I eit intervju med avis Bergensavisen seier krisepsykolog Atle Dyregrov at barn frå om lag 5-årsalderen blir påverka av nyhende, og at det difor er viktig å spørje barna kva dei har fått med seg etter ei terrorhandling og forklare dei kva som har hendt (Nilsen, 2015). Willy Tore Mørch er professor i barn og unge si psykiske helse, og skriv det slik: «[m]an kan snakke med barn om terror. Man bør absolutt snakke med dem om det når de spør. Målsetningen er at barnet får en riktig forklaring og at barnet føler seg trygg når samtalен er over» (Mørch, 2016).

Det er altså semje blant fagfolk i at når til og med dei heilt yngste barna får med seg terroråtak i media, så er det naudsynt at voksne forklarar dei det dei måtte lure på. På denne måten slepp barna å lage eigne tolkingar av det dei ser og høyrer, men får svar på det dei lurer

på av nokon som kan roe dei. Dette må også vere føremålet når ein framstiller temaet terrorisme i skriftleg tekst for barn og unge; å opplyse og gi svar på vanlege spørsmål, men samstundes vise at det er svært usannsynleg at barnet kjem i ein situasjon der terrorismen kan råke dei, og dermed unngå å skape meir frykt enn forståing.

2.3 Analyse av fagbøker for barn

For å kunne svare på problemstillinga *Korleis er terrorisme framstilt i fire fagbøker for barn og ungdom?* er det naudsynt å nærlse materialet. For at analysane skal kunne samanliknast og drøftast slik at oppgåva kan seie noko overordna, er det hensiktsmessig å etablere ulike kategoriar som bestemmer kva analysen ser på i kvar bok. Analysen tek utgangspunkt i seks kategoriar som er inspirert av Anna Karlakov Skyggebjerg sine spørsmål til analyse av fagbøker for barn.

«Der eksisterer ingen analysepraksis specifikt udformet til fagbøger for børn» skriv Skyggebjerg (2011, s. 106) i sin artikkel «Er fagbøger en del af barnelitteraturen?». Ho hevdar at det har vore sterke tradisjonar for å analysere *skjønnlitterære* barnebøker, og at det innanfor mange ulike tilnærmingar til analyse av desse tekstane. To av dei mest nytta er nykritikken, som ser på korleis form og innhald i verket spelar saman, og resepsjonestetikken, som tek føre seg tekstens forteljar- og lesarposisjonar. Dette er etablerte metodar som har blitt nytta til å forstå og analysere barnebøker, men det har vore mindre fokus på analyse av *fagbøker* for barn. Skyggebjerg meiner dette (s. 103) kan ha å gjere med at ein har forsøkt å heve statusen til barnelitteraturen gjennom fokus på dei komplekse historiene med kunstnarleg språk, og dermed har oversett dei bøkene som skal formidle kunnskap om verda i sakleg og lett tilgjengeleg form, altså fagbøkene. Fordi fagbøker for barn har blitt har fått mindre merksemd enn skjønnlitterære bøker, har det også vore mindre fokus på analyse av desse bøkene hjå litteraturvitarar og forskarar.

Skyggebjerg meiner dei metodane som allereie finst for å analysere barnelitteratur kan brukast til å analysere fagbøker for barn, men at det ikkje er formålstenleg å etablere ein «fast, skematisk analysemolel» (2011, s. 107). Med utgangspunkt i element frå nykritikken og resepsjonestetikken har Skyggebjerg formulert sju spørsmål til analyse av fagbøker. Gjennom tekstanalyse basert på desse spørsmåla, skal ein kunne seie noko om formålet, lesarkontakt, innhaldet og estetikken i fagteksten. Spørsmåla er som følgjer:

Hvilken viden præsenteres og hvorfor? Hvordan er den præsenterede viden organiseret? Hvem henvender teksten sig til? Hvordan viser fortællerstemmen sig? Hvilket sprog og hvilken metaforik bruges i fremstillingen af emnet? Hvilken type af illustrationer præsenteres, og hvordan virker de i sammenhæng med teksten? Hvordan virker denne fagbog i forhold til andre eksempler (og normer) inden for samme subgenre? (Skyggebjerg, 2011, s. 107)

Desse spørsmåla er brukt som utgangspunkt for å utarbeide seks kategoriar til å utføre analysen; utval av kunnskap; organisering av kunnskap; lesarkontakt; forteljarstemma; språk og språklege verkemiddel og visuell fagformidling. Det er framstillinga av terrorisme som er fokus i nærlesinga av tekstane. Gjennom analyse av tekstane basert på dei overordna kategoriane vil oppgåva vise funn som skal svare på problemstillinga for oppgåva. Det siste spørsmålet Skyggebjerg stiller vil ikkje brukast i analysen av materialet, då dette spørsmålet handlar om normer og tradisjonar innanfor sjangeren, og dermed er mindre relevant for oppgåva sitt føremål.

Som tidlegare nemnt, meiner ikkje Skyggebjerg at spørsmåla hennar skal fungere som ein skjematiske analysemodell, men at ein heller bør forme analysen av tekst basert på «de spørgsmål, som den enkelte tekst rejser» (2011, s. 107). Dette er ein hensiktsmessig måte å nærlese materialet i denne oppgåva. Sjølv om fagbøkene i materialet har likt føremål; å formidle kunnskap om terrorisme og terrorhendingar, er dei ulike når det gjeld lesarkontakt, innhald og estetikk. Analysen er basert på dei karakteristiske trekka til dei ulike tekstane, noko som fører til at fokuset i analysane vil variere frå tekst til tekst. Til dømes er *Terrorisme* (Smith, 2008) og *Det var en gang en sommer* (Kvalshaug, 2013) svært ulike når det kjem til forteljarstemma. I *Det var en gang en sommer* nyttar Kvalshaug sine personlege historier knytt til 22. juli og han koplar forteljarstemma i teksten med den faktiske forfattaren utanfor teksten ved å skrive «jeg som skriver denne boka». I *Terrorisme* (2008) er det tredjepersonforteljar som føreheld seg nøytral til tematikken i boka. Det er dermed mindre å seie i høve til forteljarstemma i *Terrorisme* (2008), medan analysen av *Det var en gang en sommer* tek føre seg fleire ulike aspekt ved forteljarstemma i boka.

Kategoriane som er nytta i analysen vil ofte kunne vere samanfallande, til dømes er det ikkje alltid enkelt å skilje kva som er språkleg tilrettelegging frå korleis dette språket kjem fram gjennom forteljarstemma. Kategoriane vil likevel nyttast som ein måte å systematisere nærlesinga. Vidare vil oppgåva gå nærmare inn på dei ulike kategoriane, og trekkje inn relevant teori.

2.3.1 Utval av kunnskap

«Hvilken viden præsenteres og hvorfor?» er spørsmålet Skyggebjerg (2011, s. 107) stiller.

Det er ikkje mangel på informasjon om temaet terrorisme, og som vist i kapittel 2.1 er det ein tematikk med fleire ulike innfallsvinklar. For ein forfattar som skal skrive fagbøker om temaet er det ein omfattande jobb å velje ut og avgrense kva informasjon og kunnskap som skal få plass i boka. Forfattaren har slik sett definisjonsmakt over kva kunnskap som blir formidla, og kan dermed forme kva forståing av terrorisme lesaren sit att med. Analysen ser kva utval forfattaren har gjort i lys av teoriane om terrorisme som vart presentert i kapittel 2.1.

Som vist i kapittel 2.1.7 er det utfordringar knytt til det å skulle formidle kunnskap om terrorisme, slik som at terrorisme er eit vanskeleg omgrep å definere og at det å kalle nokon ein terrorist alltid vil vere subjektivt. Det er også visse fordommar knytt til kven terroristane er, særleg er det mange fordommar knytt til religionen islam og terrorisme. Analysen vil sjå på korleis bøkene i materialet svarer på desse utfordringane.

2.3.2 Organisering av kunnskap

«Hvordan er den præsenterede viden organiseret?» spør Skyggebjerg (2011, s. 107). Korleis forfattaren organiserer den kunnskapen han har vald å ta med, vil ha følgjer for lesaren og korleis han oppfattar det han les. Organisering av kunnskap handlar både om korleis heile boka er organisert, med tanke på inndeling i kapittel og struktur, korleis oppbygginga av kapitla er og om organiseringa av kvart enkelt *oppslag*. Eit oppslag består av ei dobbelside, altså dei to motståande sidene som ein ser når ein slår opp i boka.

2.3.2.1 Multimodale tekstar sin ikonotekst

Fagbøkene i materialet er multimodale tekstar, noko som vil seie at tekstane er samansett av fleire ulike *modalitetar*. Ein modalitet er ein måte uttrykke mening på, slik som til dømes skrift og bilete (Tønnesen, 2010, s. 12). Dei ulike modalitetane har ulike sterke og svake sider, til dømes eignar skrift seg til å namnge personar og stader, gje informasjon om personar sin bakgrunn og kan skifte mellom notid og framtid, skriv Bjorvand (2014, s. 136). Bilete kan mellom anna vise korleis personar og stader ser ut, og vise former, fargar og storleik (Bjorvand, 2014, s. 136). Desse mogelegheitene og avgrensingane som ligg til kvar modalitet, kallast modalitetens sin *affordans* (Tønnesen, 2010, s. 13). Ved å nytte både bilete og tekst, kan ein ifølgje Bjorvand (2014, s. 136) formidle noko meir eller noko anna enn det kvar modalitet klarer åleine. Tønnessen skriv det på denne måten: «de ulike modalitetene [kan] supplere hverandre med hver sin ulike affordans» (Tønnesen, 2010, s. 13).

Fagbøkene i materialet formidlar dermed kunnskapen om terrorisme gjennom både skrift og bilet, og gjennom det samspelet som oppstår mellom skrifa og bileta.

Litteraturforskar Kristin Hallberg kallar samspelet mellom verbaltekst, bilet og den som les *ikonoteksten*, og meiner at dette er ei bildebok sin eigentlege tekst (Hallberg, 1982, s. 165). Ut frå definisjonen til Hallberg (1982, s. 164) som seier at bildebøker skal ha bilde på minst kvart oppslag, er ikkje alle fagbøkene i materialet for denne oppgåva bildebøker, men dei teoretiske perspektiva kan nyttast også for å analysere dei illustrerte bøkene i materialet. Den som les er ein viktig del av ikonoteksten, fordi lesinga av same tekstu vil vere ulik frå person til person basert på kva slags opplevingar og erfaringar lesaren knyt til teksten. Bjorvand (2014, s. 131) skriv at det oppstår ein heilskap i møtet mellom skrift, bilet og leser. Det er ikkje berre ein ikonotekst i ei bildebok, men fleire: «[b]ildeboka som helhet utgjør én overordnet ikonotekst, og samtidig kan hvert oppslag i boka ses som én eller flere ikonotekster» (Bjorvand, 2014, s. 131).

2.3.2.2 Samspelet mellom modalitetane

I ein og same tekstu kan det oppstå fleire ulike samspel mellom modalitetane. Lesinga av ein ikonotekst er det Bjorvand (2014, s. 135) kallar ein *hermenautisk prosess*, som betyr at ein heile tida fortolkar det ein ser i bildet og les i verbalteksten. Bilde og tekstu utfyllar og påverkar kvarandre, men av og til er det ein modalitet som formidlar meir informasjon enn andre. Kress (2003, s. 46) nyttar omgrepene *funksjonell tyngde* om at ein modalitet formidlar det meste av informasjonen. I same bok kan fleire ulike modalitetar ha størst funksjonell tyngde. I teksten vil det også vere slik at bilde og verbaltekst kan utfylle kvarandre på ulik måte, og ifølgje Barthes (1994, s. 27) er det to ulik samspelsfunksjonar; *forankring* og *avløysing*. Forankring betyr at skrift og bilet er forankra i kvarandre, og formidlar den same informasjonen. Avløysing betyr derimot at bilet og tekstu avløyser kvarandre – dei inngår eit komplementær relasjon og ein kan få ulik informasjon frå verbaltekst og bilet. To døme frå materialet som kan illustrere forankring og forsterkning, er henta frå *Terrorisme* (Smith, 2003) og *Terror* (Skjønsberg, 2015). Begge døma er frå kapittel som handlar om einslege terroristar. I *Terrorisme* er Timothy McVeigh ein av terroristane som er forklart både visuelt og i teksten. Teksten handlar om at han utløyste ei bilbombe i Oklahoma som drap 168 menneske for å frigjere USA frå ei samansverjing. Fotografiet som er nytta viser Timothy McVeigh som går mellom fem politibetjentar, ikledd oransje fangedrakt med eit alvorleg ansiktsuttrykk og handjern. Sjølv om tekstu og bilet nyttar sin affordans til å formidle denne

informasjonen på ulik måte, der biletet mellom anna viser ansiktsuttrykket og det at han er ein fange som må passast på, og teksten fortel kva slags handlingar han har utført og at han vart avretta. Dette er eit døme på forankring; biletet og teksten formidlar her tilnærma same informasjon, og det er at Timonthy McVeigh er ein farleg terrorist. I *Terror* er samspelet mellom biletet og teksten avløysande framstillinga av McVeigh. Det same fotografiet av McVeigh med eit alvorleg ansiktsuttrykk og fangedress, omringa av politi, er nytta også i denne boka. Teksten gir derimot meir informasjon enn berre det at han er ein farleg terrorist som detonerte ei bombe som drap 168 menneske. Det står mellom anna at McVeigh vart mobba på skulen, hadde få vener, var dårlig på skulen og at mora reiste frå han då han var ung. I denne teksten tilfører teksten meir informasjon enn det vi får gjennom biletet som berre viser ein farleg terrorist, og teksten utdjupar den informasjonen ved å forklare nokre årsaker til at han blei sånn. Dette er eit døme på avløysing.

I tekstane i materialet er oppslaga bygd opp av mange ulike element, som illustrasjoner, fotografi, verbaltekst og faktaruter som er skilt frå hovudteksten ved å vere i ein anna stil og/eller ha ei anna form, til dømes ein annan bakgrunnsfarge. Løvland skriv at måten ulike element er sett saman på i eit oppslag, gjennom mellom anna plassering, storleik og bruk av rammer, vil seie «[...] leseren mye om informasjonsverdi og sammenheng mellom de ulike tekstelementene» (2012, s. 86). Som nemnt må lesarar av multimodale tekstar setje saman informasjonen frå dei ulike modalitetane, og i følgje Løvland (2012, s. 87) krev dette at forfattaren klarar å setje saman dei ulike tekstelementa i kvart oppslag til ein meiningsfull heilskap. Viss ikkje kan det ende opp med å skape forstyrring i meiningsskapinga til lesaren.

Analysen av materialet vil dermed basere seg på å analysere ikonoteksten, det vil seie samspelet som oppstår mellom lesar, tekst og bilet. Analysen vil seie noko om korleis modalitetane fungerer i høve til kvarandre, ved å sjå korleis oppslaga er i høve til funksjonell tyngde, og om det er nytta forankring eller avløysing. Analysen vil også ta føre seg om måten modalitetane er sett saman på skapar ein meiningsfull heilskap.

2.3.3 Lesarkontakt

«Hvem henvender teksten sig til?» er spørsmålet Skyggebjerg (2011, s. 107) stiller. Analysen av materialet ser på korleis teksten er tilpassa lesaren ved å analysere kven som er den *implisitte lesaren* av teksten og korleis teksten elles er tilpassa med tanke på målgruppa. Omgrepet *implisitt lesar* handlar om den tenkte lesaren som forfattaren gjennom forteljarstemma ser føre seg at han skriv eller kommuniserer til. Den implisitte lesaren må ikkje forvekslast med den som faktisk les boka: «[I]lesaren sitt andre eg – lesaren i boka – [får]

visse eigenskapar, ein viss identitet, som blir forma av dei tekniske grepa forfattaren brukar» skriv Aidan Chambers (1990 s. 25). Analysen vil sjå på kven den implisitte lesaren, det vil seie den verkinterne lesaren er.

2.3.3.1 Målgruppemedvit

Grepstad (1997, s. 526) skriv at sakprosatekstar aldri kan seie alt, men at det er eit tomrom i teksten som krev at lesaren knyt eigne erfaringar og kunnskapar til det han les. Som nemnt i kapittel 1.2.3 vil barnet som les fagbøker for barn ofte ha færre forkunnskapar og enn den vaksne lesaren. Dette må forfattaren ta omsyn til for at teksten skal opplevast relevant for lesaren. Dess eldre barna blir, dess fleire erfaringar vil dei ha. Desse erfaringane er gode å bruke som utgangspunkt for vidare læring, og både biletet og tekst kan hjelpe lesaren å knyte stoffet til eigne erfaringar (Løvland, 2012, s. 84). Løvland skriv at «tekstskaperen må vinkle og fokusere stoffet tydelig i forhold til hva man kan forvente av erfaringer på det aktuelle alderstrinnet dersom leseren skal kjenne igjen sin verden» (2012, s. 84). Ein måte å knyte barn til fagstoffet, er ifølgje Løvland (s. 85) å innføre barn på same alder som målgruppa, som deltar i teksten og gi dei roller knyta til temaet for boka.

Medvit kring målgruppa handlar ikkje berre om at teksten bør vere tilpassa lesaren sin kunnskap på bakgrunn av alder, men også om at kunnskapen til lesaren vil vere avhengig av kva slags bakgrunn han har. Fagbøker som er utgjevne på norsk bør vere tilpassa barn som bur i Noreg, og byggje på erfaring og kunnskap som ein kan anta at dei fleste barn som bur her har felles. I norske fagbøker vil det å tilpasse kunnskapen for barna som bur i landet truleg vere forfattaren sitt utgangspunkt, men når det gjeld utanlandske bøker vil det å tilpasse til ny kontekst i nokre tilfelle vere ein del av omsetjingsprosessen. Prosessen med å fornorske stoffet og bytte ut tekst for å leggje til rette for ein ny kontekst, kallar Grepstad (1997, s. 523) *versjonering*. Versjonering handlar om å lage ein versjon av boka som skal passe for den nye målgruppa: «[e]ndra kontekst endrar teksten. Når fiksjonslitteratur blir omsett, blir den gjendikta. Når sakprosa blir omsett, blir den som regel også bearbeidd og tilpassa» (Grepstad, 1997, s. 523). I analysen vil eg ta føre meg versjoneringa av dei to omsette bøkene i materialet, gjennom å samanlikne dei norske utgåvane med dei originale, engelske bøkene.

Målgruppemedvit vil også handle om kva omsyn forfattaren tek til barnelesaren med tanke på at temaet terrorisme kan skape frykt og vonde tankar hjå barn. Kapittel 2.1.2 handlar om Dyregrov og Schultz sine tips til korleis ein bør prate med barn om katastrofar gjennom å gje dei knaggar å knyte kunnskapen til, forsikre dei om at dei er trygge og at «vi vaksne»

ikkje er redde. Materialet vil analyserast ut frå korleis dei er tilrettelagt med tanke på å skape forståing utan å gjere barnelesaren redd.

2.3.4 Forteljarstemma

Skyggebjerg (2011, s. 107) spør «Hvordan viser fortællerstemmen sig?». Innanfor analyse av skjønnlitteratur er svaret på «kven fortel?» normalt anten fyrstepersonforteljar eller tredjepersonforteljar, der fyrstepersonforteljaren er eit “eg” og tredjersonforteljaren er ei anonym stemme, skriv Rolf Gaasland (1999, s. 24). Gaasland (s. 25) påpeiker at forteljaren og forfattaren er ikkje identiske storleikar, då forteljaren er ein storleik i teksten medan forfattaren er utanfor teksten. I analysen vil materialet diskuterast ut frå kva form for forteljar det er, og om forteljaren tek grep for å involvere seg sjølv i teksten.

2.3.5 Språk og språklege verkemiddel

Spørsmålet Skyggebjerg (2011, s. 107) stiller er «Hvilket sprog og hvilken metaforik bruges i fremstillingen af emnet?». Dei fleste fagbøker for barn vil på ein eller anna måte vere språklege tilrettelagt for ei målgruppe med mindre vokabular enn den vaksne lesaren. I mange tilfelle vil det vere naudsynt å forenkle ord og uttrykk så den unge lesaren kan forstå. Forfattaren kan bruke metaforar og andre språklege bilete for å forklare abstrakte forhold på ein enklare måte, skriv Roe (2014, s. 57). Analysen ser på om det er nytta metaforar eller andre tilretteleggingar av språket, til dømes meir kvardagsleg og verbalt språk.

Kva slags retoriske verkemiddel som er nytta i tekstane vil også påverke korleis lesaren stiller seg til fagstoffet. Tønnesson (2012, s. 20) skriv om dei tre bevismidla *patos*, *etos* og *logos* som ein kan nytte seg av for å overtyde mottakaren. *Patos* handlar om å vekke kjensler hjå mottakaren, *etos* bruker talaren for å sikre tillit og truverd hjå mottakaren og *logos* dreier seg om å bruke kjennskap om sjølve saka for å overtyde mottakaren.

2.3.6 Visuell fagformidling

«Hvilken type af illustrationer præsenteres, og hvordan virker de i sammenhæng med teksten?» spør Skyggebjerg (2011, s. 107). Fagbøker for barn nesten alltid illustrerte, og dette gjeld alle bøkene i materialet. Dette inneberer som vist i kapittel 2.3.2 at tekstane er multimodale og at kunnskapen vert formidla gjennom eit samspel mellom dei ulike modalitetane og lesaren sjølv. Fotografia og illustrasjonane som er brukt i bøkene, utgjer ein stor del av den kunnskapen som blir formidla om terror. Av denne grunn vil utvalet av bilete, kva bileta representerer og korleis bileta er komponerte, ha mykje å seie for kva slags

kunnskap lesaren sit att med. På grunn av masterprosjektet sine avgrensingar, er det ikkje høve til å analysere alle bileta som er nytta i materialet, men analysen vil seie noko overordna om kva slags biletar som finst i bøkene og nokre av bileta vil bli nærmare undersøkt. I bildeteksten til bileta står det kvar dei er tekne, og ved å sjå kvar bileta er frå, kan ein seie noko om kva delar av verda som er representerte i bøkene. Vidare går oppgåva inn på nokre omgrep ein kan nytte for å analysere biletar.

2.2.6.1 Krav eller tilbod?

Ansiktet til den avbilda har mykje å seie for kva kontakt som blir etablert mellom deltakarane i biletet og den som ser på biletet, skriv Kress og van Leeuwen (2006, s. 117). Dersom deltakarane ser direkte på kamera, og dermed har blikkontakt med lesaren, blir det skapt ein kontakt mellom den som er fotografert og den som ser biletet. Dette fører til ei direkte adressering av sjåaren som eit “du”, og skaper det Kress og van Leeuwen kallar *image act*, ei “bildehandling”, der «the producer uses the image to do something to the viewer» (Kress og van Leeuwen, 2006, s. 117). Kress og van Leeuwen kallar desse bileta *demand*, altså “krav”, fordi bileta krev at sjåaren går inn i ein imaginært relasjon til deltakaren i biletet. Kva slags relasjon som oppstår mellom sjåaren og deltakar, blir avgjort av ansiktsuttrykket og/eller kroppsspråket til deltakaren. Dei bileta der deltakaren ser vekk frå sjåaren, kallast *offer* eller “tilbod” på norsk: Gjennom desse bileta inngår ikkje sjåaren i ein relasjon til den avbilda, men forheld seg som ein tilskodar til han eller henne.

I analyse av biletar vil det vere interessant å sjå kven i biletet som er avbilda som eit krav, då det avgjer kven lesaren formar ein relasjon til og kven lesaren forheld seg som ein tilskodar til: «[i]t is always interesting to study which kinds of represented participants are, in a given context, depicted as demanding an imaginary social response of some kind from the viewer, and which are not» (Kress & van Leeuwen, 2006, s. 117-119). Som eit døme på dette viser Kress & van Leeuwen til ei australisk skulebok der aboriginarane i biletet, altså urbefolkinga i Australia, aldri ser direkte på sjåaren. I dei få tilfellene der dei ser mot sjåaren, er det i bakgrunnen av biletet eller med lang avstand til kamera. Dette fører til at aboriginarar i boka framstår som «objects of contemplation, not as subjects for the pupil to enter into an imaginary social relation with» (Kress & van Leeuwen, 2006, s. 120). Analysen av materialet vil seie noko om kven som er avbilda i krav og tilbod-bilete, altså kven barnelesaren inngår i ein imaginær relasjon til – som igjen kan påverke kva slags førehald lesaren får til dei ulike gruppene av menneske på biletet; terroristar, politikarar, soldatar og sivile.

2.2.6.2 Bildeutsnitt

Bildeutsnitt er en annan dimensjon i biletet som ifølgje Kress og van Leeuwen seier noko om avstanden mellom den som ser biletet og deltakarane i biletet: «[t]he choice of distance can suggest different relations between represented participants and viewers» (2006, s. 124). Dei sju ulike bildeutsnitta Kress og van Leeuwen (s. 124) deler inn i er: *ultranærbi*de, *nærbi*de, *halvnært*, *halvtotalt*, *total*, *avstandsbilde* og *fjernbi*de (mine omsetjingar). Utsnitta er basert på at det er eit menneske avbilda, og seier noko om avstanden til dette mennesket, men det kan like gjerne dreie seg om objekt. *Nærbi*det viser hovud og skulder på den avbilda, medan *ultranærbi*det er alt nærmare enn det. *Halvnært* kuttar subjektet rundt hofta og *halvtotalt* kuttar ved knea. *Totalbi*det viser personen i fullfigur. I *avstandsbildet* okkuperer menneskekroppen halve lengda av ramma, medan *fjernbi*det er alle biletet der personen er lengre unna enn dette.

Dei ulike bildeutsnitta seier ikkje berre noko om kven som er avbilda i nær fysisk avstand til den som ser, men også kva slags relasjon den som ser får til dei som er avbilda. Sosiale relasjoner bestemmer kva slags fysisk avstand vi held til kvarandre. I biletet er det bildeutsnittet som avgjer kor lang avstand det er til den avbilda og dermed kva slags imaginære sosiale relasjon vi får til menneska på biletet: «[p]eople are portrayed as *though* they are friends, or as *though* they are strangers» (Kress & van Leeuwen, 2006, s. 126). Ved å analysere bildeutsnitt i bileter kan ein sjå kven som blir portretterte som framande og kven som blir portretterte som “oss sjølve”.

2.2.6.3 Bildevinkel

Bjorvand (2014, s. 141-142) skriv at bildevinkelen bestemmer korleis lesaren er plassert i høve til motivet, og dermed kan påverke haldninga lesaren får til det han ser. Eit biletet i *normalvinkel* viser motivet i same høgde som den som ser biletet. *Overvinkling* blir det dersom den som tek bilde er plassert ovanfor motivet, og ser ned mot det – anten skrått eller rett ned. Dette kan bli brukt til å skape ei kjensle av makt, eller for å skape avstand eller gi overblikk. Eit biletet i *undervinkling* ser motivet nedanfrå, og kan få lesaren til å kjenne seg underlegen.

2.2.6.4 Fargar

Analysen seier noko om fargebruken i materialet, då fargar ifølgje Bjorvand (2014, s. 144) kan ha meiningsbærande effekt. Det er vanskeleg å lage eit universelt system for kva fargane

symboliserer ettersom fargar symboliserer ulike ting i ulike kulturar, skriv Kress og van Leuween (2006, s. 228). Bjorvand (2014, s. 144) skriv at den same fargen kan bety mykje forskjellig også ut frå samanhengen. Dette gjeld til dømes fargen raudt som kan symbolisere både kjærleik, lidenskap, hat, aggressivitet og fare:

Vi signaliserer fare og forbudt med rødt – røde trafikklys, røde fareskilt, varmtvannskraner er merket med rødt, og vi deler ut røde kort på fotballbanen. Rødt er en oppmerksomhetskrevende farge, og i bildebøker brukes gjerne rødt på elementer som er særlig viktige. (Bjorvand, 2014, s. 144).

Raudt kan som vist bety mykje forskjellig, og dette gjeld dei fleste fargar. Fargane kan ha ulik symbolikk både innanfor ein og same kultur, og i ulike kulturar – og dette vil alltid vere eit aspekt ved analyse av fargar i bilet.

Analysen av bileta sjå på korleis fargane er nytta i høve til Kress og van Leuween (2006, s. 233) sine omgrep *value* og *saturation*, som eg omset til høvesvis “gråskala” og “metning”. *Gråskalaen* er skalaen frå maksimalt lyst til maksimalt mørkt, det vil seie frå kvitt til svart. Lys og mørke finst i alle sitt liv og gråskalaen kan symbolisere nettopp dette mørke og lyse, skriv Kress og van Leuween: «In it the lives of all human beings light and dark are fundamental experiences, and there is no culture which has not built an edifice of symbolic meanings and value systems upon this fundamental experience» (2006, s. 233). *Metning* dreier seg om skalaen frå den klaraste og sterkeste til den bleikaste versjonen av ein farge. Denne fargeskalaen sin affordans ligg i å uttrykke ulike kjensler frå ei maksimal intens kjensle til ei maksimal nøytral, dempa kjensle: «High saturation may be positive, exuberant, adventurous, but also vulgar or garish. Low saturation may be subtle and tender, but also cold and repressed, or brooding and moody» (2006, s. 233).

2.2.6.5 Sanning i bileta

Faglitteratur for barn nyttar ofte både teikning og fotografi i same bok. Desse to ulike illustrasjonstypane fremmar ulik leseposisjon, meiner Ørjasæter (2017, s. 7). Sjølv om fotografi kan manipulerast, leikast med og endrast langt frå den opphavlege situasjonen ein fotograferte, vert fotografiet oppfatta som ”sanning” i større grad enn teikningar, som signaliserer fiksjon. At fotografi i større grad vert oppfatta som sanning, kan vere fordi eit fotografi, ifølgje Barthes (2001, s. 94-95), alltid vil vere ein representasjon av ein verkeleg

ting som er plassert føre kameraobjektivet, medan eit maleri ikkje har det same forholdet til røynda; ein treng ikkje ha den verkeleg tingen føre seg for å skape eit maleri.

3 MATERIALE

For å kunne svare på problemstillinga tek oppgåva utgangspunkt i eit materiale av fagbøker om terrorisme for barn. Dette kapittelet forklarer korleis bøkene vart utvelde og gir ein kort presentasjon av kvar bok.

3.1 Kriterier for utval

For å finne frem til dei fire fagbøkene som materialet består av, har eg hatt følgande kriterium:

1. Bøkene må tematisere terrorisme.
2. Bøkene må vere fagbøker med barn som målgruppe.
3. Bøkene må vere utgjeve på norsk, og såleis i nokon grad tilrettelagt for norske barn. om dei er omsett frå eit anna språk og skriven i ein annan kontekst enn den norske.


Ut frå desse kriteria har eg vald ut dei opphavleg britiske fagbøkene *Terrorisme* (2003) av Adam Hibbert, *Terrorisme* (2008) av David Smith, og dei to norske fagbøkene, *Det var en gang en sommer* (2013) av Vidar Kvalshaug og *Terror* (2015) av Harald Skjønsberg. Desse fagbøkene tematiserer alle terrorisme, men har ulikt føremål. Tre av bøkene siktar å forklare terrorisme som fenomen, medan *Det var en gang en sommer* skal gi innsikt i terrorangrepet i Noreg 22. juli 2011. Bøkene har oppgitt ulike aldersgrupper som målgruppe, men felles er at dei alle skal passe for barn mellom 10 og 12 år. Dette er basert på informasjon frå forlaga, og kategoriseringar gjort av bokhandlarar, bokklubbar eller bibliotek der forlaga ikkje har gjeve opp målgruppe.

Bøkene i materialet vart utgjeve for høvesvis 15, 10, 7 og 3 år sidan. I byrjinga av prosjektet var eg usikker på kor gamle bøker eg skulle nytte meg av, og særleg om det var nokon grunn til å analysere dei to eldste bøkene i materiale. Dette fordi terrorisme er eit tema som på mange mater er i stor endring med nye terrorhendingar kvart år, noko som gjer at informasjon står i fare for å bli forelda. Eg kom derimot fram til at eg ville analysere desse to bøkene frå 2003 og 2008 fordi det truleg finst mange slike eldre fagbøker på bibliotek og skulebibliotek rundt om i landet, og fordi eg meiner det er relevant å analysere dei bøkene som barn og unge har tilgang til. For å finne ut om dette faktisk stemte eller berre var ei

hypotese, var eg i kontakt med skulebibliotekarar frå barne- og ungdomsskular i fleire delar av landet³. Det kom fram at dei to eldste fagbøkene i materialet mitt finst på mange skulebibliotek i ulike delar av landet. Når materialet består av bøker som er utgjevne med meir enn ti års mellomrom, gjev dette meg høve til å sjå om det er skilnad på framstillinga av terrorisme i dei to eldste bøkene samanlikna med dei nyare bøkene. Det er også relevant å nemne at alle bøkene er utgjevne etter 11. september 2001, som i følge Hoffman (2006, s. 18) endra korleis verda såg på terrorisme, og at bøkene difor både kan omhandle det Nordenhaug og Engene (2008, s. 33) kallar gammal og ny terrorisme.

To av bøkene er norskproduserte, medan to er omsette frå engelsk. Med same argument som for å analysere eldre bøker, kom eg fram til at det er viktig å analysere både norske bøker og utanlandske omsetjingar, sidan det er desse bøkene barn i Noreg har tilgang til.

3.2 *Terrorisme* av Adam Hibbert



Figur 1: *Terrorisme* (2003, Hibbert)

Terrorisme av Adam Hibbert vart først utgjeve på det britiske forlaget Franklin Watts i 2002. Boka er omsett til norsk av Svein Tore Stiansen, og utgjeve på Esstess-forlaget. På nettsida til

³ Fekk skriftleg tilbakemelding frå skulebibliotekarar frå 13 barne- og ungdomsskular. 9 av 13 svarte at dei har ei eller begge av *Terrorisme*-bøkene i skulebiblioteket på skulen sin.


Bergen Offentlige Bibliotek er målgruppa oppgjeve som barn frå 11 år (Bergen Offentlige Bibliotek, u.å.). Denne boka er del av bokserien “I nyhetene” som ifølgje baksideteksten skal ta føre seg aktuelle tema og sjå på fakta som finst bak avisoverskriftene, mellom anna gjennom å få fram historiske detaljer og dagsaktuelle meiningar. Andre bøker i denne serien tematiserer innvandring og globalisering. Forfattar og journalist Adam Hibbert har skrive mange fagbøker for barn og ungdom, fleire av dei med samfunnsfaglege tema som til dømes alkohol, mobbing og dyrevelferd.

Det norske forlaget Esstess-forlaget, som gav ut boka, verkar å ha lagt ned ettersom nettsidene ikkje lenger er tilgjengelege. Det har difor vore vanskeleg å finne informasjon om forlaget. I eit intervju med Aust-Agder Blad frå 2008 sa redaktør (og omsetjar av *Terrorisme*) Svein Tore Stiansen at forlaget sitt føremål er å utgje omsette faktabøker for barn og ungdom med varierande tematikk (Ryvind, 2008). I same artikkel står det at det på dåverande tidspunkt var utgjeve til saman over 80 fagbøker for barn og unge på forlaget.

Terrorisme er på berre 32 sider og er den kortaste i mitt materiale. Boka er inndelt 13 kapittel med ulike emne, og kvart kapittel går over eit oppslag som består av ein kollasj med ulike element; overskrift, ingress, minst eit bilet, tekst og faktaruter. Kapitla tek føre seg kva terrorisme er, kven terroristane er, kva slags ulike former for terrorisme som finst og korleis ein kan arbeide mot terrorisme og oppnå fred. Det vert nemnt svært mange ulike former for terrorisme og forskjellige terrorhendingar gjennom boka, men desse er oftast berre forklart i eit kort avsnitt. Terrorismen i Nord-Irland er forklart meir inngåande enn dei andre terrorhendingane.

På det siste oppslaget i boka er vanskelege ord frå teksten gitt ei enkel, leksikalsk forklaring, og det er informasjon om nettstader der ein kan lese meir om temaet (til dømes FN si nettside om terrorisme og ei heimeside frå britiske styresmakter om reiseråd for farlege område i verda).

3.3 Terrorisme av David J. Smith



Figur 2: *Terrorisme* (2008, Smith)

Terrorisme av David J. Smith vart først utgjeve på det britiske forlaget Hodder Wayland med tittelen *Ethical Debates - Terrorism* i 2007. Boka vart omsett til norsk av Tom Thorsteinsen og utgjeve på Libretto forlag i 2008. På nettsida til Bokklubben står det at målgruppa er barn og ungdom frå 9 til 12 år (Bokklubben, u.å.). Boka er del av serien “Store spørsmål” som ifølgje baksideteksten skal ta føre seg viktige spørsmål for menneske i det 21. hundreår. Dei andre bøkene i denne serien handlar mellom anna om dødsstraff, innvandring og genteknologi. Forfattar David J. Smith er lærar, barnebokforfattar og pedagogisk konsulent, og har gjeve ut fleire fagbøker for barn, mellom anna fagboka *If the World Were a Village* frå 2002 som har fått fleire barnebokprisar.

Det er vanskeleg å finne informasjon også om Libretto forlag, men frå nettsidene deira kjem det fram at dei utgjer både skjønnlitterære bøker og fagbøker for vaksne og barn (Libretto forlag, u.å.). Det kan verke som forlaget har eit spesielt fokus på samfunnsfaglege fagbøker for unge, då dei har ein eigen kategori av bøker som dei kallar “samtidshistorie for ungdom” med bøker om verdsdelane, ulike seriar om viktige historiske hendingar og serien “Store spørsmål” som *Terrorisme* er ein del av.

Terrorisme er 48 sider lang, og er inndelt i sju kapittel som tek føre seg ulike perspektiv på terrorisme. Boka handlar om kva terrorisme er, historia til terrorismen, ulike former for terrorisme og kva slags følgjer terrorisme kan få. Boka tek føre seg mange ulike former for terrorisme og ulike terrorhendingar, men den eine terrorhendinga som vert nytta

som døme og forklart mest inngåande, er 11. september 2001 i USA. Fyrste oppslag i boka handlar om terrorangrepet, og vidare i boka står det om konsekvensane angrepet 11. september har fått for verda.

Kvart kapittel har ein hovudtekst, bilete med bildetekst og forskjellige faktaruter som skal syne døme frå røynda, presentere enkle fakta og vise ulike synspunkt på tematikken for kapittelet. Det å syne fleire sider av saka er eit gjennomgåande fokus i boka. På siste side i kvart kapittel er det ein faktaboks som med to korte setningar samanfattar kapittelet. På det siste oppslaget i boka er det ei ordliste som forklarar utvalde ord og omgrep som ikkje er forklart tidlegare i teksten, og ein tidsakse som går frå 1793-2006 med ei oversikt over dei viktigaste terroraksjonane og andre historiske hendingar.

3.4 *Det var en gang en sommer* av Vidar Kvalshaug



Figur 3: *Det var en gang en sommer* (2013, Kvalshaug)


Det var en gang en sommer er skrive av forfattar og journalist Vidar Kvalshaug, og vart utgjeve på Gyldendal forlag i 2013. Kvalshaug har tidlegare skrive skjønnlitterære og faglitterære tekstar for vaksne, til dømes romanar, noveller og kåseri. *Det var en gang en sommer* er den einaste fagboka han har skrive for barn. På framsida står det skrive at boka skal formidle: “[h]istorien om 22. juli og tiden etterpå - fortalt for barn”. Boka er lansert for målgruppa åtte til tolv år, og har den yngste målgruppa av bøkene i materialet. Barnepsykolog

Magne Raundalen, som arbeider med barn i kriser, har vore med som fagkonsulent for Kvalshaug i arbeidet med boka.

Det var en gang en sommer har elleve kapittel som skal forklare kva som skjedde 22. juli 2011. Over 54 sider tek boka føre seg kva som hendte denne dagen i rekkjefølgje frå dagen starta til den var over, kven Anders Behring Breivik var og kvifor han enda opp med å utføre terroråtaka. I tillegg seier boka noko om kva følgjer terroråtaka fekk for Noreg og nordmenn. Underveis i boka blir ulike ord og omgrep forklart i faktaruter, døme på dette er “terror”, “demokrati” og “forvaring”.

Boka skil seg frå dei andre i materialet fordi den handlar om berre ei terrorhandling og ein terrorist. Forfattaren har dermed høve til å gå djupare inn og skildre fleire detaljar enn det dei andre bøkene kan med tanke på tematikk og omfang. Det er også ein skilnad i at målgruppa er 8-12 år. Denne boka er laga med tanke dei yngste lesarane og må difor tilpassast ein åtteåring sine forkunnskapar og vokabular.

3.5 TERROR av Harald Skjønsberg



Figur 4: *Terror* (2015, Skjønsberg)

Terror vart utgjeve i 2015 på Cappelen Damm, og har seinare vorte omsett til svensk (2016). Målgruppa for boka er barn og ungdom i alderen 10-16 år. *Terror* er skrive av historielektor, rektor og forfattar Harald Skjønsberg, som har skrive romanar for vaksne og læreverk i historie for ungdomstrinnet i tillegg til fagbøker for barn. Fagbøkene for barn og ungdom omhandlar mellom anna andre verdskrig, norske spionar, innvandring og politiske attentat. Skjønsberg fekk Kulturdepartementets fagbokpris for *1814* i 2004 (NBI, 2005). *Terror* er

illustrert av teikneserieskapar Geir Moen, i tillegg til at det som i dei andre bøkene er nytta mange pressefotografi. Det er den einaste boka i materialet der illustrasjonane er laga til og i samspel med teksten.

Over 100 sider tek *Terror* sikte på å forklare terrorismen si historie gjennom å ta føre seg dei mest kjente terrorhandlingane. I dei åtte kapitla blir tolv terrorhendingar forklart gjennom skildringar av kva slags terrorangrep som vart gjennomført, kva som var konteksten rundt angrepa, kva følgjer angrepa fekk og kven den eller dei som sto bak terroren var.

Innleiinga i boka handlar om vekene i juli 2014 då det var auka terrorberedskap i Noreg. Dette fungerer som ei rammeforteljing, då fyrste og siste side i boka handlar om kva som skjedde desse vekene. I siste kapittel står det om reaksjonar rundt situasjonen og Skjønsberg skildrar demonstrasjonen mot terrorisme der nordmenn frå eit mangfald av folk deltok.

4. ANALYSE OG DRØFTING

Dette kapittelet vil diskutere korleis terrorisme er framstilt i fagbøkene i materialet. Analysen tek føre seg ei bok av gangen, og bruker seks kategoriar som grunnlag for analysen av kvar bok; utval av kunnskap; organisering av kunnskap; lesarkontakt; forteljarstemme; språk og språklege verkemiddel og visuell fagformidling. Dei enkelte tekstane er utgangspunkt for analysen, som medfører at oppgåva fokuser på den eller dei kategoriene som særleg merkar seg i den enkelte boka. Undervegs i analysane er relevant teori nytta som utgangspunkt for drøfting kring problemstillinga.

4.1 Terrorism av Adam Hibbert

4.1.1 Organisering

Terrorisme er inndelt i 13 kapittel som alle er på eit oppslag, og i kvart oppslag er det omlag tre eller fire korte avsnitt, ei faktarute og minst to bilete. Kvart kapittel har eit tema innanfor terrorisme som vert forklart gjennom ulike framstillingsmåtar som tekst, fotografi, faktaruter, kart og tabellar. Når kvart kapittel er på berre to sider medfører det at det er lite plass til å utforske kvart tema, og det er difor nokså komprimert kunnskap ein får tilgang til om dei ulike tema boka tek føre seg.

Kapittel 2.3.2.2 viser til Løvland (2012) som hevdar at meiningsskapinga kan bli forstyrra dersom dei ulike elementa i ein fagtekst ikkje er sett saman på ein heilskapleg måte. Oppslaga i *Terrorisme* er informasjonstette, og kunnskapen er ofte organisert i lister eller

gjennom korte setningar i faktabokssar. Bildetekstane er i nokre tilfelle lengre enn avsnitta, og fleire stader vert datoar, årstal eller pengesummar ramsa opp etter kvarandre. Det er opp to faktabokssar på kvart oppslag. Alt dette kan skape forvirring rundt kva informasjon som er den viktigaste i oppslaget, og det kan vanskeleg å orientere seg i teksten. Som vist i figur 5 er det mykje tekst, fleire bilete og sterke fargar, dette kan forstyrre og forvirre lesaren, meir enn det aukar forståinga av emnet.



Figur 5: «Hva er terrorisme?» *Terrorisme* (2003, Hibbert).

4.1.2 Utval av kunnskap

Terrorisme tek føre seg kva terrorisme er, kven som kan bli terroristar, ulike former for terrorisme og korleis ein kan kjempe mot terrorisme for å skape fred. Framsida og baksida på boka seier noko om korleis utvalet av kunnskap er gjort og kva som er utgangspunktet for den informasjonen som skal vere med. På framsida står det «fakta bak overskriftene» med store bokstavar, og på baksida av boka står det kva som er føremålet med bokserien den er del av:

Bokserien I NYHETENE ser på fakta bak dagens avisoverskrifter. Hver bok tar for seg et aktuelt emne som de ser nærmere på, og trekker fram:

- de siste nyhetene
- bakgrunnsstoff og historiske detaljer
- viktige tall og fakta
- dagsaktuelle meninger

Noen spesielle avsnitt framhever nøkkelinformasjon og foreslår viktige spørsmål for videre samtale. Det er viktig å gjøre seg kjent med og å forstå dagens NYHETER.
(Esstess-Forlaget, 2003)

Fokuset på å syne fakta bak overskriftene og nemne viktige tall, fakta og dagsaktuelle meininger om temaet, samt ei organisering der kvart kapittel er over berre eit oppslag, medfører at denne boka har få inngåande forklaringar på dei forskjellige terrorangrepa og lite refleksjon knytt til dei ulike tematikkane. Fokus ligg heller på å presentere mange ulike tema på ein kortfatta måte, og bruke ulike terrorgrupper og terrorhandlingar som døme på det som er forklart.

4.1.2.1 Definisjon på terrorisme

Innleiingsvis forklarar Hibbert kva terrorisme er, kva metodar terroristane nyttar og kven som blir terroristar. Vidare tek forfattaren føre seg ulike typar terrorisme, og deler inn i fire former for terrorisme med eit kapittel om kvar. «Kamp for folket» handlar om folkegrupper som kjemper for å skape nye nasjonar, «Hellig krig» handlar om religiøs terrorisme, «Økoterrorisme» handlar om terrorisme utført med miljøsaka som motivasjon og «Enslige terrorister» handlar om terrorisme utført av enkeltståande aktørar. Det er også kapittel som handlar om korleis terrorisme blir finansiert og kva som er terrorismen sine avgrensingar. Dei tre siste kapitla handlar om å kjempe imot terrorisme, skape fred og kva som er framtidas terrorisme.

Som nemnt handlar det fyrste kapittelet om å etablere kva terrorisme er, og innleiinga i kapittelet er ein definisjon på terrorisme:

Terrorisme er bruk av vold for å oppnå det du ønsker. Terroristgrupper har ofte en politisk eller religiøs tro som de ønsker å påtvinge andre ved å true eller bruke vold. Til forskjell fra **geriljakrigere**, forventer ikke terrorister å vinne ved bruk av militær makt alene. De forsøker å skremme folk, slik at **samfunnet** skal endre seg i den retning de ønsker. (Hibbert, 2003, s. 4)

Denne definisjonen dekker fire av fem av Sitter (2017) sine identifikasjonsmarkørar for definisjonar på terrorisme; vald, politisk motivasjon, frykt for gjentaking og kommunikasjon. Den markøren som manglar er at terrorisme er avgrensa til å vere utført av ikkje-statlege aktørar. Ved å bruke denne definisjonen er statsterrorisme inkludert, i motsetnad til slik ein ofte definerer terrorisme i dag. Boka tek opp statsterrorisme ved ulike høve, mellom anna står det i kapittelet om øko-terrorisme at franske myndigheter sa seg skuldige i statsterrorisme etter dei hadde senka miljøorganisasjonen Greenpeace sitt skip utanfor New Zealand i 1985. Det verkar difor å vere eit medvite val frå forfattaren si side å inkludere statsterrorisme som ein del av definisjonen.

4.1.2.2 Ulike former for terrorisme

Fire kapittel handlar om ulike formar for terrorisme, og det er «Kamp for folket», «Hellig krig», «Enslige terrorister» og «Øko-terrorisme». «Kamp for folket» handlar om nasjonalistisk terrorisme, og handlar om PKK som kjemper for ein eigen kurdisk stat og Stern-gruppa som brukte terrorisme for å opprette staten Israel. «Hellig krig» handlar om religiøs terrorisme og viser til døme på kristne og muslimske terroristgrupper, i tillegg til gruppa Aum Shinrikyo var inspirert av buddhisme, hinduisme og kristendom. «Enslige terrorister» handlar om terroristar som operer på eigenhand, og handlingane og motivasjonen til fire forskjellige einslege terroristar er forklart, mellom anna høgreekstreme Timothy McVeigh og den såkalla “Unabomberen” som sendte brevbomber til menneske som han meinte øydedla jorda med industri og økonomisk utvikling. «Øko-terrorisme» handlar om miljøaktivistar som meiner det er akseptabelt å bruke terrorisme for å kjempe for miljøsaka. Denne boka er den einaste i materialet som skriv om terrorisme motivert av miljøaktivisme. I kapittelet «Øko-terrorisme» er det både døme på grupper som nyttar terrorisme for å kjempe for miljøsaka og døme på at terrorisme har vorte brukt mot fredelege miljøgrupper.

Dei ulike formene for terrorisme og dei forskjellige terrorgruppene som er nytta som døme, har svært ulik motivasjon. Nasjonalistisk og religiøs terrorisme er to av formene for terrorisme som Rapoport (2004) meiner har dominert gjennom historia, og dette er former for terrorisme som er vanleg å ta opp. Terrorism utført av miljøgrupper er mindre vanleg å fokusere på, og ved å vise dette kan boka syne at terroristar kan ha mange former for motivasjon for handlingane sine. Samstundes kan det å trekkje inn miljøaktivisme forvirre leseren. I teksten om øko-terrorisme står det at ein av metodane desse gruppene nyttar er å bryte seg inn i laboratorium for å frigjere dyr frå fangenskap. Ifølgje definisjonen som er nytta

i boka, er det ikkje terrorisme å bryte seg inn for å frigjere dyr, viss ein dette er gjort på ein fredeleg måte.

4.1.2.3 Nord-Irland og den kalde krigen

Ei bestemt terrorhending vert forklart grundigare enn dei andre, og det er terrorhandlingane som føregjekk i Nord-Irland. I motsetnad til andre terrorhendingar som berre er forklart i korte avsnitt eller setningar som døme på ulike former for terrorisme, er konflikten i Nord-Irland forklart over eit heilt oppslag med fotografi, tekst og ein faktabolk med viktige hendingar frå konflikten byrja på 1960-talet og fram til 1999. *Terrorisme* er frå 2003 og konflikten i Nord-Irland var meir aktuell då enn den er i dag. Det at boka originalt er britisk gjer også Nord-Irland til eit døme som er nært i geografisk avstand, og noko britiske barn hadde eit forhold til gjennom skulen, media eller familie. Dermed kunne den opphavlege målgruppa for boka, britiske barn i 2003, ha forkunnskapar om terrorismen i Nord-Irland dei kunne trekkje inn i den nye kunnskapen dei får presentert i *Terrorisme*. Då fungerer konflikten i Nord-Irland som eit døme på terrorisme dei kan kjenne att frå tidlegare og som kan opplevast som relevant. Dette dømet er mindre aktuelt no, og dermed oppfattast kanskje dette som mindre relevant for eit barn som les boka i dag.

4.1.2.4 Religion og terrorisme

Kapittelet «Hellig krig» handlar om religiøs terrorisme. Over eit oppslag tek Hibbert føre seg ulike former for terrorisme motivert av religion. I innleiinga til kapittelet skriv Hibbert at religion «kan være årsak til terrorisme, akkurat som politiske ideer kan. Oppfatningen av hva som er rett eller galt (din moral) kommer ofte fra religiøse holdninger. Religionen kan skape sterke moralske holdninger som kan være farlige» (2003, s. 12). Dei tre avsnitta i kapittelet handlar om ekstreme kristne grupper, jihad og sjølvmordsterroristar. Det er to store bilet på oppslaget, det eine er av to demonstrantar som held opp eit stort kors og ein plakat der det står «Abortionists kill babies in cold blood». Det andre biletet er av fire menn ikledd brune uniformer og finlandshetter. Biletteksten forklrarar at mennene i finlandshetter er Hamas-terroristar, og at «[f]lere av dem vil legge ut på selvmordsoppdrag» (Hibbert, 2003, s. 13). Det at nokre muslimar tyr til terrorisme forklrarar Hibbert på denne måten:


I den muslimske tro blir kampen for Guds vilje kalt jihad. De fleste muslimer mener at dette kommer til uttrykk gjennom den måten de lever sitt daglige liv, ved å kjempe mot egne svakheter og å behandle andre mennesker godt. Noen få mener at det også er

nødvendig å kjempe en ”hellig krig” mot de som trenger ”islamsk levesett ”. (2003, s. 13)

Denne forklaringa styrar unna stereotypiane ved å skrive at berre nokre få muslimar tyr til terrorisme, og at dei fleste meiner at kampen for Gud si vilje kjem til uttrykk på andre måtar. Same formulering er nytta om kristne ekstremistar: «[n]oen få kristne ser det som Guds oppdrag å overprøve loven og bruke terror for å avskaffe abort» (s. 12). Det tredje avsnittet på oppslaget handlar om religiøse terroristar som anten trur at verda vil gå under eller som trur at dei vil få løna si i himmelen og at det difor kan vere vanskeleg å stoppe sjølvordsterroristar. Den japanske new age-gruppa Aum Shinrikyo, som var inspirert av både buddhisme, hinduisme og kristendom, er brukt som døme på ei gruppe som tyr til terrorisme fordi dei trur verda er iferd med å gå under. Denne framstillinga av religiøs terrorisme viser ikkje nokre større kopling mellom islam og terrorisme enn mellom andre religionar og terrorisme. Oppslaget har to omlag like store bilete; eit av kristne som demonstrerer mot abort og eit av Hamas-terroristar. Bildeteksten fortel at anti-abort grupper har drept personell på abortklinikkar, og at fleire av Hamas-terroristane vil utføre sjølvsmordsaksjonar. Denne framstillinga i tekst og biletet synet inga særskilt kopling mellom det å vere muslim og det å vere terrorist, men seier til lesaren at nokre få religiøse kan ty til terrorisme, og at ekstreme tolkingar av fleire religionar kan skape terroristar.

4.1.3 Lesarkontakt

Det er tre faktaboksar med spørsmål til lesaren som er plassert i kapitla om nasjonalistisk terrorisme, religiøs terrorisme og å skape fred. «Hva mener du?»-faktaboksane stiller spørsmål direkte til den implisitte lesaren om ulik problematikk knytt til terrorisme. Den implisitte leser blir direkte adressert gjennom spørsmåla som forteljaren stiller (sjå figur 6) Den direkte adresseringa utfordrar den faktiske lesaren til å ta stilling til spørsmåla. Spørsmåla kan minne om dei ein finn i lærebøker i skulen, og er eit døme på at *Terrorisme* har nytta seg av verkemiddel frå den pedagogiske læreboka. Desse faktaboksane med spørsmål til lesaren inviterer til refleksjon kring aktuell problematikk, og kan på den måten skape større medvit om tematikken.



Figur 6: «Hva mener du?» *Terrorisme* (2003, Hibbert).

4.1.3.1 Versjonering

Grepstad kallar det versjonering når omsett sakprosa blir omarbeidd og tilpassa ein ny kontekst. *Terrorisme* er opphavleg skrive på engelsk med britiske barn som målgruppe. I omsetjinga har Svein Tore Stiansen lagt til to setningar for å tilpasse boka til ein norsk kontekst. Fordi dei tekstdraga som oppgåva diskuterer ikkje finst i originalutgåva, er omsetjar Stiansen kjelde her. Underteksten til eit bilet av ein medlem av terroristgruppa Tamiltigrane på Sri Lanka handlar i originalutgåva om at Tamiltigrane kjempar for makt gjennom geriljakrigføring og terroraktivitetar. Denne teksten står også i den norske utgåva, men det er lagt til ei setning om at Noreg er med på fredstingingane. Det andre dømet på at teksten er endra finn ein i ein faktaboks om forsoningsprosessen i Sør-Afrika. Teksten handlar om kampen for like rettar for den svarte majoriteten i Sør-Afrika, og at både myndighetene og dei svarte aktivistane nytta valdelege verkemiddel fram til fredsforhandlingane starta. I den norske utgåva er denne setninga lagt til i teksten: «Mange, også her i Norge, betraktet ANC som en terroristorganisasjon, men til slutt førte fredsforhandlingene til at det svarte flertallet i landet fikk stemmerett» (Stiansen, 2003, s. 26). Dette er ikkje omfattande endringar, og det kan ein heller ikkje forvente når ei bok er omsett, men to forsøk på å tilpasse teksten slik at norske barn kan kjenne meir nærleik til den.

4.1.4 Forteljarstemma

Det er tredjepersonforteljar i *Terrorisme* og denne forteljaren er til stades i teksten som ein allvitande kunnskapsformidlar. Teksten skapar lite rom for undring og tvil, og mykje av kunnskapen vert framstilt som fakta som ikkje kan diskuterast. Det er nytt a eit nøytralt og næraist leksikalsk språk. Det kan verke som det er eit ønske om å framstille kunnskapen på ein objektiv måte, men at forteljaren i staden ender opp med å presentere subjektive påstandar som fakta, slik som i denne bildeteksten til eit bilet av Hamas-terroristar: «Hamas-terrorister i Midtøsten er inspirert til å utføre vold ut fra deres tolkning av islam. Flere av dem vil legge ut på selvmordsoppdrag» (Hibbert, 2003, s. 13). Eit anna døme finst i ein tekst om øko-terrorisme: «[d]e fleste grønne aktivister mener at normal politikk og fredelige protester ikke er tilstrekkelig for deres ambisjoner» (s. 14). I siste kapittel som handlar om morgondagens terror, står det at «[o]ffentlighetens interesse for politikk er svært lav i Vesten» (s. 29) og på same side står det at det å bruke overvaking er eit livsviktig middel for å motarbeide terrorisme. Desse formuleringane skapar lite rom for nyansar og ulike perspektiv. Å påstå at dei fleste terroristar kjem til å legge ut på sjølvmordsoppdrag er éin ting, men det å hevde at *dei fleste* grøne aktivistar meiner at ein må ty til andre metodar enn politikk og fredeleg protest skaper eit inntrykk av at alle miljøaktivistar meiner det er greitt å ty til valdelege formar for protest. Kva legg forfattaren til grunn for denne påstanden? Mange vil vere ueinige i at det er lite interesse for politikk i offentlegeheita i vesten. Dei fleste kan sjå nødvendigheita av å bruke overvaking som eit middel for å motarbeide terrorisme, men det er store diskusjonar kring denne metoden då det å bruke overvaking samstundes kan vere med å undergrave menneske sin rett til privatliv og svekke personvernet. Som vist er det fleire nyansar og perspektiv innanfor tematikken som i boka er presentert som udiskutabel sanning, og det er difor perspektiv lesaren ikkje får tilgang til gjennom *Terrorisme*.

Det er viktig å påpeike at det også er nokre formuleringar som derimot syner at kunnskap av og til kan vere usikker. Det står til dømes at «[d]et er vanskelig å lage statistikk omkring terrorisme, fordi ulike eksperter har ulike meninger om hva terrorisme er» (s. 5). Det er få slike formuleringar, men dei finst i teksten, og er med å moderere det ganske bastante språket som elles dominerer i boka. I faktarutene med tittelen «Hva mener du?» er det opna for refleksjon rundt ulike tema som lesaren må ta stilling til. Men det er likevel det subjektive og leksikalske språket, med konstaterande ytringar som dominerer i boka. Forteljaren formidlar faktakunnskap som ikkje kan tvilstast på eller diskuterast, og dermed er det denne udiskutable sanninga om terrorisme og verda barnet sit att med etter lesinga.

4.1.5 Språk og språklege verkemiddel

Som vist i førre kapittel er kunnskapen i *Terrorisme* formidla gjennom eit leksikalsk språk, ofte med bastante påstandar som skapar lite rom for diskusjon og refleksjon. I kapittel 2.3.5 viser eg korleis ein ved å analysere retoriske verkemiddel kan ein seie noko om korleis forfattaren vil overtyde lesaren. Logos handlar om å bruke saka og sin kjennskap til saka for å overtyde mottakaren (Tønnesson, 2012). Ved å bruke eit konstaterande språk som framstiller kunnskapen om terrorisme som heilt sikker, kan det hende at forfattaren vil skape logos, gjennom å vise at han har så god kjennskap til saka at det ikkje er rom for tvil. Dette kan derimot også skade truverdet til forfattaren. Barnelesaren veit det finst ulike meininger om mange emne innanfor samfunnsvitskapen, og vil kunne gjennomskode altfor bastante påstandar. Kanskje vil dei undrast over kor mykje forfattaren eigentleg veit om terrorisme når teksten presenterer fakta utan å ta omsyn til ulike perspektiv?

Det retoriske bevismiddelet ethos handlar om å sikre truverde og tillit hjå mottakaren. I *Terrorisme* er det vist til mange ekspertpersonar på dei ulike emna, noko som kan skape ethos. «Eksparter på terrorisme kan si noe om hvem som med størst sannsynlighet vil bli innblandet i terrorisme» (Hibbert, 2003, s. 8) står det i kapittelet «Hvem blir terrorist?». I same kapittel står det at «[n]oen vitenskapsmenn har studert hvordan personer oppfører seg i grupper eller gjenger. De har funnet ut at gjengmedlemmer ofte bruker vold overfor fremmede for å vise at de tilhører gruppa» (s. 9). Desse to verkemidla, logos og ethos, verkar å vere nytta for å overtyde lesaren om at kunnskapen i boka er sann. Det tredje retoriske bevismidlet speler på mottakaren sine kjensler, patos, er det få døme på i verbalteksten i *Terrorisme*, men analysen av biletene i boka vil vise at dei i større grad enn teksten, kan vekke lesaren sine kjensler.

4.1.6 Visuell fagformidling

Illustrasjonane i *Terrorisme* består i all hovudsak av pressebilete frå nyheitene. Dei viser mellom anna bygningar raserte av terrorangrep, terroristar, ofre for terrorisme, politikarar og demonstrantar. Ved å lese bildeteksten der det står kvar biletet er frå, kan ein sjå at dei fleste biletene er frå vestlege land som Storbritannia, Nord-Irland og USA, og at det er eit eller fleire biletene også frå dei andre verdsdelane utanom Sør-Amerika.

Fotografia viser dramatiske situasjonar som bygningar som raser saman, biler som brenn, menneske som gret, demonstrasjonar og øydelagde bilar. Det er også eitt bilet som viser tre menn som ber ei båre med ein delvis skjult person. Personen er anten hardt skada eller død. Desse biletene er tekne under sjølve hendingane, og viser kaotiske situasjonar der

deltakarane ofte har ansiktsuttrykk som ber preg av alvor. Det er også bilete frå meir rolege situasjonar der deltakarane står og poserer, til dømes bilete av terroristgrupper med politiske eller religiøse symbol, og bilete av politikarar.

Analysen viser at to aspekt ved bileta i *Terrorisme* formidlar fagkunnskap til lesaren; måten fargen raudt er nytta og bruken av bilete som krav.

4.1.6.1 Fagformidling gjennom fargar

Raudt og svart er to fargar som går att i kvart oppslag, både i tekst, faktaruter og bilete. Overskrifta til kvart kapittel står skrive i raudt mot ein svart bakgrunn som dekker heile øvste del av oppslaget. Faktarutene har raud bakgrunn med svart skrift, og overskrift mot svart bakgrunn langs øvste kant. På nesten kvart oppslag er det minst eit fotografi der raudt er den klaraste fargen, som fører blikket mot det raude i oppslaget. Dei andre fargane som er nytta er mørkare fargar som svart, grå og ulike nyansar av blått og/eller brunt mot ein kvit bakgrunn, dermed står raudt fram som ein klar og sterk farge mot dei andre som er meir matte eller uklare.

Som skrive i kapittel 2.2.6.4 har fargar ulik signifikans både i høve til samanhengen fargen oppstår i og i ulike kulturelle kontekstar, ifølgje Kress og van Leeuwen (2006) og Bjorvand (2014). Bjorvand (2014) skriv at fargen raudt kan symbolisere både positive kjensler som kjærleik og lidenskap og negative kjensler som hat, aggressivitet og fare. Ut frå samanhengen raudt opptrer i her, ei fagbok om terrorisme, er assosiasjonane sterkest til dei meir negative fenomena som blod, vald, fare eller risiko. Det å sjå på kva som er raudt i *Terrorisme*, kan kanskje også seie noko om kva fargen symboliserer? I boka er det mellom anna raude hårband på terroristar, to bilete med Tamil-tigrane sitt raude flagg, bilete av den kurdiske gruppa PKK sitt flagg, ein Hamas-terrorist som held opp ei øks med raudt blad og det nord-irske og britiske flagget. Raudt er også ein politisk farge som kan symbolisere revolusjonære grupper, og blir tradisjonelt brukt av grupper som tilhøyrrar politiske ideologiar på venstresida, til dømes kommunisme.

I kapittel 2.2.6.5 viser eg til Bjorvand (2014) som meiner at raudt er ein merksemdeskrevjande farge som kan brukast på viktige element. Dette er ein annan funksjon ved raudfargen i *Terrorisme*. Det som er raudt i oppslaga får lesaren si merksemrd, slik som til dømes ein bil som står i brann med raude flammar og ein raud bil som er heilt øydelagt av ei bilbombe. På oppslaget om religiøs terrorisme er det eit bilet av abortmotstandarar som held ein plakat med teksten «Abortionists kill babies IN COLD BLOOD» der «kill» er skrive i

raud font. Som nemnt er også overskriftene for kvart kapittel skrive i raud font og faktaboksane har raud bakgrunn. Her fungerer raudt til å trekke lesaren si merksemda mot viktig informasjon.

4.1.6.2 Gjenkjenning gjennom krav om kontakt

I kapittel 2.2.6.1 viser eg til Kress og van Leeuwen (2006) som meiner deltagarar som ser rett på den som ser biletet, skapar ei krav om ein imaginær sosial kontakt. Dersom deltagaren i biletet ser vekk, er biletet i motsetnad eit tilbod til den som ser biletet om å studere deltagaren som eit objekt. Ved å sjå på kva slags personar som er framstilt anten som tilbod eller krav i bøker, kan ein seie noko om kven som blir framstilt som ein lesaren skal ha ein relasjon til og ikkje. I *Terrorisme* er det fleire bilete der deltagarane i bilde har blikket vendt direkte mot lesaren, men berre to av desse er tydeleg krav til lesaren, og dei er begge fotografier barn og/eller ungdom er deltagarar i bildet.

I kapittelet «Et eksempel: Nord-Irland» er det eit biletet av ei ung jente som ser direkte mot lesaren. Den gråtande jenta blir følgt av ei vaksen kvinne som held rundt ho, medan dei går forbi demonstrantar og politi som verner dei. Biletet er teke i normalvinkling, og utsnittet er halvnært. Biletteksten er: «Loyalistene protesterer mot at katolske barn skal gå gjennom deres boligområde for å komme til skolen. Dette viser den dype splittelsen som finnes i folket.» (Hibbert, 2003, s. 23). Jenta på biletet har hårband og skuleuniform i ein klar raudfarge, medan dei andre fargane i biletet er dusare eller mørkare, som til dømes lys lilla og mørk grå. Jenta ser rett i kamera medan ho som truleg er mora og som held rundt jenta, ser framover. Politiet i bakgrunnen står med ryggen til, og demonstrantane ser mot politiet. At jenta har raude klede og ser rett i kamera gjer at ho er den merksemda rettar seg mot. Ansiktsuttrykket til jenta viser at ho gret, og det ser ut som dei skundar seg. Dette biletet er eit krav til lesaren, og det er som om biletet seier til lesaren at han må hjelpe jenta. Ho er i lik alder som målgruppa for boka, som også kan skape identifikasjon hjå lesaren og dermed kanskje også medkjensle.

Den raude fargen som signaliserer fare, dei dramatiske bileta av skada hus og folk, og denne bruken av eit biletet som eit krav om kontakt, kan formidle ein kunnskap om terrorisme som ein ikke får frå den skriftlege kunnskapsformidlinga. Språket og forteljarstemma i *Terrorisme* er upersonleg og lite kjensleprega. Verbalteksten i boka skapar lite dramatikk og vekker få kjensler hjå lesaren. Bileta viser i større grad dramatikken kring temaet, gjennom å bruke den raude fargen som signaliserer fare og ved å bruke biletet der ein ser menneske som er skada, bygningar som rasar saman og bilar som brenn. Biletet av jenta som ser rett mot

lesaren, skaper eit krav om kontakt og medkjensle, noko som skapar patos. Kunnskapen om terrorisme som noko farleg og skummelt kjem fram i samspelet mellom biletet og teksten, *ikonoteksten*. Sidan teksten og biletet ikkje formidlar den same kunnskapen om terrorisme som farleg, men avløyser og utfyller kvarandre, blir ikkje temaet terrorisme for skummelt til at barn kan lese om det.

4.2 Terrorisme av David J. Smith

4.2.1 Organisering av kunnskap

Terrorisme er inndelt i sju kapittel. Kvart kapittel er på omlag seks sider, og er organisert med ei innleiing, avsnitt med underoverskrifter og ei oppsummering. Dei tre siste sidene i boka er ei encyklopedisk ordliste der femten ord og omgrep er forklart, ein tidsakse med historiske hendingar frå 1739 fram til 2006 og eit stikkordregister.

Det er to terrorhendingar som blir forklart over meir enn eit avsnitt i boka, og det er terrorismen utført av al-Qaeda (særleg angrepet mot USA 11. september) og terrorhandlingane i Nord-Irland. Boka innleiar med eit oppslag med overskrifta «Eksempel fra virkeligheten» som handlar om terrorangrepet 11. september 2001 (Figur 7).



Figur 7: «Eksempel fra virkeligheten» (2008, Smith).

Dette oppslaget syner at kunnskapen er organisert gjennom eit samspel av ulike modalitetar. Det første ein legg merke til er kanskje biletet av dei to tvillingtårna som står i flammar. I faktaboksen «Eksempel fra virkeligheten» er det ei lineær framstilling av hendingane som føregjekk 11. september og kva som fekk terroristane til å utføre angrepet. Overskrifta «To døde blant mange» viser til to som døydde i angrepet; den egyptiske terroristen Muhammad Atta og offeret Joanne Ahladioties. Faktaboksen «Synspunkter» viser to forskjellige oppfatningar av terrorangrepet; flykaprarane som meiner dette var ein naudsynt kamp for Guds sak, og eit utdrag frå ein avisartikkel som handlar om minnestunda etter angrepet der det mellom anna står: «[o]ver hele verden stod millioner av mennesker forent i taushet [...] Det eneste man hørte var dempet hulking» (Smith, 2008, s. 5).

Det er slike faktabolkar gjennom kvart kapittel med ulike funksjonar: «Eksempel fra virkeligheten» syner eit døme på det kapittelet omhandlar medan «Synspunkter» viser to ulike perspektiv på temaet. Faktarutene med tittelen «Fakta» forklarar ei sak meir i djupna og kvart kapittel har på siste side ei faktarute med overskrifta «Oppsummering» som gir ei kort samanfatning av kapittelet. Mykje av kunnskapen i boka blir formidla gjennom illustrasjoner med bilettekst, slik som fotografiet frå 11. september i figur 7. Det er bilete på kvart oppslag, og desse er stort sett pressefotografi.

I kapittel 1.2.3 skriv eg at det ifølgje Birkeland og Mjør (2012) er vanleg å bruke døme i fagbøker for barn. Ein kan fyrst forklare ei større samanheng og vise eit døme som synleggjer og konkretiserer, eller ein kan starte med å forklare eit døme for så å generalisere og ta føre seg den større samanhengen. I *Terrorisme* er det denne andre måten å bruke døme på, som er nytta. Terroråtaket mot USA 11. september 2001 vert forklart i fyrste kapittel for å vise eit konkret døme på terrorisme – eit døme som mange av lesarane gjerne har høyrt noko om frå før av – og så er det vist tilbake til dette dømet utover i teksten i forklaringa av terrorisme som eit generelt fenomen.

4.2.2 Utval av kunnskap

Baksideteksten til *Terrorisme* seier at boka skal ta føre seg kva terrorisme er, kva former for terrorisme som har eksistert gjennom historia og kva som skil desse frå kvarandre, i tillegg til å ta opp kva internasjonal rett seier om terrorisme. Det står også at boka skal sjå på døme frå røynda, og «analysere de forskjellige formene som truer verden i dag». Fokuset i boka er å vise kva som får terrorisme til å oppstå, korleis terrorisme påverkar samfunnet og verda, og kva ein kan gjere for å kjempe mot terrorisme. Dei ulike terrorhendingane blir brukt som døme for å illustrere desse tematikkane.

Det fyrste kapittelet heiter «Former for terrorisme» og tek føre seg historia til terrorismen. Det står at ordet vart brukt fyrste gong for å forklare handlingane regjeringa i Frankrike utførte mot sine motstandarar i det såkalla «Terrorregimet» på slutten av 1700-talet. Smith skriv vidare om den fyrste terrorbølgja der terrorisme vart brukt mot myndigheiter.

Smith deler inn terrorismen «i nyare tid» i fire hovudgrupper. Den fyrste gruppa består av ekstreme, venstreorienterte grupper i Europa og Nord-Amerika på 1960- og 1970-talet. Den andre gruppa består av grupper som utførte statsstøtta terrorisme; «[u]nder den kalde krigen trente både USA og Sovjetunionen opp motstandere av den annen part i terrorteknikk, og støttet deres terroraksjoner økonomisk. Når statene selv brukte terrortaktikk, ble dette kjent som statsterrorisme» (Smith, 2008, s. 8). Smith viser til fleire stader der regjeringsmakta har nytta statsterrorisme mot eiga befolkning, som i Kashmir i India, Guatemala og Bosnia. Ifølgje Smith er den statsstøtta terrorismen som har stått for flest terrorofre dei siste 50 åra. Den tredje gruppa består av enkeltmenneske og grupper som nyttar terrorisme for å kjempe mot okkupasjon og framandstyre, fordi dei ikkje trur på endring gjennom militær motstand og demokratisk politikk. Døme på denne gruppa er IRA i Nord-Irland, ETA nord i Spania og Tamiltigrane på Sri Lanka. Den fjerde gruppa er inspirert av ei ekstrem tolking av islam og nyttar terrorisme for å kjempe mot vestleg innflytelse, slik som al Qaeda.

Framstillinga av terrorismen si historie tek føre seg dei fire bølgjene som Rapoport (2004) skildrar i teorien om terrorbølgjer, i tillegg til å ta føre seg statsstøtta terrorisme som ein eigen form for terrorisme.

4.2.2.1 Definisjon på terrorisme og terroristar

Vidare i kapittelet «Former for terrorisme» viser Smith det han kallar ein enkel definisjon på terrorisme; «det å bruke vold mot sivilbefolkningen, særlig til politiske formål» (s. 12), som han problematiserer. I følgje Smith medfører denne enkle definisjonen problem, sidan dei tre viktige elementa i definisjonen; vald, sivilbefolkning og politikk, kan tolkast ulikt: «[e]r det å kaste stein voldelig nok til å oppfylle kravet? Kan politiske ledere regnes som sivilister? Hva er egentlig et politisk formål?» (2008, s. 12). Teksten viser kva som er og ikkje er terrorisme gjennom to ulike døme, før det står at terroristar kan vere enkeltmenneske, grupper eller myndigheiter og at «[a]ngrep mot sivile er terrorisme, uansett hvor, når og av hvem de blir utført» (s. 12). Dermed er det skilnad på å bombe ein sovande by og å bombe militære mål, skriv Smith.

Definisjonen på terrorisme dekker tre av markørane Sitter (2017) har funne som er vanlege å bruke i definisjonar på terrorisme, og det er bruk av vald, politisk motivasjon og

kommunikasjon. Denne definisjonen nemner ikkje at terrorisme inneberer ei frykt for gjentaking og er avgrensa til å vere utført av ikkje-statlege aktørar. Som i *Terrorisme* (2003, Hibbert) vert statsterrorisme teke opp i denne boka, mellom anna skriv Smith om terrorisme utført av amerikanske myndigheiter mot Vietnam, Afghanistan og Irak (gjennom luftangrep mot sivile mål). Det er altså eit vidare terrorismeomgrep som vert nytta i denne boka, enn det som er vanleg i dag - å skilje mellom terrorismen utført av ikkje-statlege aktørar og av myndigheiter.

Smith nyttar fleire verkemiddel for å problematisere omgrepet terrorisme og kven som er terroristar, som å diskutere kvifor den enkle definisjonen har svake sider, å stille retoriske spørsmål til lesaren og syne fleire ulike døme på valdshandlingar som både kan vere terrorisme og ein form for «fridomskamp». Døme på grupper som er i ein slik «gråsone» er fridomsgrupper eller terroristgrupper i Kashmir, Tsetsjenia og Irak, som ifølgje teksten ikkje har andre metodar enn terrorisme for å kjempe for frigjering. Dette er grupper som somme vil kalle terroristar, men andre vil kalle fridomskjemparar, står det i boka. Slik kjem det fram at det å kalle nokon terrorist alltid vil vere subjektivt.

Under overskrifta «Hvordan definere terrorisme?» syner Smith døme på valdshandlingar som er terrorisme og valdshandlingar som ikkje kjem innanfor denne kategorien, anten fordi dei er retta mot militære mål eller fordi valdshandlingane ikkje har tydelege politiske motiv. I faktaboksen med overskrifta «Eksempel fra virkeligheten» forklarar Smith situasjonen på 1960-talet i Nord-Irland der IRA både gjekk til angrep på britiske soldatar og drap sivile ved å detonere bomber i byar. Ifølgje britisk regjering var begge desse formene for vald terrorisme og ifølgje IRA var ingen av valdshandlingane terrorisme. Smith viser at ved å sjå til definisjonen på terrorisme, så kan ein sjå at begge partar tok feil; angrepa mot soldatar var ikkje terrorisme, men det å bombe sivile mål var terrorisme. Gjennom å stille spørsmål, problematisere og syne døme forklarar teksten fleire ulike former for terrorisme, men legg ikkje skjul på at det ikkje alltid er enkelt å svare på kva som er terrorisme og ikkje.

Boka fokuserer både på det som er kalla terrortaktikk i fredstid og terrortaktikk i krigstid. Kapittelet «Terrortaktikk i krigstid» handlar mellom anna om krigføringa under andre verdskrig då det vart nytta bombeangrep mot Tyskland, Nord-Vietnam og Storbritannia, og borgerkrigane i Palestina og Afghanistan. Når terrorisme er framstilt som ein del av krigføring mellom land eller mellom grupper innad i land, kan det skape forvirring kring kva som eigentleg er skilnaden på terrorisme og krig.

Eit eige kapittel handlar om “Terrorbekjempelse og borgerrettigheter” der boka løftar fram tre menneskerettar som kan bli truga av at verdas nasjonar intensiverer kampen mot terrorisme. Rettane til dei som er mistenkt for terrorisme må settast opp mot rettane til borgarane, står det i kapittelet, og ofte er det slik slik at myndigheter i tida etter terrorangrep, vil setje den nasjonale sikkerheita føre rettane til enkeltmenneske. Dei rettane som er særleg truga av kampen mot terror er ytringsfridomen, retten til privatliv og rettstryggleiken, og boka tek føre seg kvifor og korleis desse rettane vert truga. Å skrive om korleis kampen mot terrorisme kan føre til at menneskerettane kan bli truga, sjølv i vestlege demokrati, er ein måte å syne lesaren at terrorisme har konsekvensar for alle – ikkje berre for dei som vert direkte råka gjennom terrorangrep.

Det er ei kompleks framstilling av terrorisme og terroristar i boka. Boka tek opp store spørsmål som er diskutert gjennom ulike synspunkt for å syne kor samansett dei ulike tema er. Som kapittel 4.2.2.1 viser er det å vise fleire ulike perspektiv gjennomgåande for boka.

4.2.2.2 Fleire sider av same sak

På baksideteksten til *Terrorisme* står det at bokserien “Store spørsmål” ynskjer å «presentere temaene fra alle sider, og slipper til synspunkter som belyser problemene fra flere vinkler». Dette kjem til syne i teksten ved at alle tema boka tek føre seg vert opplyst ut frå minst to ulike synspunkt, som i utdraga under. Det fyrste dømet er frå kapittelet Former for terrorisme, og her forklarar forfattaren at då dåverande president i USA, George W. Bush, starta “krigen mot terror”, meldte myndighetene i Russland og Israel seg på denne kampen. Russland og Israel brukte kampen mot terror som argument for å kjempe mot eigne borgarar som ynskja at Tsjetsjenia og Palestina skulle bli frie land:

Både tsjetsjenere og palestinere har benyttet seg av terror i sin kamp, ved siden av andre virkemidler. Det er blitt hevdet at å avfeie dem som terroristar gjør det enklere for russere og israelere å se bort fra de egentlige årsakene til konfliktene. Men samtidig kan det hevdes at om en gruppe terroristar dreper uskyldige sivile, er det høyst forståelig at den blir kalt en terroristorganisasjon. For å kvitt et slikt stempel, må en gruppe helt og holdent gi avkall på bruk av vold. (Smith, 2008, s. 10)

Som ein kan sjå brukar forfattaren formuleringane “det er blitt hevdet at” og “men samtidig kan det hevdes at” for å vise to ulike meininger om saka, og dette er retorikk han nyttar som gjer at forteljaren kan halde seg nøytral i dei konfliktfylte sakene som vert tekne opp. Yasser Arafat kjempa for eit fritt Palestina, og var ein mann det var stor usemje om. I kapittelet

“Terrortaktikk i fredstid” er Yasser Arafat presentert slik: “Arafat døde i 2004, og var omstridt til det siste. For noen var han en heltemodig frihetskjemper, for sine motstandere ble han aldri noe annet enn en terrorist.” (Smith, 2008, s. 21). Her er liknande retorikk brukt; “for noen var han (...)” og “for sine motstandere (...)", som gjer at forfattaren kan syne motstridande meininger, men sjølv føreheld seg nøytral i saka. I kvart kapittel er det også ein faktabolk med overskrifta “Synspunkter” som har til hensikt å syne to ulike meininger om tema for kapittelet, slik som i utdraget under:

Om spørsmålet er: lar det seg gjøre å oppnå frigjøring ved hjelp av terror, er svaret nei! Men om spørsmålet er om slike handlinger bringer frigjøringene nærmere, er svaret ja!”

Fra et flygeblad fra 1943, laget av en jødisk gruppe som brukte terrorhandlinger i kampen for å opprette en jødisk stat i Palestina.

“Det vi kan være noe mer sikre på, er at bruken av terror alltid vil virke mot sin hensikt, ikke bare på grunn av sin manglende effektivitet, men også på grunn av det umoralske ved slike handlinger.”

Conor Gearty i “Terrorismens fremtid”, 1999. (Smith, 2008, s. 20)

Desse faktaboksane med ulike synspunkt syner at mange meiner mykje forskjellig om terrorisme, og viser at informasjonen om terrorisme ofte er subjektiv. Det kan vere vanskeleg å forstå bakgrunnen for at dei ulike menneska meiner det dei gjer, då sitata gir lite mening utan å kjenne til den politiske konteksten rundt sitatet. For å forstå kvifor dei ulike personane meiner, bør ein ha god kjennskap til personane sin bakgrunn. Dette er særleg krevjande for den unge leseren og for forfattaren som skriv for barn, og kan medføre at dei ulike synspunktene ikke gir betre innsikt, men skapar forvirring.

I nokre av kapitla er faktabolkar med oppsummering av kapittelet også nytta til å syne kompleksiteten i det kapittelet har omhandla, slik som her i oppsummeringa av kapittelet om krigen mot terror:

De som støtter den pågående krigen mot terror, sier at den må føres både mot terroristgruppene og myndighetene som støtter dem. Alle land som sier at de bekjemper terrorisme, må få støtte. De som går imot krigen mot terror slik den nå føres, sier at den i ferd med å bli tapt, siden den ikke lenger er rettet bare mot terroristgrupper, men er blitt utvidet til også å omfatte andre fiender av Vesten - hovedsakelig muslimer. Dette skaper bare grunnlag for mer hat og terror, hevder de. (Smith, 2008, s. 25)

Fokuset på å heile tida vise minst to sider av kvar sak skapar eit bilet av kunnskapen omkring terrorisme som usikker, då det er svært ulike meiningar om tema. Forklaringane av omgrep, framstillinga av dei ulike terrorhendingane og perspektiv rundt kampen mot terror gir alle inntrykk av at dette er eit omstridt tema der det rår usemje. Det er positivt at barnet som les får sjå ulike perspektiv, men det kan også hende denne framstillinga av terrorisme er vel tvetydig for målgruppa. Kapittel 2.1.8 viser til at det er viktig at barn får vite svar på det dei lurer på omkring terrorisme og får terrorisme forklart på sitt nivå. Framstillinga i *Terrorisme* gir få svar til leseren, men kan heller ende opp med å skape fleire spørsmål: Kven er eigentleg terroristar? Kva er eigentleg skilnaden på terrorisme og krig? Her vil leseren sin bakgrunnskunnskap om politikk og historie kunne ha mykje ha seie for om framstillinga gir ny innsikt eller skapar forvirring.

4.2.3 Lesarkontakt

I analysen av *Terrorisme* er det få døme på at teksten vender seg til ein barnelesar gjennom dei verkemidla som er vanleg å nytte i fagbøker for barn. Dei to verkemidla som skil fagboka frå mange fagbøker for vaksne, er bruken av bilet på kvart oppslag og mange faktaboksar som skal skilje ut og summere opp den viktigaste informasjonen. Utover dette er det nytta eit utfordrande språk og teke opp komplekse problematikkar som truleg få 10-12-åringar vil forstå. *Terrorisme* tek ikkje omsyn til ein barnelesar med lite forkunnskap om internasjonale forhold og politikk. Den spørjande og utforskande teksten kan til tider framstå som dialogisk, mellom anna fordi det er nytta mange retoriske spørsmål, men denne dialogen framstår meir som ein dialog mellom to engasjerte vaksne enn det som ifølgje Birkeland og Mjør (2012) ofte vert nytta i fagbøker for born; ein samtale mellom eit nysgjerrig barn og ein kunnskapsrik vaksen (sjå kapittel 1.2.3). Den implisitte leseren i teksten er ikkje eit barn som veit lite og difor ønskjer å lære meir om terrorisme, men eit eldre barn (eller ein ungdom) som allereie kan ganske mykje om politiske tilhøve og ønskjer å få djupare forståing.

4.2.3.1 Versjonering

Terrorisme vart opphavleg utgjeve i England (2007), og for å tilpasse teksten til norsk kontekst har omsetjar Tor Thorsteinsen gjort somme endringar i teksten. Det dreier seg ikkje berre om at teksten er omsett, men også at utdrag er tekne ut og tekst lagt til slik at norske tilhøve er forklara. Versjonering er omgrepet Grepstad (1997) bruker om det å omarbeide og tilpasse teksten til ny kontekst på denne måten. Sidan dei tekstutdraga eg omtaler i dette avsnittet er endra frå den opphavlege utgåva, vil eg nytte omsetjar Thorsteinsen som

referanse. Kapittelet «Terrortaktikk i krigstid» handlar om motstandsgrupper sin bruk av terrorisme mot okkupantar under andre verdskrig. I teksten står det at motstandsgrupper brukte terrorisme i «Polen, Norge, Danmark og en rekke andre land» (Thorsteinsen, 2008, s. 18). Dette er endra frå originalutgåva, der Noreg ikkje er nemnt i teksten i det heile; «In the second world war for example, France, Poland, Czechoslovakia and Greece were among the countries occupied by the Germans» (Smith, 2007, s. 18). Faktaboksen på same sida er også tilpassa norsk kontekst. Teksten i begge utgåver handlar om represaliasar der tyske myndigheter hemna seg på terroraksjonar utført av motstandsrørsler. I den norske utgåva er påtenninga av Telavåg på Sotra brukt som døme, i motsetnad til originalutgåva der døma er frå Tsjekkoslovakia og Frankrike.

Det er også gjort språklege endringar i kapittelet «Terrorbekjempelse og borgerrettigheter». Teksten handlar i originalutgåva om endringar i britisk lov etter 11. september 2001, som minner om den amerikanske «Patriot Act». Denne teksten er erstatta av døme på korleis Noreg også har gjort tiltak som reduserer retten til privatliv, sjølv om liknande lover ikkje har blitt innført i Noreg. I same kapittel, i ein tekst om rettstryggleik, er det lagt ein setning i den norske utgåva som rettar kritikk mot norsk bruk av varetektsfengsling. Det står at demokratiske land for det meste respekterer rettstryggleiken «selv om for eksempel Norge har fått internasjonal kritikk for overdreven bruk av varetektsfengsel og treg saksbehandling i en del tilfeller» (Thorsteinsen, 2008, s. 30). I dette siste dømet på versjonering har ei setning blitt lagt til i teksten utan at noko er teke ut frå den opphavlege utgåva. Det er dermed døme på at versjonering er nytta både ved å endre tekst til å vere tilpassa norsk tekst, og døme på at tekst er lagt til utan at noko er teke ut frå den opphavlege utgåva.

I norske forteljingar om andre verdskrig vert motstandsgruppene som kjempa mot tyskarane framstilt som nasjonale heltar. Å omtale handlingane til motstandsgruppene i Noreg som terrorisme rokkar ved dette biletet av nordmenn sine heltemodige handlingar under andre verdskrig. Det at også nordmenn, til og med nasjonale heltar, kan ha vore skuldige i det som inngår i definisjonen for terrorisme, kan nyansere synet på kva som eigentleg er terrorisme. Å samanlikne situasjonen under andre verdskrig med situasjonen for motstandsgrupper (eller terroristgrupper – det er opp til kven ein spør) i dag i Kashmir, Irak og Tsjetsjenia kan synet på terrorisme bli endra. Ved å vise til eit døme frå Noreg under krigen, kan lesaren få større innsikt i tematikken enn dersom dømet var frå eit anna land som ikkje lesaren har eit forhold til.

Det å leggje til tekst om at Noreg har fått kritikk for bruk av varetektsfengsling kan også opne for større innsikt. Det er vist til ein norsk kontekst der menneskerettane ikkje er respektert, noko som syner at Noreg har høve som er kritikkverdige. I ei bok som har som føremål å problematisere og diskutere, er det positivt at det ikkje utelukkande er kritikk av andre land, men også kritikk av norsk historie og norske høve i dag.

4.2.4 Visuell fagformidling

I *Terrorisme* er det nytta minst eit bilet på kvart oppslag, og desse bileta viser svært ulike situasjonar, som til dømes; bygningar som står i brann, demonstrantar, utbomba byar, FNs sikkerhetsråd og ein sikkerhetskontroll på ein flyplass. Teksten til kvart biletet seier kvar i verda biletet er frå, og viser at biletet hovudsakleg er frå Storbritannia, USA og Midtausten, men at alle verdsdelar utanom Oseania er representert gjennom biletet.

Mange av bileta som viser terroraksjonar i *Terrorisme* er det Kress og van Leeuwen (2006) kallar fjernbilde tekne i perspektivet overvinkling (Bjorvand, 2014). Som vist i kapittel 2.3.6 er fjernbilde er eit bildeutsnitt der det er stor avstand mellom deltakarane eller objekta i biletet og den som ser. Dette perspektivet plasserer sjåaren ovanfor motivet, og skaper oversikt. I framstillinga av dramatiske situasjonar er dette bildeutsnittet det vanligaste i boka, anten med ei overvinkling eller normalvinkling. Desse bileta skapar oversikt over ofte kaotiske situasjonar og syner få detaljar. Fjernbildet i boka viser til dømes fangar mistenkte for terrorisme i Guantanamo-leiren, Hiroshima etter bomba og tvillingtårna i New York som står i flammer (sjå figur 7). Figur 8 er eit fjernbilde i overvinkling, som syner bombinga av ein irakisk bygning utført av amerikanske eller britiske styrkar.



Figur 8: «Irakisk bygning står i brann» (2008, Smith)


Bildeteksten til figur 8 er: «En irakisk offentlig bygning står i brann etter et bombeangrep i april 2003. Amerikanske og britiske styrker i Irak gjorde utstrakt bruk av sin overlegne styrke i luften» (Smith, 2008, s. 14). Teksten og biletet er i kapittelet om terrortaktikk i krigstid, og teksten på oppslaget biletet er henta frå handlar om angrep frå lufta, som vert kalla «militær terrorisme». Samspelsfunksjonen mellom biletet og teksten som gjer seg gjeldande i oppslaget er avløysande. Teksten nyttar sin affordans til å namgje staden bildet er frå og forklare hendingane i forkant av då biletet vart teke, men informasjonen om ein totalskadd bygning får ein frå biletet. Teksten seier lite om kor stor skade bombeangrepet gjorde, og kan vanskeleg skildre den massive røyken like godt som biletet gjer. Sjølv om teksten og biletet handlar om det same, er det i biletet dramatikken kjem fram, og det er gjennomgåande for samspelet i boka at teksten tek sikte på å vere så nøytral i framstillinga som mogleg, medan biletet skildrar dei dramatiske situasjonane.

4.3 *Det var en gang en sommer* av Vidar Kvalshaug

4.3.1 Organisering av kunnskap

Det var en gang en sommer er inndelt i 11 kapittel, og kvart kapittel er mellom to og ti sider langt. Det lengste kapittelet er kapittelet «Superhelter bruker ikke våpen. De redder barn» som handlar om hendingane på Utøya, fortalt gjennom tekst, biletet og faktaruter.

Det er verbalteksten som har den funksjonelle tyngda i dei fleste oppslaga, det vil seie at det er teksten som er det meiningsbærande elementet i boka. Det er ikkje biletet på kvart oppslag, og på oppslaga der det er biletet, er det ofta slik at verbalteksten gir meir informasjon enn bilda. Mange av biletene i *Det var en gang en sommer* er svært idylliske og formidlar ingen kunnskap om kva som hendte på Utøya 22. juli 2011, som figur 9 viser eit døme på.



Figur 9: «Du husker hvor du var 22. juli» (2013, Kvalshaug).

Oppslaget viser korleis kunnskapen om kva boka handlar om, 22. juli 2011, hovudsakleg er formidla gjennom verbalteksten i denne ikonoteksten. Biletet til venstre av markblomar med klare fargar i eit ultranaert bildeutsnitt passar med deler av teksten på høgre side i oppslaget, den teksten som handlar om kva folk i Noreg gjorde 22. juli 2011 før terrorangrepa: «Veldig mange i Norge hadde ferie akkurat da, og gjorde andre ting enn de pleier å gjøre til vanlig. Noen badet, noen fisket, noen var på festival eller på en hytte» (s. 11). Dette utdraget frå teksten er forankra i biletet som viser friske summarblomar. Ei setning i fyreste avsnitt gir derimot anna informasjon som gir anna kunnskap enn den ein får gjennom det idylliske biletet av blomar: «Det var denne dagen 77 mennesker ble drept i Norge på én ettermiddag, 69 av dem var ungdommer på Utøya» (Kvalshaug, 2011, 11). Oppgåva vil i kapitlet om visuell formidling gå nærmare inn på samspelsfunksjonane mellom bilda og teksten i *Det var en gang en sommer*.

Fyrste og siste kapittel i boka handlar om sonen til forfattaren som byggjer ein trebåt som han vil sende til ungdommane som døydde. Dette fungerer som ei rammeforteljing sidan boka byrjar og ender med å handle om korleis guten først lagar båten og så set den ut på Tyrifjorden.

4.3.2 Utval av kunnskap

Denne boka skil seg frå resten av materialet fordi den i all hovudsak ynskjer å forklare omstenda kring ei terrorhending utført av ein terrorist, angrepa på Regjeringskvartalet og Utøya 22. juli 2011. Dermed kan forfattaren forklare meir i djupna kring dette terrorangrepet. Det som også skil boka frå dei andre tre er at målgruppa er yngre, og forkunnskapen til leseren er meir avgrensa. Difor er det fleire omgrep som må forklarast og fleire omsyn som må takast til barnet som les. Det som er teke med av kunnskap i *Det var en gang en sommer* dreier seg først og fremst om å forklare kva som hendte 22. juli, kvifor det skjedde og kven som sto bak. For å forklare terrorhendingane tek forfattaren føre seg mykje av det som hendte 22. juli 2011 frå bomba sprengde i Regjeringskvartalet omkring klokka halv fire og til skytinga på Utøya seinare på dagen og utover kvelden.

Boka forsøker også å forklare kva som var årsakene til at Anders Behring Breivik utførte terrorangrepet eller som Kvalshaug skriv: «Hvordan kan noen bli så slemme?» (2013, s. 33). Forfattaren tek føre seg somme aspekt ved den rettspsykiatriske rapporten, mellom anna skildrar han korleis barndommen og oppveksten til Anders Behring Breivik var, før han konkluderer med at «Anders Behring Breivik er en person vi ikke kan forstå ennå» (s. 50). Rettsaka og reaksjonane i etterkant av terrorangrepet er også skildra, og situasjonen til Anders Behring Breivik i dag. Ulike sider ved samfunnet som kan ha samanheng med hatet til Anders Behring Breivik er også forsøkt forklart, som til dømes demokrati og innvandring.

4.3.2.1 Barn sine opplevelingar

For å forklare hendingane på Utøya tek Kvalshaug utgangspunkt i opplevelingane til to barn, ein åtteåring og ein niåring. Vi følgjer barna frå då Anders Behring Breivik kom til øya og skaut faren til åtteåringen (som var politimann på vakt på øya), gjennom flukt og gøymsel frå terroristen, til politiet kjem og forsikrar dei om at dei er trygge, og heilt fram til barna møter mødrene sine. Bjørn Ihler er eit eldre AUF-medlem som tek ansvar for dei to unge gutane, og passar på dei frå skytinga byrjar fram til dei trygge. Det at rammeforteljinga handlar om sonen til Kvalshaug som er ein liten gut på fire år, og at fokuset frå Utøya er på dei to barna på åtte og ni år, gjer at teksten er tilpassa ei ung målgruppe. I kapittel 2.3.3.2 står det at Løvland (2012) meiner det å innføre barn som deltagarar i teksten kan gjere at barn føler tilknyting til fagstoffet. Fokuset på unge barn sine opplevelingar av Utøya-terroren, kan gjere det lettare for barn som les å kjenne seg att, enn om det handla om dei eldre ungdommene som vart råka. I tillegg får ein presentert ein voksen, ansvarleg “superhelt” (forfattaren sitt ord) i Bjørn Ihler som rømte saman med dei to gutane på ni og åtte år, og han blir dermed representant for ein

god og trygg vaksen, som ein kontrast til skurken Anders Behring Breivik. Det at boka handlar i hovudsak omhandlar tre personar som overlevde terrorangrepet, nemleg åtteåringen, niåringen og Bjørn Ihler, er også tilpassa den unge målgruppa då dei slepp å lese at nokon dei har fått kjennskap til i teksten døyr.

4.3.2.2 Forklaringa av terror

Terror er eit av omgrepene som er forklart i ein eigen faktaboks. Denne faktaboksen er på side 20 i boka, og dette er fyrste gong at ein versjon av ordet «terror» er nytta i teksten. Fram til denne sida er det som føregjekk i Oslo tidleg på dagen 22. juli skildra som «noe fryktelig» og det står at ungdommene frå Utøya fekk høyre at det «hadde skjedd noe forferdelig i Oslo». I kapittelet som heiter «Superhelten bruker ikke våpen. De redder barn» står det om Anders Behring Breivik, som hittil i teksten er kalla ved namnet hannar, som går rundt på Utøya og skyt, men ikkje tør å gå inn i korridorane i hovudhuset: «[t]erroristen våget ikke å gå inn der. Han hadde ikke oversikt og var redd for å bli overmannet av flere. I stedet skjøt han gjennom dører og vinduer» (Kvalshaug, 2011, s. 20). På denne sida er det ein tekst omlag midt på sida, heilt til høgre, i anna farge og font enn resten av teksten. Her forklarar Kvalshaug kva «terror» er:

Det har skjedd flere steder i verden at noen har brukt vold eller våpen mot sivile, mot mennesker som ikke deltar i en krig eller selv bærer våpen. Dette har de gjort for å få oppmerksomhet om sine meninger, eller fordi de vil kreve noe fra dem som bestemmer i et land eller selv overta makten. Det kan enten være religiøse eller politiske grupper som har følt at de ikke blir hørt på annen måte. Slik vold kalles terror, og som regel er det flere personer som står sammen om å spre terroren. Anders Behring Breivik var en terrorist, han drev med terror, men han gjorde det alene. Han sa og skrev at han var sint på den norske staten og Arbeiderpartiet. (2013, s. 20)

Denne forklaringa av kva terror er, dekker tre av Sitter (2017) sine markørar for definisjon av terrorisme; bruk av vald, kommunikasjon og politisk motivasjon. Dette er ei enkel forklaring der det som kanskje er dei viktigaste distinksjonane mellom terrorisme og anna vald er med. I staden for å skrive «terrorisme», er den kortare versjonen «terror» brukt. I skriftleg tekst er det vanlegast å nytte heile omgrepet «terrorisme», men i tale er det ikkje så uvanleg at ein heller bruker terror. Denne meir munnlege forma av ordet kan kanskje vere enklare å forstå og forhalde seg til for barn. Etter forklaringa er omgrepet terror nytta to gonger i teksten og terroraksjon er nytta ein gong, medan Breivik ofte er vist til som «terrorist» eller «terroristen» i resten av boka.

4.3.2.3 Terroristen

Ein stor del av boka er brukt på å prøve å forstå terroristen Anders Behring Breivik og kva som fekk han til å utføre terrorangrepa. Det står at han hadde ein uvanleg barndom, at han ikkje kunne eller ville leike og at han vart omtala som ein gut utan lyst og glede. Det vert påpeika at det å ha ein vanskeleg barndom likevel ikkje var nok til at han vart ein massemordar – noko som er ein viktig merknad då denne samanhengen mellom vanskeleg barndom og å bli terrorist kan vere naudsynt å nyansere for barn. Breivik var utsett for omsorgssvikt i barndomen, og vaks opp til å bli einsam og mislukka på mange område, slik som studiar, arbeid og kjærleiksforhold. Dette førte til at han vart sint på mange ting, og fekk rare meininger om samfunnet, skriv Kvalshaug. Etterkvart fjerna Breivik seg meir og meir frå den verkelege verda, og han isolerte seg i eit år for å spele dataspelet World of Warcraft:

Du har sikkert hørt at han brukte mye tid på å spille dataspill. Jeg tror ikke dataspill er farlig, men jeg tror det er skummelt å stenge seg inne et helt år for å spille nesten hele døgnet, slik han gjorde. Da kan man miste kontakten med både venner og virkelighet og bli gal av det. (Kvalshaug, 2013, s. 27).

Fleire stader i teksten står det i ulike formuleringar at Breivik verkar å leve i ei anna verkelegheit enn vår. Det står også at han har det Kvalshaug kallar “tankesjukdommar” og at Breivik var med i ein organisasjon som ingen andre trur eksisterer – ikkje ein gong advokaten hans. Ein annan stad står det at det kan verke som Breivik til slutt trudde at han faktisk var ein krigar i dataspelet. Anders Behring Breivik sin verkelegheit blir skildra som ein anna enn den «dei fleste av oss» er i:

Det ser heller ikke ut til at Anders Behring Breivik klarer å vende tilbake til den virkeligheten som de fleste av oss er i, en virkelighet der vi vanligvis er snille mot hverandre, hjelper hverandre og har respekt for andre mennesker. (Kvalshaug, 2013, s. 48)

Det kan kanskje verke roande på barnelesaren at Anders Behring Breivik ikkje lever i same verkelegheit som dei gjer? Denne måten å framstille han på, får kanskje terroristen til å verke mindre skummel sidan han vert skildra som mellom anna einsam, forstyrra og mislukka?

Det er derimot også døme på at Breivik vert skildra med meir skumle karakteristikkar, til dømes står det at han ikkje har vist teikn til anger på det han gjorde, at han var stolt av det

han hadde gjort og at han fortalte om dei «[d]e føleste ting om hvordan han drepte folk, uten å virke lei seg» (s. 30) under rettssaka. På ei anna side står det at Anders Behring Breivik er den farlegaste fangen som Noreg nokon gang har hatt. Han vert også samanlikna med karakteren Voldemort, i eit avsnitt som handlar om at mange ikkje ville bruke namnet til Breivik i tida etter 22. juli, men heller kalla han «han derre» eller «han vi ikkje nemner namnet på», slik som den ondaste i Harry Potter si verd, nemleg Voldemort. Voldemort er ein ond karakter, men Harry Potter-bøkene viser at det går an å ta kampen mot han, og det gode sigrar til slutt. Barn som har denne forkunnskapen om Voldemort vil kanskje tenkje at Anders Behring Breivik også er ein person det går an å kjempe mot?

Kvalshaug skriv at Breivik tilsto det han hadde gjort, men at han likevel ikkje meinte han burde bli fengsla. Vidare står det at «Behring Breivik sa at det var de som styrer samfunnet som burde vært fengslet» (Kvalshaug, 2013, s. 39). Som skrive i kapittel 2.1.6 meiner Hoffman (2006) ein av skilnadane mellom terroristar og andre kriminelle, er at dei sjølv aldri vil kalle seg terroristar, men hevde at det er samfunnet eller systemet som er «den ekte terrorist».

4.3.3 Lesarkontakt

Forteljaren i denne boka adresserer lesaren direkte gjennom å skrive til eit “du”, som til dømes i dette spørsmålet: «Hvis du har ligget i telt, husker du nok hvor spennende det var» (Kvalshaug, 2013, s. 15). Han stiller også mange retoriske spørsmål til lesaren, som til dømes: «Du har kanskje selv eller vet om noen i klassen din som har foreldre fra andre land? Pakistan? India? Sri Lanka?» (s. 40) og «Under rettssaken som fant sted året etter, samlet mange tusen mennesker seg i Oslo sentrum for å synge “Barn av regnbuen” av Lillebjørn Nilsen. Den kan du kanskje?» (s. 45). På denne måten hjelper forteljaren lesaren til å kople på eigne erfaringar og forkunnskapar i dei emna teksten handlar om. Den direkte adresseringa er både ein måte knytte lesaren sin kunnskap til ny kunnskap, og ein måte å adressere den implisitte lesaren og skape ein slags dialog mellom forteljaren og lesaren:

22. juli er en dato du kommer til å høre om så lenge du lever. Når du blir større, kommer du sikkert til å huske hvor du var og hva du gjorde denne dagen, og du kommer til å fortelle andre om det. (Kvalshaug, 2013, s. 11)

Dialogen mellom forteljaren og den implisitte lesaren inviterer den faktiske lesaren til å reflektere over dei emna som forteljaren tek opp.

4.3.3.1 Å trygge barnet

For at barn skal kjenne seg trygge i møte med katastrofer, meiner Schultz og Raundalen (2010) det kan vere lurt å fokusere på det som blir gjort for å hjelpe og på dei menneska som bryr seg (sjå kapittel 2.1.8). I *Det var en gang en sommer* er det mange døme på å vise at barn ikkje treng bekymre seg og at det blir gjort mykje for at dei skal vere trygge. Mellom anna står det at om politiet arbeider med å førebygge terrorisme:

Etter 22. juli 2011 har politiet skaffet seg oversikt over flere miljør og personer og følger med på hva disse gjør og sier for at terroraksjoner ikke skal skje på nytt. Om du spør en voksen om dette kan skje igjen, får du kanskje ikke noe godt svar. Vi må bare håpe at alle som skal passe på, gjør en grundig jobb. (Kvalshaug, 2013, s. 31)

Andre måtar å trygge barnelesaren på er gjennom å skildre livet til Anders Behring Breivik på spesialavdelinga laga for akkurat han, der han blir lufta i ein luftegard med netting og ikkje har kontakt med andre innsette. Det står at han ikkje får lov å vere på internett, og at lesaren difor ikkje treng å uroe seg for om han dukkar opp der: «[d]u vil aldri møte ham i chatterom eller på Facebook» (s. 46). Det er påpekt at Anders Behring Breivik ikkje ein gong fekk lov til å reise i mora si gravferd, og står også eksplisitt at ein ikkje treng å bekymre seg for om han nokon gong kjem til å kome ut av fengsel: «“Ingen behøver for alvor å frykte at Anders Behring Breivik vil slippe ut av fengsel. Han kommer ikke noen gang til å slippe ut,” sier Ellen Holager Andenæs, som var advokat til flere av ofrene» (s. 45). På same side er omgrepene “Forvaring” forklart i ein faktaboks. Det står at når ein er dømd til forvaring, er det både psykiatrar og dommarar som ser om det er grunn til å tru at personen kan gjere forferdelege ting igjen før dei bestemmer om vedkommande får kome ut av fengsel eller ikkje.

Gjennom alle desse ulike formuleringane og forklaringane vert barn forsikra om at dei ikkje treng å bekymre seg for om Anders Behring Breivik skal klare å planlegge terroraksjonar igjen, eller klare å rømme og skade fleire menneske. Men det er likevel lov å tenkje på 22. juli og då er det viktig å prate med nokon: «Du må snakke med foreldrene dine hvis du går og tenker på noe dumt og vondt rundt 22. juli, eller hvis du har noen spørsmål om det som skjedde» (s. 50-51).

4.3.4 Forteljarstemma

Det var en gang en sommer har fyrstepersonforteljar, og forfattaren nyttar sin eigen familie sine personelege historier frå 22. juli, og frå tida etterpå, som eit utgangspunkt i teksten. Han

skriv fleire gongar i teksten «Jeg som skriver denne boken...» og viser med dette til korleis han har funne fram til informasjonen som er presentert i boka. Som nemnt tidlegare er teksten nærmast som ein dialog mellom forteljaren og den implisitte lesaren, og noko som forsterkar dette er at mange av kapittela har overskrifter formulert som spørsmål «Du husker kanskje en sommer der alt var fint?», «Hvorfor smilte han i rettssalen?», «Kommer han noen gang ut av fengselet igjen?» og «Er det lov å hate?». Dette er gjerne vanlege spørsmål lurer på. Eit av tipsa om korleis ein kan prate med barn om terrorisme frå kapittel 2.1.8 handlar om å gi barna svar på det dei lurer på (Mørch, 2016). Å bruke spørsmål som utgangspunkt for inndeling i kapittel fungerer dermed godt i denne framstillinga.

4.3.5 Språk og språklege verkemiddel

Språket i *Det var en gang en sommer* er kvardagsleg og enkelt. Dei orda og uttrykka som kan vere nye for barn, er forklart i faktaboksar etterkvart som orda oppstår i teksten. Det er sju ord, namn og uttrykk som er forklart: Utøya (“Barnas øy”), terror, adrenalin, Gro Harlem Brundtland (“Gro”), demokrati, barnevernet og forvaring. Det er nytta fleire språklege bilete i tekstne. Det eine kapittelet i boka er kalla “Som i et rollespill”, noko som både kan kome av at Bjørn Ihler har sagt at han oppfatta heile situasjonen som eit rollespel, og at terroristen Anders Behring Breivik vert framstilt som ein person som lever i eit rollespel.

4.3.6 Visuell fagformidling

Det er nytta pressebilete, personlege bilete, to teikningar og andre fotografi i *Det var en gang en sommer*. Dei to personlege fotografa viser sonen til Kvalshaug med trebåten han vil setje på vannet ved Utøya. Pressebileta viser mellom anna regjeringskvartalet like etter bilbomba, eit bilet av Bjørn Ihler og andre som vert tekne hand om etter dei hadde kome seg i trygghet på Utøya, og eit bilet av Ihler utanfor rettsalen der rettssaka mot Breivik føregjekk. Det er fleire fotografi frå Utøya, og dei fleste av desse er utan menneske, mellom anna eit bilet som viser stien mot hovudhuset og eit bilet som viser ei grasslette med mange telt.

Som vist i figur 9 er det stor kontrast mellom teksten og bilda i mange oppslag. Bileta har typiske sumarmotiv, som blomar og gras, og er i klare og sterke fargar som grøn og gul. Stemninga er roleg, det er ingen folk på bileta, berre grønt gras og element som er fine, til dømes telt og blomar. Dette skapar ein kontrast mellom verbalteksten som handlar om mørke, grufulle hendingar, og bileta som signaliserer glede. Bilda i boka får ein nærmast terapautisk funksjon, ved at dei viser noko lyst og vakkert som kan gjere den mørke teksten toleleg.

4.3.6.1 Teikninga av Anders Behring Breivik

Det er ingen fotografi av Anders Behring Breivik i boka, berre ei rettsteikning frå eit fengslingsmøte (figur 10). Teikninga av Breivik og ei teikning av trebåten som sonen til Kvalshaug laga er dei einaste to illustrasjonane i boka. Sidan det er ein av berre to illustrasjonar, kan det virke som eit bevisst val å framstille Brevik i ei rettsteikning, og ikkje eit fotografi.



Figur 10: «Anders Behring Breivik» (2013, Kvalshaug).

Illustrasjonen er eit nærbilde i normalvinkel, som viser heile ansiktet og skuldrene. Han har blikket vendt mot venstre, og det er dermed eit tilbod-bilete som gjer at sjåaren forheld seg som ein tilskodar til Breivik. Til venstre ser ein tuppen på ein mikrofon, men utover dette er det ingen andre detaljar frå rettssalen. Det er brukt få fargar og dei fargane som er, er duse.

Ved å tolke ikonoteksten i boka, altså ved å sjå på framstillinga av Behring Breivik i tekst, bilete og verknadane det har på lesaren, kan ein seie noko om den samla kunnskapen ein får om terroristen gjennom boka. I teksten er Breivik skildra som ein som lever i ei anna verd enn oss, han klarte kanskje aldri å fjerne seg frå dataspelet som han sat og spelte i eit år, og han trur at han er del av ei gruppe som alle er samde i at berre er oppspinn. «Det ser ikke ut til at Anders Behring Breivik klarer å vende tilbake til den virkeligheten som de fleste av oss er i» skriv Kvalshaug. I teikninga frå rettssalen er han teikna nokså «realistisk», men det er lett å sjå at det er ei teikning og ikkje eit fotografi. I kapittel 2.2.6.5 skreiv eg at Barthes (2001) skriv at fotografiet alltid skildrar noko som har vore føre kameraobjektet, medan maleriet kan skildre noko som ikkje den som lagar det har sett. Det er denne skilnaden i forhaldet til røynda, som gjer at fotografiet i større grad oppfattast som sanning enn det eit maleri eller ei

teikning gjer.

I verbalteksten er Behring Breivik framstilt som ein person som lever i ein anna verkelegheit enn oss og samanlikna med den fiktive karakteren Voldemort. I den visuelle framstillinga er han den og det einaste som er framstilt gjennom ei teikning, ikkje fotografi. Gras, hus, Utøya, blomar, Bjørn Ihler, Gro Harlem Brundtland, World of Warcraft, fengselet Ila og sonen til forteljaren er alle framstilt som verkelege; dei var føre kameraobjektet då fotografiet av dei vart teke. Anders Behring Breivik derimot, måtte ikkje vere føre teiknaren for at teikninga skulle bli til. Sjølv om vi veit at han trass alt var der i rettsalen då teikninga vart laga, kan denne framstillinga gjennom teikning oppfattast som den har mindre direkte kopling til røynda. Gjennom eit tolkande samspele av ikonoteksten, kan leseren av *Det var en gang en sommer* tolke Anders Behring Breivik som ein som er skilt frå den verda vi lever i. Han vert skildra som ein som lever i ei anna verkelegheit enn oss, ei verkelegheit som ikkje er *ekte* - i alle fall ikkje like ekte som vår verd med gras blomar, andre menneske og alle dei andre tinga i boka som er visualiserte gjennom fotografi.

4.4 Terror av Harald Skjønsberg

4.4.1 Organisering av kunnskap

Terror har åtte kapittel. Kvart kapittel har overskrift, illustrasjoner, fotografi, underoverskrifter og bildetekst. Fyrste og siste kapittel handlar om då terrorberedskapen vart auka i Norge i juli 2014 grunna trugsmål om terrorangrep, og dette fungerer som ei slags rammeforteljing for boka. Det andre kapittelet er eit kort kapittel som skal forklare kva terrorisme er, og kva som skil terrorisme frå andre valdshandlingar. Dei fire neste kapitla dreier seg om ulike terrorangrep gjennom tidene, organisert i kapittel som handlar om einslege terroristar, terror i Allahs namn, terror i Tyskland og nasjonalistisk terrorisme. Det nest siste kapittelet handlar om det Skjønsberg kallar verdas første terrorforsøk, og handlar om då Guy Fawkes forsøkte å bombe parlamentet i England i 1605.

Det er ikkje ei kronologisk framstilling av terrorismen si historie frå start til slutt. Boka byrjar med å skildre pressekonferansen i 2014 då PST informerte om at det var sannsynleg at Noreg ville bli råka av terrorisme, og så tek boka føre seg ulike former for terrorisme heilt tilbake til “starten”, før boka avsluttar med å skildre reaksjonane på terrortrusselen, og ein fredeleg demonstrasjon mot terrorisme.

Sjølv om det ikkje er kronologisk rekjkjefølgje på framstillinga av terrorhendingane i boka som heilskap, er det stor grad av kronologi i kapitla. Terrorhendingane er forklart i

rekkefølgja frå det som skjedde før, under og i etterkant. Skildringa av 22. juli i kapittelet «Den farlige ensomme mannen» skildrar store delar av det som skjedde rundt terrorangrepet, frå den regnfulle morgenon i Oslo til ettermiddagen på Utøya, planlegginga til Anders Behring Breivik i forkant og reaksjonane i etterkant. I kapittelet om Nord-Irland står det om då Irland vart styrt av England, den lange kampen for sjølvstende, at øya blir delt i to, åra med “The Troubles” og korleis situasjonen er i dag.

Som skrive i kapittel 3.5 er det tolv terrorhendingar som er forklart i boka. Alle desse terrorhendingane vert forklart over minst éi side, og sju av desse vert også forklart i ein faktaboks som gir ei kort oppsummering av kva som skjedde, kor mange som døydde, kven som sto bak og kva som skjedde etterpå. Av desse tolv terrorhendingane er ti også formidla visuelt gjennom bilde, anten fotografi og illustrasjon eller både fotografi og illustrasjon.

Det er ikkje bilete på kvart oppslag, men i kvart kapittel er det både fotografi, ofta pressefotografi, og illustrasjonar av illustratør Geir Moen. Det er eit samspel mellom dei ulike modalitetane der både tekst og bilde forankrar og avløyser kvarandre. Alle fotografia har ein bildetekst som forklarar kva biletet viser, medan illustrasjonane til Moen oftaast er utan bildetekst. Dermed opnar illustrasjonane opp for tolking av den einskilde lesar, og det er mange element som kan tolkast i illustrasjonane. Eit døme som illustrerer dette er i kapitlet om einslege terrorister, i eit oppslag der venstre side er ein illustrasjon og høgre side ein tekst som handlar om det Skjønsberg kallar “einsame ulvar”; unge, kvite menn som er sinte på samfunnet og menneska rundt seg. Illustrasjonen viser ein mann med kvit hud og blondt hår kledd i gul t-skjorte og blå jeans som står i ein folkemengde. Fargebruken i bildet skapar ein kontrast mellom mannen, som er lys i huden og har klede i lyse og sterke fargar, medan folkemengden er heilt mørk. Mannen er detaljert skildra, men ein kan berre sjå omrisset av dei andre menneska. Bildeutsnittet viser mannen i totalfigur, men det er tre kvinneskikkelsar som står føre mannen som dermed er nærmare sjåaren av bildet. Kvinnene er heilt mørke, og det einaste med farge er deira rauda auge og rauda smil. Mannen vender blikket ned mot baken og den eine armen over mangen. Blikket som er vendt ned og kroppsspråket kan tolkast som ein måte å beskytte seg sjølv mot alle rundt. Ei raud bombe er plassert på brystet til mannen, noko som minner ein om uttrykket “ei tikkande bombe” og kan tolkast som at mannen snart kjem til å sprekke. Biletet viser ein einsam mann, og menneska rundt han som vert framstilt som onde, gjennom dei mørke fargane og med rauda auge og smil.

Teksten avløyser biletet ved å skildre einsame ulvar som mellom anna rasande, farlege, heva over alle lover og reglar og med skyhøge tankar om seg sjølv. Delar av teksten

er også forankra i det ein les ut frå bildet, det står at ein av dei einsame ulvane, Timothy McVeigh, vart mobba då han var liten og forlatt av mora. Som vist i kapittel 2.3.2.2 er det også eit fotografi av McVeigh som illustrerer denne teksten (på neste oppslag i boka), der McVeigh har oransje fangedrakt og alvorleg ansiktsuttrykk. Samspelet mellom tekst, illustrasjon og fotografi skapar i denne ikonoteksten eit samansett bilet av dei einsame ulvane. Ei tolking av ikonoteksten viser ein dobbel posisjon til einsame ulvar; illustrasjonen inviterer til lesaren til medkjensle med ein einsam person som verkar fråskilt frå alle menneska rundt, fotografiet viser ein farleg terrorist som må sperrast inne og verbalteksten forklarar det både er synd på einsame terroristar og at dei er svært farlege. På denne måten er dei ulike modalitetane sin affordans nytta for å gi lesaren eit samansett bilde av den einsame terrorist. Det er gjennomgåande i boka at tekst, illustrasjon og fotografi avløyser og utfyller kvarandre.

4.4.2 Utval av kunnskap

Baksideteksten til *Terror* seier at formålet med boka er å sjå nærmare på den *dramatiske* historia til terrorismen og vise korleis terrorisme har blitt oppfatta. Dette fordi det ifølgje forlaget berre er gjennom «en dypere forståelse for hva terrorisme er» at vi kan «skjonne dens vesen og fullt ut forstå omfanget av den faren den representerer i vår tid» (Cappelen Damm, 2015). Dette legg føringar for kva utval av kunnskap som skal vere med. Historia til terrorismen skal vere i fokus, men samstundes skal boka gi ei djupare forståing for korleis desse terrorangrepa vart sett på i lys av den historiske konteksten dei føregjekk i.

4.4.2.1 Tolv terrorhendingar

Skjønsberg tek føre seg hendingsgangen og bakgrunnen for tolv ulike terroraksjonar - desse er anten frittståande hendingar eller terrorhendingar som har samanheng fordi dei er utført av same gruppe eller med same motivasjon, men er utført over lengre tid. Kva som er bakgrunnen for at det er akkurat desse tolv hendingane forfattaren har kome fram til, er ikkje nemnt i teksten. Dei tolv terroraksjonane er alle frå 1960-talet og fram til 2014, bortsett frå det Skjønsberg kallar det første terrorangrepet, Guy Fawkes si kruttsamansverjing i 1605. Dei andre terrorhendingane som er forklart over fleire oppslag er terrorangrepa som føregjekk 22. juli 2011 i Noreg, 11. september 2001 i USA, terroraksjonen under München-OL i 1972, terroraksjonane utført av Røde Arméfraksjon (RAF) og fleire ulike terrorhendingar i Nord-Irland, Baskerland og Tsjetsjenia.

Dei to terrorangrepa som er via mest plass i boka, er terrorangrepet i Noreg 22. juli

2011 og angrepet mot tvillingtårna 11. september 2001. Dette er to terrorangrep som har prega nordmenn og nordmenn sitt syn på terrorisme dei siste åra, og kan vere terrorangrep barn har høyrt om frå før og dermed kan den nye kunnskapen byggje på tidlegare kunnskap. Begge terrorangrepa er skildra over omlag 12 sider der Skjønsberg går gjennom kva som var bakgrunnen for angrepa, kvifor terroristen eller terroristane som sto bak gjorde det, kva diskusjonar som har oppstått i ettertid, kva følgjer det fekk (som til dømes at 9/11 førte til at USA gjekk til krig mot Afghanistan og Irak) og korleis terrorangrepet vart møtt av folk flest (som at 22. juli-angrepa vart møtt med rosetog). Det er også personlege historier frå enkeltmenneske som vart råka av desse to terrorangrepa, som til dømes Prablen Kaur som overlevde Utøya-terroren. Terroristane som sto bak 9/11, særleg Muhammad Atta, og Anders Behring Breivik er også skildra, og det er forsøkt å forklare kva som var motivasjonen deira for å ty til terrorisme.

I kapittel 2.1.5.3 skrev eg at Sitter (2017) deler inn terrorismen i ulike former ut frå motivasjonen eller ideologien til terroristane; anarkistisk og venstreradikal terrorisme; nasjonalistisk terrorisme; høgreekstrem terrorisme og religiøs terrorisme. Skjønsberg dekker fire av desse formene for terrorisme, men nyttar ei anna inndeling. I kapittelet «Den farlige ensomme mannen» skriv Skjønsberg om einsame terroristar, slik som Anders Behring Breivik og Timothy McVeigh, som begge var motivert av ein form for høgreekstrem ideologi. Kapittelet «Terror i Allahs navn» handlar om terrorisme utført av ekstreme muslimar. Venstreradikal terrorisme er omtala i kapittelet «Terror i Tyskland» som tek føre seg terrorhandlingar utført i perioden 1960 til 1980 av mellom anna RAF. Nasjonalistisk terrorisme er tema i kapittelet «Når drømmen om et eget land blir til terror» som handlar om folkegrupper som bruker terrorisme fordi dei vil påverke landegrenser, særleg i Nord-Irland, Baskerland og Tsjetsjenia. Dermed er alle fire formene for terrorisme som Sitter deler inn terrorismen i, skildra i *Terror*.

I dei delane av teksten der det går an å trekke inn historier frå Noreg, gjer Skjønsberg det. I kapittelet om terror i Tyskland, står det at då israelerane var ute etter å hemne Svart November si terrorhandling under Munchen-OL i 1972 som drap 11 israelske idrettsutøvarar, endte dei med å drepe ein heilt uskyldig norsk mann på Lillehammer, Ahmed Bouchik. I kapittelet om islamistisk terrorisme er det eit underkapittel om nordmenn som har reist til utlandet for å slutte seg til terrorgrupper der, og i ein tekst i same kapittel står det om IS at: Teksten om IS: «IS sprer frykt over store deler av verden – men også beundring. Mange tusen unge fra europeiske land har sluttet seg til dem. Over 70 nordmenn har dratt til Syria for å

slåss sammen med IS» (Skjønsberg, 2015, s. 46). Når boka viser til norsk kontekst eller norske historier der det er mogleg, skaper ein nærliek til fagstoffet.

Utover at det står at boka skal dekke dei mest kjente terrorhandlingane, vert det ikkje kommentert korleis akkurat desse terrorangrepa og terrorgruppene er vald ut. Dei tolv terrorangrepa som er dekka i denne boka er alle frå Europa og Nord-Amerika, men nokre sider i kapittelet «Terrorisme i Allahs navn» handlar om terroråtak i muslimske land. I underkapittelet «Terror i muslimske land - flere ofre, mindre oppstuss» står det at terrorangrep utanfor vesten får mykje mindre merksemd enn dei angrepa som føregår i Europa og Nord-Amerika. Det vert problematisert at media ikkje verkar å bry seg med terrorangrepa i til dømes Pakistan og Afghanistan, til tross for at desse terrorangrepa krev flest ofre på verdsbasis. «Er et liv i Afghanistan mindre verdt enn et liv i Europa og USA?» spør Skjønsberg (2015, s. 52). Det vert derimot ikkje kommentert at dette også gjeld *Terror*, sidan det i denne 100 sider lange boka berre er omlag to sider og eit bilete som handlar terrorismen i muslimske land.

4.2.2.2 Definisjon på terrorisme

Skjønsberg definerer terrorisme i kapittelet «Hva er terrorisme?». Kapittelet byrjar med at Skjønsberg tek føre seg nokre kjende folkemord, holocaust og folkemorda i Kambodsja og Rwanda, og skriv at desse grusame handlingane *ikkje* vert sett på som terrorisme, men derimot brotsverk mot menneskeslekta. Det å bruke andre valdshandlingar, slik som folkemorda mot jødane og i Rwanda og Kambodsja, til å forklare kva terrorisme *ikkje* er, kan gjøre det lettare for ein barnelesar å skilje mellom terrorisme og andre former for vald eller kamp – og dermed betre forstå kva terrorisme faktisk er. Vidare skriv Skjønsberg (2015, s. 12) at «([t]errorisme blir det først når noen som ikke har makten, dreper eller prøver å drepe mange mennesker». Motivasjonen til dei som utfører terror er ifølgje Skjønsberg at «de hater dem som bestemmer i landet deres,[...] tilhører en folkegruppe som blir dårlig behandlet [eller] slåss for en bestemt religiøs tro» (s. 12). På same side står det at måten terroristar vil fremme måla sine er ved å drepe tilfeldige, uskyldige menneske: «[d]eg og meg, med andre ord» (Skjønsberg, 2015, s. 12). Kjernen i terrorisme er å skape frykt og å gjøre folk redde, skriv Skjønsberg. Gjennom dette tre sider lange kapittelet tek Skjønsberg føre seg alle dei fem identifikasjonsmarkørane som Sitter (2017) har funne som vanlege i definisjonar på terrorisme (sjå kapittel 2.1.1). Fyrst vert det etablert at terrorisme skal innehalde bruk av vald og vere utført av ikkje-statlege aktørar. Vidare står det om ulike former for politisk motivasjon terroristane kan ha. Det kjem også fram at terroristar vil fremme måla sine ved å

drepe uskuldige, altså handlar det om å skape frykt og kommunikasjon, heller enn å drepe spesifikke ofre.

4.2.2.3 Terrorisme og religion

At religion er ein faktor som har motivert til terrorisme, tek denne boka opp i større grad enn dei andre tre. Religiøs tru er nemnt som ei årsak til stort sett alle terrorangrepa som er med i boka. Anten er religion ei hovudårsak til terrorisme, slik som døma i kapittelet «Terror i Allahs navn» eller medverkande årsak, til dømes står det at dei muslimske tsjetsjenerane ikkje vil underrette seg Russland. Religion er også nemnt som ei medverkande årsak til kvifor konflikten i oppstod Nord-Irland: «[m]ange hatet de engelske herrene, og religionen gjorde hatet sterkere. For mens de fleste briter var protestanter, var irene ivrige katolikker» (Skjønsberg, 2015, s. 77). Det er særleg islam som vert framstilt som ein religion som er tett kopla til religiøs terrorisme.

I kapittel 2.1.7.2 tek eg føre meg framstillinga av islam og muslimar i vestleg media. Said (1997, s. 32) meiner at ei i utgangspunktet svært stor og mangfaldig gruppe av muslimar verda over, vert redusert til ei svært lita gruppe av religiøse fundamentalistar i framstillingar i vestleg media, og at desse generaliseringane aldri er meir tydelege enn når ein skal vise samanhengen mellom islam og terrorisme. I kapittelet viser eg også til ei undersøking som syner at nordmenn sine haldningar til muslimar vert påverka av islamistisk terrorisme, og at omlag 35 % av befolkninga har fordommar mot muslimar. I *Terror* vert forhaldet mellom terrorisme og islam teke opp ved fleire høve, både i kapittelet «Terror i Allahs navn» og i resten av boka. Det vert også teke opp at mange i Noreg har fordommar mot muslimar. I ein tekst om Anders Behring Breivik med overskrifta «Hvorfor gjorde terroristen det?» står det at økt innvandring og frykta for at muslimane vil ta over Europa er ei av årsakene til terrorangrepet. Skjønsberg skriv at: «[m]ange nordmenn er redde for islam og muslimer. De mener islam er en brutal religion» (2015, s. 23). Ein av grunnane til at mange meiner Islam er ein brutal religion, hevdar Skjønsberg, er at dei kan finne grusame sitat frå Koranen som til dømes «[d]rep de vantro hvis du finner dem» (s. 23). Men det finst også vakre, fredlege sitat frå Koranen, skriv Skjønsberg og siterer nokre av dei meir fredelege sitata om å respektere og tilgje sine medmenneske. For å vise at Bibelen også inneheld grusame forteljingar, er neste avsnitt ei forteljinga om då Gud sendte ein dødsengel for å drepe alle egyptiske gutebarn under to år. Det neste avsnittet handlar om at kristne har utført nokre av dei verste «grusomhetene» i historia, før Skjønsberg (s. 24) skriv:

Likevel har de fleste terrorangrep i den moderne verden vært begått av folk som kaller seg muslimer. Men det finnes cirka 1,5 milliarder muslimer. De fleste er fredelige og gode folk. Man kan ikke dømme alle dem fordi noen er terrorister.

Det er mange døme på liknande formuleringar, der det fyrst står noko om koplinga mellom islam og terrorisme, og så i neste setning er dette forsøkt nyansert med at dette ikkje gjeld alle muslimar – eller omvendt, slik som her: «[s]elv om de aller fleste muslimer er fredelige og gode mennesker, har mye av terroren i verden i dag utgangspunkt i muslimske land og muslimske miljøer» (s. 31). I kapittel 2.1.7.2 skreiv eg at det er ei utfordring for dei som skal skrive om terrorisme utan å bygge opp om stereotypiske haldningar til islam. Dette fordi ein ikkje kjem utanom samanhengen mellom terrorisme og islam i den terrorismen som dominerer trusselbildet i dag, i den fjerde terrorbølgja (Rapoport, 2004). Denne utfordringa skapar eit dilemma, som Skjønsberg prøver å løyse gjennom ulike formuleringar. Han poengterer som vist ovanfor at dei aller fleste muslimar *ikkje* driv med terrorisme, og han skriv at dei fleste ofra også er muslimar:

“De fleste terrorister er muslimer,” sier mange. De har rett. I 2014 ble det registrert 246 terrorangrep ulike steder i verden. Bare rundt tolv ble utført av mennesker med en annen tro. Men, som vi sier: Også de fleste ofrene er muslimer. (Skjønsberg, 2015, s. 54)

Det at muslimar også er ofre for terrorisme, og ikkje berre i muslimske land, men også i Vesten, er det mykje fokus på i boka. Om terrorismen utført av islamistar på undergrunnsbanen i London 2015, står det at «[d]et var ikke morsomt å være muslim i Storbritannia i tiden etterpå» (s. 50) då muslimar vart utsett for hatefulle ytringar og moskear utsett for hærverk fram til fleire muslimske leiarar gjekk ut og fordømte angrepa. I underkapittelet om angrepet mot satiremagasinet Charlie Hebdo i Paris i 2015 står det om eit anna muslimsk offer; «så skjøt terroristene en politimann utenfor – han var forresten muslim, som dem» (s. 51).

Det store fokuset på religiøs terrorisme er kanskje på grunn av at det er denne terrorbølgja som ifølgje Rapoport (2004) pregar verda i dag, og dermed blir fokuset på religion som årsak til terrorisme eit uttrykk for den tida vi lev i. Når terrorismen i dag i så stor grad er prega av religion, særleg ekstreme tolkingar av islam, ville det vore unaturleg å skrive ei bok i 2015 som ikkje tok føre seg denne forma for terrorisme. Dei ulike døma ovanfor syner at det likevel medfører utfordringar å ta opp sambandet mellom terrorisme og islam, og at det kan vere vanskeleg å skrive om denne koplinga utan å nytte omgrep og uttrykk som kan

byggje opp om stereotypiske haldningar, slik som når det i siste kapittel står at «vanlege muslimar» og «helt alminnelige nordmenn» deltok i same demonstrasjon – som om vanlege muslimar ikkje kan vere ein del av gruppa «helt alminnelige nordmenn».

Det er derimot mange ulike forsøk på å syne positive sider ved islam og muslimar, som må trekkjast fram som forsøk på å ufarleggjere denne religionen og dei som trur på den. Det å vise at muslimske tekstar har både grusame og vakre vers, akkurat som kristne tekstar, kan få den norske lesaren til å reflektere over den kristne trua og kvifor ein sjeldnare høyrer om dei mange grusame tekstane i Bibelen. Å fokusere på at dei fleste ofre for terrorisme er muslimar, kan få lesaren til å tenkje over kvifor ein oftare les om terroraksjonar med vestlege ofre. Boka avsluttast også med ei hending som set muslimar i eit positivt lys; demonstrasjonen i Oslo sommaren 2014. Demonstrasjonen vart initiert av unge muslimar og teksten er illustrert av eit biletet frå 2015 der medlemmar frå ulike trussamfunn laga eit menneskeskjold rundt synagogen i Oslo for å vise at dei sto saman på tvers av religion. Denne måten å avslutte boka på, med ei positiv framstilling, vil kanskje føre til at det er dette biletet av islam barnelesaren sit att med – og ikkje oppfatninga av at «vanlege nordmenn» er ei gruppe som ekskluderer muslimar.

4.4.3 Lesarkontakt

Den implisitte lesaren i *Terror* er direkte adressert gjennom at forteljaren skriv til eit «du». I andre kapittel står det «I denne boka får du lese om en del av de mest kjente terrorhandlingene. Du får høre om hva som skjedde, om menneskene som utførte dem og om ofrene deres» (Skjønsberg, 2015, s. 13). Nest siste kapittel har den same direkte adresseringa: «I denne boka har du lest om mange terrorhandlinger. Det er lite trolig at de vil bli markert om 400 år [...] Terror, og trusselen om terror, er blitt en av menneskehets mest alvorlige utfordringer» (s. 98). Det er også fleire døme på at forteljaren skriv om eit felles «vi»: «også i Norge har vi opplevd terror» (s. 13) og «Vi kan ha ulik tro, og vi kan kle oss forskjellig. Men når det gjelder, vet vi hva vi har og hva vi vil forsvare [...]» (s. 99). Denne måten å skrive på skaper eit fellesskap mellom forteljaren og den implisitte lesaren, som to personar med same haldningar og verdiar.

I *Terror* er det ei veksling mellom å fokusere på kva terrorisme er og kva slags fare det utgjer, og det å ufarleggjere situasjonen og roe lesaren. I innleiingskapittelet står det at terrorisme handlar om å skape frykt gjennom å drepe heilt tilfeldige og uskyldige menneske, som «[d]eg og meg» (s. 12). Vidare står det at historiene i boka kan gjere kven som helst redd og uroleg, men at terrorisme kan kjempast mot og at det er lite sannsynleg å bli utsett for

terrorisme:

Uansett må vi jo huske på at risikoen for å bli rammet er veldig liten. Du er vel ikke redd hver gang du går over veien, sykler eller sitter i en bil? Om lag 200 mennesker dør i trafikken i Norge hvert år. Faren for å dø i en trafikkulykke er mye større enn faren for å bli drept av en terrorist. I et vanlig år dør ingen nordmenn i terrorangrep.

(s. 13)

Her nyttar Skjønsberg eit av grepa som Raundalen og Schultz (2010) meiner fungerer når ein skal prate med barn om katastrofar (sjå kapittel 2.1.8), nemleg det å knyte frykta til noko som barn kjenner til frå før av, trafikken. Trafikken er mykje «farlegare» enn terrorisme, og likevel er vi jo ikkje redde kvar gong vi finn oss i trafikken, skriv Skjønsberg. Dermed får barn knyte den vanskelege frykta for det ukjende, terrorisme, til noko dei kjenner frå før av og som ikkje nødvendigvis opplevast som noko farleg.

Eit anna tips for å prate med barn er å fokusere på menneske som bryr seg og som prøver å gjere det dei kan for å hjelpe. Skjønsberg skriv på same side:

Men terror kan bekjempes. I Norge og i de fleste andre land er de som bestemmer, veldig opptatt av sikkerheten vår. Men kanskje er det enda viktigere at verden blir et bedre sted. Hvis unge mennesker får muligheter, jobber og føler seg akseptert, kan vi kanskje håpe på at de ikke blir terrorister? (2015, s. 13)

Her trekkjer Skjønsberg fram at dei som bestemmer i Noreg er opptekne av at «vi» skal vere sikre. Det står også at verda må bli ein betre stad, og kan hende kan dette oppmode barnelesaren til sjølv å bidra til dette? Raundalen og Schultz (2010) hevdar kunnskap om katastrofer kan bidra til trygghet og *handlekraft*, framfor frykt og resignasjon, og utdraget ovanfor meiner eg oppmodar til det same: ved å gjere det ein sjølv kan for å skape ei betre verd, kan barnelesaren bidra til å motarbeide terrorisme.

Historia som er valt som rammeforteljinga i boka er eit anna døme på at barnelesaren er teken omsyn til. Som nemnt handlar fyrste og siste kapittel om juli 2014 då det var auka terrorberedskap i Noreg. Fyrste oppslag i boka har ein illustrasjon som syner eit kart av Noreg dekka med finlandshetter, maskingevær, bomber og eksplosjonar over to menn og ei kvinne (sjå figur 11) og på høgre side opnar teksten med «[t]o alvorlige menn og en alvorlig kvinne kaller inn til pressekonferanse» (Skjønsberg, 2015, s. 9). Teksten handlar vidare om at PST

meiner det kan skje eit terrorangrep innan få dagar, og at det kan vere islamske krigarar som står bak. Det står at PST ikkje veit kva som er målet for terroren, men at væpna politifolk patruljerer på stader der mange folk samlast. Eit døme på ein stad der det er mange folk er fotballturneringa Norway Cup: «Mange blir redde. Norway Cup skal starte, med 1500 lag og 30 000 deltagere. 12 lag trekker seg» (s.10). Under tekstene er det eit bilet av ein syklande politimann, og i bakgrunnen kan ein sjå både barn og vaksne, og to politimenn på hest. Bildeteksten fortel at Norway Cup vart avvikla som normalt, men med høgare tryggleiksberedskap enn vanleg. Norway Cup er ein referanse dei fleste norske barn vil kjenne att, og gjennom tekst og bilet vert fagstoffet her knytt til noko barn kjenner frå før av, anten frå eigne erfaringar eller frå media eller vener.

Det å bruke auka terrortrussel mot Noreg som rammeforteljing, heller enn å vise til eit døme der Noreg har vorte råka av terrorisme, kan vere med å tryggje barnelesaren. Den auka terrortrusselen i juli 2014 er eit døme ein dramatisk situasjon som der alt gjekk bra, og dermed kan det å lese om dette skape eit slags håp hjå barnelesaren om at terrorisme kan motarbeidast og at ein auka terrortrussel ikkje treng å ende med blodbad.

4.4.4 Språk og språklege verkemiddel

Språket i *Terror* er enkelt å forstå, men framstillinga av personar og hendingar er detaljrikt skildra. Det er fleire døme på språklege bilete, til dømes står det om World Trade Center-tårna i USA etter terroråtaket: «De [tårnene] seg sammen som om de ikke orket mer» (Skjønsberg, 2015, s. 38). Framstillinga av einslege terroristar som «einsame ulvar», er og eit språkleg bilde, som gir inntrykk av ein person som tår utanfor flokken.

Det er mange språklege formuleringar som vekker lesaren sine kjensler, mellom anna blir historiene til offera for dei ulike terrorangrepa skildra, slik som 19 år gamle Oscar Abril Alegre som sat på toget som vart sprengt i Madrid-bombinga i 2004:

Han dro sammen med Jana, barndomsvenninnen han hadde truffet igjen og blitt kjæreste med. Oscar var en flink student, svært interessert i sport, god til å spille bordtennis. Han var ganske forfengelig, og veldig forelsket. Han døde. Jana ble skadet, men overlevde. (s. 48).

På same side står det om gravide Ana Isabel Perez som også var på toget, på veg til ein legetime: «Hun døde, barnet hun bar på skulle aldri få se dagens lys» (s. 48). Det å skildre personane som vart råka, og fortelje deira historie, skaper ein form for nærliek til offera, som

fører til at terrorismen verker meir grusam enn når ein berre les eit tal på kor mange som døydde. Terroren blir på mange måtar nærmare lesaren, fordi ein veit noko om ein av dei som vart råka. Dette kan vekke lesaren sine kjensler og skape patos. Teksten sikrar også logos og ethos gjennom at kvar terrorhending er detaljrikt framstilt og at forteljaren syner kor godt han kjenner saka ved å ofte vise fleire perspektiv og større samanhengar.

4.4.6 Visuell fagformidling

Denne boka skil seg frå dei andre tre i materialet ved å vere den einaste boka der det er ein illustratør som har laga illustrasjonar spesielt for boka, og Geir Moen sine illustrasjonar viser i *Terror* heilt andre situasjonar enn det fotografia gjer. Som i dei andre bøkene i materialet er det også mange ulike pressebilete. Analysen viser at illustrasjonane og fotografia formidler ulik kunnskap.

4.4.6.1 Terroraksjonar frå avstand og terroristar i fangeskap

Fem fotografi er fjernbilete av øydelagde bygningar eller transportmiddel som viser skadeomfanget av bomber som har sprengt og øydelagt eigedom, bilar, bussar og tog. Det er ingen ofre for terrorisme i desse biletta då fotografia er tekne på eit tidspunkt der alle ofre og eventuelle omkomne er redda ut. Dei einaste menneska ein kan sjå er politi og anna redningsmannskap.

Fotografia som viser pågåande terroraksjonar, er tekne på ein slik måte at det er vanskeleg å tolke situasjonen i bilda utan å lese bildeteksten, med to unntak. Begge desse biletta viser tvillingtårna, på det eine biletet ser ein flyet som flyr rett inn i det nordre tårnet, og på det andre bildet ser ein nesten ikkje tvillingtårna då dei er dekka av røyk, og det er kaotisk stemning der menneske spring til alle kantar. Dei andre biletta i boka som viser terroraksjonar medan dei pågår, er avstands- eller fjernbilete som ikkje formidlar det same kaoset.

Deltakarane i biletet er for langt unna til at ein kan sjå dei, og det er dermed ikkje mogleg å lese ansiktsuttrykka. Desse fotografia syner dramatiske situasjonar, men dramatikken får lesaren kjennskap til ved å lese biletteksten og/eller anna tekst i oppslaget. To døme som illustrerer dette er eit fotografi frå gisseldramaet som utspant seg under OL i München i 1972 av det ein bygning der ein mann står på ein balkong med ryggen til. Det er eit fjernbilde som ikkje viser kva som føregår inne i bygningen eller kven mannen er. Dette kunne i utgangspunktet vore eit bilet av ein mann som sto på balkongen sin, men biletteksten forklarer at det er noko heilt anna som føregår: «[e]n maskert terrorist på balkongen. Innenfor: fortvilte israelske gisler» (Skjønsberg, 2015, s. 62). Eit anna bilet som syner det same er i

kapittelet om Utøya. Dette er også eit fjernbilde syner deler av ein holme på Utøya, Tyrifjorden og tre fritidsbåtar. Utan å lese teksten får ein ingen kunnskap om dramatikken bildet viser, men bildeteksten seier at frivillige med båt redda mange liv 22. juli 2011 og teksten på oppslaget handlar om Prableen Kaur som rømmer frå Anders Behring Breivik: «[h]un ringte moren sin, sa at hun elsket henne, og at de kanskje aldri mer skulle få se hverandre igjen». Dramatikken i oppslaga kjem fram gjennom eit samspel mellom tekst og biletene.

Det er tre fotografier av terroristar der ein kan sjå ansikta deira tydeleg, og alle desse bildene er av terroristane etter dei er tekne til fange. Eit halvnært biletet viser den amerikanske terroristen Timothy McVeigh i oransje fangedrakt mellom tre menn i FBI-uniform. Eit avstandsbilete viser Anders Behring Breivik i rettsalen mellom juristar og politifolk. Eit nærbilde viser tyske Andreas Baader «på vei til cellen sin etter en lang dag i retten» (s. 63). Ansikta og auga til alle tre terroristane er vendt vekk frå fotografen, det blir dermed ikkje etablert noko imaginær kontakt mellom dei som er avbilda og lesaren (Kress og van Leeuwen, 2006). Måten terroristane er fotografert på, på lang avstand, vend vekk frå sjåaren og i fangenskap, kan vere ein måte å vise barnelesaren at hovudoppgåva til storsamfunnet er å sikre tryggleiken til folk, og at sjølv om terrorhendingar skjer, vert mange planlagte aksjonar avverga (som rammeforteljinga viser) og dei som har gjennomført terroraksjonar vert hardt straffa.

Det som kjenneteiknar dei fleste fotografiene som er nytta i boka, er at dei i mindre grad skildrar dramatikk, redsel og frykt. Det mest dramatiske bildet er av forvirra menneske som rømmer vekk frå tvillingtårna i New York. Terroristane er avbilda «bak lås og slå» der dei ikkje kan skade nokon. Fleire billede viser åstader for terrorisme, men fotografiene er tekne når faren er forbi. Bilde av pågåande terroraksjonar er tekne frå slik avstand at ein må lese bildeteksten for å forstå kva som føregår. Ingen av bildene som er nytta viser blod, tårer eller fortvila ansiktsuttrykk. Kunnskapen om at det er svært farlege situasjonar som er fotografert, kjem fram gjennom eit samspel mellom fotografiene og bildeteksten. Nokre av orda og setningane som er brukte i bilettekstane viser korleis dramatikken kjem fram i teksten: «sprengt i filler», «sjokk, vantro og forvirring», «en av terroristene truer han med pistol» og «han hadde ikke lang tid igjen å leve». Analysen av bilde viser at kunnskapen om terrorisme som noko skummelt kjem fram gjennom eit samspel mellom biletene og teksten.


4.4.6.2 Dramatikk i illustrasjonane

Illustrasjonane til Geir Moen skil seg frå fotografia ved at det er meir dramatikk i desse teikningane, til dømes ved at terroristane er teikna med ansiktet og blikket vendt rett mot lesaren, ofte med aggressivt ansiktsuttrykk, sterke fargar og gjennom mange element som signaliserer fare eller død, som til dømes bomber og dødningehovud.

Illustrasjonen frå første oppslag i boka (figur 11) viser eit Noregskart som er dekka av daudinghovud, maskingæver, bomber og det som liknar på eksplosjonar. I framgrunnen ser ein tre personar som teksten fortel er justisministeren, sjefen for PST og nestsjefen i Politidirektoratet. Stilen på teikninga er stilistisk, og lite verkeleghetsnær.

I kapittel 2.2.6.5 viser eg til Ørjasæter (2017) som meiner fotografi signaliserer sanning i større grad enn illustrasjonar gjer. Dette kan vere fordi illustrasjonane ikkje treng å ha det faktiske objektet dei viser føre seg, slik som fotografiet må (Barthes, 2001).

Illustrasjonen av Noreg som vert angrip frå alle kantar, er når ein tenkjer over det svært ubehageleg, men den visuelle framstillinga skapar ikkje den same dramatikken som viss det var realistiske fotografi som syntet at terroristar var på veg. Som vist i kapittel 4.4.6.1 er det mindre dramatiske fotografi som er nytta i *Terror*, og dramatikken kjem i større grad fram i teksten. Illustrasjonane til syner også dramatiske situasjonar slik som rakettar som er på veg mot Noreg, terroristar med skumle ansiktsuttrykk som held opp våpen og eit blødande hjarte, utan å verke altfor skumle, fordi dei er nettopp illustrasjonar.



Figur 11: «Juli 2014» (Skjønsberg, 2015).

5. AVSLUTNING

5.1 Oppsummering av funn

Analysa av materiale syner at fagbøkene nyttar ei rekke verkemiddel for å gjere terrorisme til eit tema barn kan lære om. Det er både skilnadar og likskapar i fagbøkene i utvalet og organiseringa av kunnskap, lesarkontakt, forteljarstemme, språk og den visuelle fagformidlinga. Eg vil sjå på kva som er likt og ulik i framstillinga av terrorisme i kvar av bøkene i materialet. Eg vil kome med nokre avsluttande kommentarar til funna, og deretter reflektere over kva som kan vere interessant å forske på vidare når det kjem til framstillinga av terrorisme i fagbøker for born.

5.1.1 Framstillinga av terrorisme

Teorikapitlet presenterer ulike måtar å dele inn terrorisme på, mellom anna gjennom Rapoport sin teori om fire terrorbølgjer, Nordenhaug og Engene som skil mellom statsterrorisme og opprørsterrorisme og Sitter si inndeling i anarkistisk og venstreradikal terrorisme, nasjonalistisk terrorisme, høgreekstrem terrorisme og religiøs terrorisme. Analysen viser at materialet brukar liknande inndelingar som utgangspunkt. *Terrorisme* (2003), *Terrorisme* (2008) og *Terror* (2015) skriv alle om nasjonalistisk og religiøs terrorisme. I *Terrorisme* (2003) og *Terror* er desse formene for terrorisme tilpassa ein barneleser gjennom eit enklare språk. *Terrorisme* (2003) og *Terror* kallar kapitla om nasjonalistisk terrorisme «Hvordan kjempe for folket» og «Når drømmen om eget land blir til terror». *Terrorisme* (2008) skildrar nasjonalistisk terrorisme som «grupper som kjemper mot forskjellige former for fremmedstyre og okkupasjon». Religiøs terrorisme kallast «Hellig krig» (*Terrorisme*, 2003), «terrorisme inspirert av en ekstrem tolkning av islam» (*Terrorisme*, 2008) og «Terror i Allahs navn» (*Terror*). Dette viser at den språklege tilpasninga til barnelesaren er ulik i materialet.

Terrorisme er eit vanskeleg omgrep å definere, og noko som illustrerer dette er at i USA klarar ikkje FBI, CIA, forsvarsdepartementet og justisdepartementet å bli samde om ein felles definisjon. Sitter (2017) har funne fem fellesnemnarar som går att i innverknadsrike definisjonar av terrorisme: bruk eller trugslar om bruk av vald, politisk motivasjon, frykt for gjentaking, at formålet er kommunikasjon og at terrorisme er utført av ikkje-statlege aktørar. Analysen av materialet viser at alle bøkene definerer terrorisme ved å vise til i alle fall tre av identifikasjonsmarkørane, og det er at terrorisme inneberer bruk av vald, politisk motivasjon og at valdshandlinga skal kommunisere ein bodskap. I *Terrorisme* (2008) og *Det var en gang*

en sommer er terrorisme definert ut frå desse tre markørane. *Terrorisme* (2003) og *Terror* tek også opp frykta for gjentaking som eit aspekt ved terrorisme, og *Terror* definerer også terrorisme som utført av ikkje-statlege aktørar eller «ikke statsledere, ikke statsministre eller presidenter» som det står i boka.

Kva som faktisk inngår i terrorismeomgrepet og ikkje, er ulikt i kvar av bøkene basert på definisjonen i den enkelte boka. Analysen viser at det ikkje alltid er samsvar mellom det bøkene definerer som terrorisme, og det bøkene tek opp, noko som kan skape forvirring. *Terrorisme* (2008) definerer all vald mot sivile som terrorisme, og bruker eit heilt kapittel til å skildre terrortaktikk i krigstid. Her er det samsvar mellom definisjon og det boka tek opp, men denne vide definisjonen kan likevel gjøre det vanskeleg for lesaren å kategorisere kunnskapen om terrorisme, for kva er eigentleg skilnaden mellom krig og terrorangrep då? *Terrorisme* (2003) definerer terrorisme som bruk av vald for å oppnå det ein ønskjer, men kapittelet om øko-terrorisme handlar om grupper som ikkje nyttar seg av vald, til dømes ei gruppe som frigjer dyr frå laboratorium.

Analysen viser at kompleksiteten kring temaet terrorisme kjem fram på ulik måte i materialet, mellom anna gjennom ulikt språk og ved å bruke forteljarstemma ulikt. *Terrorisme* (2003) dannar eit samansett bilet av kor mange ulike motivasjonsgrunnlag terroristar kan ha for å utføre terrorisme, men gir lite grunnlag for å forstå kompleksiteten i kvart terrorangrep og i verda generelt. Språket i *Terrorisme* (2003) gir lite rom for undring og refleksjon, men viser reine fakta frå ekspertar. *Terrorisme* (2008) gir eit meir samansett bilet av korleis terrorisme oppstår og kva følgjer terrorisme har – både for dei som er direkte og indirekte berørt av terrorhendingar. Boka *Terrorisme* (2008) viser gjennom ei nøytral forteljarstemme ulike sider ved kvar sak boka tek opp. *Terror* tek føre seg få terrorangrep dersom ein samanliknar med *Terrorisme* (2003), men boka forklarer terrorangrepa og -gruppene på ein grundigare måte, mellom anna ved å vise den historiske konteksten kring angrep og å skildre terrorangrepa og -ofra. Eit meir beskrivande språk er nytta i *Terror*, og ei forteljarstemme som formidlar kunnskap og haldningars. *Det var en gang en sommer* gir innsikt i berre éit terrorangrep, og tek føre seg handlingane på Utøya 22. juli 2011 gjennom å nytte barn sine opplevingar frå terroråtaket.

5.1.2 Framstillinga av terroristar

Terrorist er ein merkelapp dei færraste vil nytte om seg sjølv. Det å kalle nokon terrorist er alltid subjektivt. Hoffman (2006) meiner at dei færraste terrorister kaller seg terroristar, for dei meiner dei kjemper ein nødvendig kamp. Det finnes mange stereotypier kring terroristar,

som at dei er gale, onde og lågt utdanna menneske som hater demokrati og fridom. Er det fordi det er enklare å skrive at terroristar er gale, enn å prøve å skape ei forståing og analysere kvifor dei gjer som dei gjer?

Framstillinga av terroristar i materialet gir eit meir nyanserte bildet av kven terroristane er, enn dei stereotypiske framstillingane som Hoffman meiner er vanlege når ein skriv om terroristar. *Terrorisme* (2003), *Terrorisme* (2008) og *Terror* (2015) skaper alle eit samansatt bilet av terroristen: han/ho kan vere både rik, høgt utdanna, einsam, sint og ha svært ulik motivasjonen. Terroristen vert fyrst og fremst framstilt som ein som ikkje har noko anna val enn å ty til terrorisme, og særleg *Terrorisme* (2008) tek opp dette.

Terrorisme (2008) skriv at ut frå definisjonen boka nyttar, var det terrorisme den norske motstandsrørsla utførte mot sivile tyske mål under andre verdskrig. Den norske motstandsrørsla er sett på som heltar i Noreg, og det å forklare handlingane deira som terrorisme, kan rokke ved oppfatninga til nordmenn av kva og kven vi definerer som terrorisme og terroristar. Boka samanliknar norske motstandsgrupper under krigen med grupper som i dag ser på seg sjølve som okkuperte av stormakter, som til dømes Kashmir i India. Ved å samanlikne desse tilfella spør boka om kvifor ikkje gruppene i Kashmir kan ty til terrorisme, når det verkar som det er den einaste måten dei kan kome seg ut av okkupasjonen på? Nordmenn flest vil ikkje definere motstandsrørsla under andre verdskrig som terroristar, sjølv om handlingane deira gjekk ut over sivile. Ved å samanlikne historiske hendingar frå Noreg med situasjonen i andre land i dag, går boka langt i eit forsøk på å skape djupare forståing kring kva ein terrorist er.

Det var en gang en sommer er den boka som i størst grad framstiller terroristen på ein stereotypisk måte. Anders Behring Breivik vert framstilt som ein stakkarsleg person og skildra som einsam, mislukka i relasjonar og arbeid og svært verkelegheitsfjern. Det kjem òg fram i teksten at Breivik ikkje er åleine om alle meiningsane sine, men at det finst folk som er samde med han. Likevel er det framstillinga av Breivik som ein som lever i ei anna verkeleigheit enn oss, både formidla gjennom tekst og bilet, som er sterkest i boka. Det kan vere at terroristen “må” skildrast på denne måten i boka som tek opp eit terroråtak som er såpass nært den norske lesaren? Breivik vert i alle fall ein meir ufarleg person gjennom denne framstillinga, noko som kan tryggje barnelesaren, sjølv om det er ei stereotypisk framstilling av ein psykisk sjuk terrorist.

I følgje Rapoport (2004) er vi no i den fjerde terrorbølgja, ei terrorbølgje særleg prega av religion som har vart sidan omkring 1980. Den religionen som særleg pregar terrorbølgja,

er islam. Ifølgje Said (1997) eksisterer det i Vesten eit snevert bilete av islam som einsbetydande med fundamentalistisk islam. HL-senteret syner at omkring 34 % av befolkninga i Noreg har utprega fordommar mot muslimar (2017). Koplinga mellom islam og terrorisme er ei utfordring for den som skal formidle kunnskap om terrorisme til born. Ein kan vanskeleg unngå å framstille islamistisk terrorisme, men korleis unngår ein at barn adopterer førestillinga om islam som tett kopla til terrorisme og terrorisme som tett kopla til islam? I *Terror* problematiserer forfatteren at mange nordmenn er skeptiske til islam og forsøker å bygge ned fordommar ved å mellom anna vise korleis Bibelen og Koranen både har vakre og grusame vers. Likevel hamnar boka i ein uheldig posisjon ved å forsterke eit syn på «oss og dei», gjennom formuleringar som skil mellom vanlege muslimar og alminnelege nordmenn. *Terrorisme* (2003) har eit konstanterande språk og få nyansar, men framstiller religiøs terrorisme på ein meir nyansert og kritisk måte enn *Terror*. Kapittelet om religiøs terrorisme i *Terrorisme* (2003) formidlar kunnskap om terrorisme med utgangspunkt i både kristne og muslimske grupper over eit oppslag med tittelen «Hellig krig». Her er kristen og muslimsk ekstremisme formidla som like farleg.

5.1.3 Bilete og tekst avløysar kvarandre

Analysen viser at alle bøkene i materialet nytta eit samspel mellom tekst og bilet for å få fram kunnskapen om terrorisme. Det er stor skilnad på dei to norske og dei to engelske bøkene i korleis desse samspelsfunksjonane er. Som synt i analysa av *Terrorisme* (2003) og *Terrorisme* (2008) nytta desse bøkene eit leksikalsk språk som i mindre grad appelerer til lesaren sin patos. Det er tredjepersonforteljar i begge bøkene og få døme på at lesaren vert adressert direkte. I desse tekstane er det biletta som appellerer til lesaren sine kjensler. Biletta syner ofre for vald og øydelagte hus med menneske menneske som lir. I begge bøkene er det fotografi som viser det som antakeleg er døyde kropper som ligg på båre. I *Terrorisme* (2003) er det to biletta som framstår som krav til lesaren, og begge biletta syner unge barn. Det eine bildet viser ei jente som gret medan ho ser rett på sjåaren. Fargebruken i *Terrorisme* (2003) skaper signal om fare. Biletta i *Terrorisme* (2003) og *Terrorisme* (2008) syner kor forferdeleg terrorismen er. Teksten viser derimot lite dramatikk og kjensler, og dermed blir kunnskapen om terrorisme som farleg hovudsakleg formidla gjennom biletta.

I *Det var en gang en sommer* og *Terror* er forteljarstemma i større grad ein personleg forteljar, som kommuniserer med ein implisitt leser som forteljaren addreserer direkte som eit «du». Språket er meir skildrande og teksten inviterer lesaren til å bli kjent med ofre for terrorisme. Teksten fortel historiene til menneske som har døydd i terrorangrep, og dette

appellerer til lesaren sine kjensler, patos. Det er i all hovudsak teksten som er brukt for å skape ein kjenslemessig appell, medan bileta illustrerer denne teksten. I *Det var en gang en sommer* er det fleire fotografi som ikkje gir assosiasjonar til terrorisme, men som kan gi positive assosiasjonar, som til dømes bilet av blomar (sjå figur 9). I *Terror* syner fotografia mindre dramatikk ved at bileta av terrorhendingar anten er tekne etter terrorangrepa er overstått eller ved at bileta er fjernbilde der ein ikkje kan forstå kva som føregår utan å lese bildeteksten. I bileta som viser terroristar, ser ikkje terroristane i kamera, men er vendt bort frå oss som sjåarar. Terroristane er allereie i fangenskap. Illustrasjonane i *Terror* skapar meir dramatikk, men desse formidlar i mindre grad sanning enn det fotografi gjer (Ørjasæter, 2017) og det er på denne måten ikkje for dramatiske framstillingar. I *Det var en gang en sommer* er Breivik framstilt gjennom ei teikning, ikkje i eit fotografi. Dette kan vere for å skape avstand til terroristen. Han blir både i teksten og gjennom bildet framstilt som en person som ikkje hører til «vår» verkelegheit. Som vist er det altså teksten i *Det var en gang en sommer* og *Terror* som formidlar kunnskap om terrorisme som noko grusomt.

Det at bilet og tekst avløyser kvarandre, og ikkje viser terrorisme som noko grusamt og dramatisk både gjennom bilde og tekst, men anten i bileta eller i teksten, kan gjere denne i utgangspunktet skumle tematikken handterbar for lesaren. Kunnskapen om terrorisme – både som noko farleg og dramatisk og som noko det går an å forhalde seg til - kjem fram i eit samspel mellom modalitetane; der bileta viser dramatikk, er språket mindre nært. Der teksten føles nær og personleg, viser bileta noko meir ufarleg.

5.2 Avslutning

Innleiinga i denne oppgåva viste at terrorisme er ein dagsaktuell problematikk som skaper overskrifter og diskusjonar. Terrorismen er eit tema som det er ulike meininger om mellom vaksne slik det er med mange samfunnsvitskaplege emne. Dette kan vere ein av grunnane til at samfunnsfagleg tematikk er mindre vanleg å skrive om i fagbøker for barn, enn mange andre tema. Fagbøkene i materialet for denne oppgåva viser derimot at det ikkje treng å vere så vanskeleg å skrive om samfunnsfagleg tematikk, men at ein ikkje kan forvente å få fullstendig oversikt berre gjennom lesing av éi bok. Samfunnsfaglege tema er prega nettopp av at meiningsane og perspektiva kan vere ulike frå den eine til den andre, og det er ikkje farleg om barn lærer at ikkje alle spørsmål har fasitsvar.

Terrorisme er ein del av kvardagen vår – og dette får barn med seg. Dei fortener å få desse problematikkane forklart på ein måte som dei forstår. At det er utfordringar knytt til

formidlinga av kunnskap om terrorisme, som til dømes at det er vanskeleg å definere, finst myter kring kven terroristane er og er eit tema med mange farlege stereotypar til, gjer berre behovet for god kunnskapsformidling omkring tematikken større.

Eit vanskeleg tema er gjerne eit viktig tema, og då må ein fortsette å skrive om det. Norske barn er ei mangfaldig målgruppe, og ein måte å skrive inkluderande på kan vere å prøve å unngå bruken av «vanleg» og dermed anta at nokon er «uvanlege nordmenn». I samfunnsvitskapen vil presentasjon av eige ståstad kunne vere like relevant som å freiste å skrive objektivt om terrorisme.

I kapittel 1.3 viste eg til Kidd si forsking, som fann ut at framstillingar av 11. september i amerikanske fagbøker for barn ikkje forklarte dei komplekse samanhengane kring angrepa, men insisterte på ein traumatisert lesar. Kidd meinte USA vart framstilt som eit uskyldig offer, og at lesaren ikkje fekk djupare innsikt av bøkene.

Bøkene i materialet for denne oppgåva insisterer ikkje på ein *traumatisert* lesar, men *Det var en gang en sommer*, boka som behandler vårt nasjonale traume, 22. juli 2011, er den som i størst grad søker å tryggje lesaren. Tryggjinga av lesaren føregår ved å forsikre om at Breivik er «sperra inne for godt», og gjennom å nærmest framstille Breivik som i ei anna verd enn vår. Denne boka tek i stor grad omsyn til at det er ei potensiell traumatisk hending for den som les, og går dermed langt i å framstille Breivik som ein «vi ikkje treng å bekymre oss for». Breivik er sperra inne for godt, og har kanskje «tankesjukdommar» (Kvalshaug, 2013), men mange deler meiningane hans, og det kan det vere farleg å gløyme.

Bøkene i materialet går inn i svært komplekse tematikkar og syner fleire perspektiv – dette er gjort på ulike måtar, og i ulik grad tilpassa ein 10-12-åring sine forkunnskapar, men djupare innsikt søker bøkene i alle fall. Alle dei fire bøkene medverker på ulik måte og i ulik grad til auka forståing om terrorisme.

Analysen av materialet viser at ein kan skrive om terrorisme for barn utan å skape frykt, mellom anna ved å bruke eit tolkande samspel mellom bilet og tekst. «Kunnskap kan bidra til trygghet og handlekraft, framfor frykt og resignasjon» (Raundalen og Schultz, 2010, s. 1). Sagt på ein annan måte, alt kan seiast viss det blir sagt på ein måte som er tilpassa barnet.

5.3 Vegen vidare

Terrorisme i fagbøker for barn er eit lite utforska emne, og det er fleire element som kunne vore interessant å undersøke meir. Denne oppgåva diskuterer framstillinga av terrorisme i fagbøkene, både i verbaltekst og biletet. Det var likevel mykje som vart unnlete på grunn av masteroppgåva sitt omfang, og eit større prosjekt kunne sagt meir om den visuelle framstillinga, paratekstane og ha samanlikna framstillingane av same terrorangrep i fleire ulike bøker.

Å undersøkje *Det var en gang en sommer* i lys av forskinga til Kidd (2005), som meinte 11. september var «uheldig» behandla i amerikanske fagbøker for born, gjorde meg nysgjerrig på korleis andre land sine nasjonale traume er framstilt i fagbøker for born. Finst det til dømes fagbøker for born om konflikten i Nord-Irland? Det kunne vore interessant å samanlikne framstillingar av terrorhendingar frå ulike land i fagbøker for barn.

6. LITTERATUR

Primærlitteratur

- Hibbert, A. (2002). *Terrorism*. London: Franklin Watts.
- Hibbert, A. (2003). *Terrorisme*. Risør: Esstess-forlag.
- Kvalshaug, V. (2013). *Det var en gang en sommer*. Oslo: Gyldendal.
- Skjønsberg, H. (2015). *Terror*. Oslo: Cappelen Damm.
- Smith, D. (2007). *Terrorism*. London: Wayland.
- Smith, D. (2008). *Terrorisme*. Oslo: Libretto forlag.

Sekundærlitteratur

- Barthes, R. (1994). Bildets retorikk (s. 22-35). I *I tegnets tid*. Oslo: Pax Forlag.
- Barthes, R. (2001). Det lyse rommet : tanker om fotografiet. Oslo: Pax Forlag.
- Berg, O.T. (2015) Samfunnsvitenskap. I *Store norske leksikon*. Henta fra
<https://snl.no/samfunnsvitenskap>
- Bergen Offentlige Bibliotek. (utan årstal). *Terrorisme*. Henta fra
<https://mitt.bergenbibliotek.no/cgi-bin/websok?tnr=210934>
- Birkeland, T. og Mjør, I. (2012). Kapittel 7 Fagbøker for barn (s. 115-132). *Barnelitteratur - sjangrar og tekstypar*. (3. utgåve, 2. opplag 2013). Oslo: Cappelen Damm.
- Birkeland, T., Risa, G. & Vold, K.B. (2018). Fagboka – sakprosa for barn og unge. I *Norsk barnelitteraturhistorie* (3. utgåve). Oslo: Det norske samlaget.
- Bjorvand, A.M. (2014) Bildebøker. I Svein Slettan (red.) *Ungdomslitteratur* (s. 129-146). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Chambers, A. (1990). Den implisitte lesaren. (s. 23-38). I Birkeland, T. & Risa, G. (Red). *Litteratur for barn. Artiklar om barns bøker og lesing*. Oslo: J.W. Cappelens Forlag
- Coates, J. (2017, 28. mai). Write a letter to terrorists! Children told to ‘respect’ killers in new teaching aid. *Sunday Express*. Henta fra

<https://www.express.co.uk/news/uk/810115/school-children-told-respect-killers-teaching-aid-talking-about-terrorism>

Bokklubben. (utan årstal). *Terrorisme*. Henta fra <https://www.bokklubben.no/barn-og-ungdom-emne/terrorisme-david-smith/produkt.do?produktId=3051711>

Bush, G.W. (2002). *Text of President Bush's 2002 State of the Union Address* [tale]. Henta fra <http://www.washingtonpost.com/wp-srv/onpolitics/transcripts/sou012902.htm>

Dagbladet. (2018, 3. mars). Tidligere AUF-leder: - Skulle helst sett at de ventet med den. *Dagbladet*. Henta fra <https://www.dagbladet.no/kultur/tidligere-auf-leder---skulle-helst-sett-at-de-ventet-med-den/69573790>

Den norske forleggerforening. (2017). Bokmarkedet 2016. Henta fra https://forleggerforeningen.no//wp-content/uploads/2017/06/6_bransjestatistikk_2016.pdf

Economic Times. (2017, 28. mai). Write a letter to terrorists! Children told in new book. *The Economic Times*. Henta fra <https://economictimes.indiatimes.com/news/international/world-news/write-a-letter-to-terrorists-children-told-in-new-book/articleshow/58881282.cms>

Evans, J. (2015). *Challenging and Controversial Picturebooks: Creative and Critical Responses to visual texts*. Oxford: Routledge.

Gaasland, R. (1999). *Fortellerens hemmeligheter: innføring i litterær analyse*. Oslo: Universitetsforlaget.

Gjerdum, F., Kvae, S.B. (Produsentar) & Poppe, E. (Regissør). 2018. *Utøya*. Norge: Paradox Film 7.

Goga, N. (2009). Barnelitteraturens sakprosa. Forvaltning av form eller faglitterær forskning? I *Prosa* 04/09. Henta fra <http://2001-10.prosa.no/artikkel.asp?ID=517>

Grepstad, O. (1997). *Det litterære skattkammer: sakprosaens teori og retorikk*. Oslo: Samlaget.

Hallberg, K. (1982). Litteraturvetenskapen och bilderboksforskningen. *Tidskrift för Litteraturvetenskap*, 3-4, 163-168.

- HL-senteret. (2017). *Holdninger til jøder og muslimer i Norge i 2017*. Henta frå <http://www.hlsenteret.no/aktuelt/2017/resultater-holdningsundersokelse.html>
- Hoffman, B. (2006). *Inside Terrorism*. New York: Columbia University Press.
- Iversen, I.A. (2017, 6. oktober) Terror og horror. *Morgenbladet*. Henta frå <https://morgenbladet.no/aktuelt/2017/10/terror-og-horror>
- Jamieson, A. & Flint, J. (2017). *Talking About Terrorism*. Dunstable: Brilliant Publications Limited.
- Kidd, K. (2005). “A” is for Auschwitz: Psychoanalysis, Trauma Theory, and the “Children’s Literature of Atrocity”. *Children’s Literature*, 33, 120-149.
- Kunnskapsdepartementet. (2013). *Læreplan i samfunnsfag* (SAF1-03). Henta frå <http://data.udir.no/kl06/SAF1-03.pdf>
- Kress, G. (2003) *Literacy in the New media age*. London: Routledge.
- Kress, G. & van Leeuwen, T. (2006). *Reading Images The Grammar of Visual Design* (2. utgave). New York: Routledge.
- Lia, B., Berg, J.K., Leraand, D. & Stenersen, A. (2018). Terrorisme. I *Store norske leksikon*. Henta frå <https://snl.no/terrorisme>.
- Libretto forlag. (utan årstal). Samtidshistorie for ungdom. Henta frå <http://www.librettoforlag.no/Samtidshistorie-for-ungdom/>
- Løvland, A. (2012). Når barn leser fagbøker. I Bjørwand, A. og Seip Tønnesen, E. *Den andre leseopplæringa*. (2. utgave). Oslo: Universitetsforlaget.
- Mørch, V.T. (2016, 22. desember). Man kan snakke med barn om terror, og man bør absolutt snakke med dem om det når de spør. *Dagbladet*. Henta frå <https://www.dagbladet.no/kultur/man-kan-snakke-med-barn-om-terror-og-man-bor-absolutt-snakke-med-dem-om-det-nar-de-spor/66568368>
- Mørk, K. L. (2011). Terror i tvillingtårnene – dystopi og ironi? 9/11 i Darlah og En terrorist i senga. *Barnelitterært Forskningstidsskrift*, 2, 72-85, DOI: 10.3402/blft.v2i0.5839
- Nilsen, L. (2015, 15. november). Slik snakker du med barn om terror. *Bergensavisen*. Henta frå <https://www.ba.no/nyheter/terrorisme/utenriks/slik-snakker-du-med-barn-om-terror/s/5-8-195745>

Nordenhaug, I. & Engene, J.O. (2008). *Norge i kamp mot terrorisme*. Oslo:
Universitetsforlaget.

Norsk barnebokinstitutt. (2005). Juryens begrunnelser for bokåret 2004. Henta frå
<http://barnebokinstituttet.no/kulturdepartementets-priser/juryens-begrunnelser-for-bokaret-2004/>

Norsk barnebokinstitutt. (2015). *Statistikk over bokutgivelser for barn og unge i 2015*. Henta frå
<http://barnebokinstituttet.no/aktuelt/statistikk-over-bokutgivelser-for-barn-og-unge-i-2015/>

NTNU. (utan årstal). *ChilCa: Children and Catastrophes in Fictional Narratives*. Henta frå
<https://www.ntnu.no/ilu/chilca>

Pedersen, K.R. (2017, 27. juni). Erik Poppe lager underholdning av mitt livs mareritt. *NRK*.
Henta frå <https://www.nrk.no/ytring/utoya-overlevende-reagerer-sterkt-pa-at-det-lages-22.-juli-film-1.13577817>

PST. (2018). *Trusselvurdering 2018*. Henta frå <https://www.pst.no/alle-artikler/trusselvurderinger/trusselvurdering-2018/>

Raundalen, M. & Schultz, J.-H. (2010). *Veileder Hvordan snakke med barn om katastrofer – ressursmappe Det magiske klasserommet*. Henta frå
<https://www.reddbarna.no/document-file3557?pid=Native-ContentFile-File>

Rapoport, D. (2004). [2001]. The four waves of modern terrorism (46-68). I A.K Cronin & J. M. Ludes (Red.), *Attacking Terrorism*. Washington: Georgetown University Press.

Ryvind, S. (2008, 22. oktober). 10 år med faktabøker. *Aust-Agder Blad*. Henta frå
<https://www.austagderblad.no/lokale-nyheter/10-ar-med-faktaboker/s/1-39-3869969>

Said, E. W. (1997). *Covering Islam*. London: Vintage Books.

Skyggebjerg, A.K. (2011). Er fagbøger en del av barnelitteraturen? *Barnelitterært forskningstidsskrift*, 2, 101-113. doi: 10.3402/blft.v2i0.5836

Sitter, N. (2017). *Terrorismens historie*. Oslo: Dreyers forlag.

Sikkerhetsloven. Lov 20. mars 1998 nr. 10 om forebyggende sikkerhetstjeneste. Henta frå
https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-03-20-10#KAPITTEL_1

Schønhardt, A. & Berg, O.T. (2018). Anarkisme. I *Store norske leksikon*. Henta frå
<https://snl.no/anarkisme>

- Svaar, P. (2018). Listhaug har slettet Facebook-innlegg. *NRK*. Henta 3. april 2018 frå <https://www.nrk.no/norge/listhaug-sletter-omstridt-facebook-innlegg-1.13961460>
- Tønnessen, E. S. (2010). Tekstpraksis i bevegelse. I Tønnessen, E. S. (Red.), *Sammensatte tekster: barns tekstpraksis* (s. 10-23). Oslo: Universitetsforlaget.
- Tønnesson, J. L. (2012). *Hva er sakprosa*. (2. utgave). Oslo: Universitetsforlaget.
- Veum, E. (2017). Hva er terror? *NRK*. Henta frå <https://www.nrk.no/urix/hva-er-terror-1.13716804>
- Ørjasæter, K. (2017). *Lesekontrakter i faglitteratur for barn og unge*. Upublisert manuskript. Norsk barnebokinstitutt.